

**Konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse
Fusa kommune**

**Delrapport KDP Akvakultur i sjø
Fusa kommune**

Dato 06.12.2018



Plannamn: Kommunedelplan Akvakultur i sjø, Fusa kommune

Kommune: Fusa kommune

Planid:

Saksnr.:

Kommunens repr.: Terje Raunsgard
Helle Holte Bruland

Dokument: Delrapport: Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 201801200

Plankonsulent: ABO Plan & Arkitektur AS / ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Oppdragsansvarleg: Ola Klyve Dalland

Oppdragsleiar: Turid Verdal

Medarbeidarar: Karoline Eldøy, Berit Haga Vikanes

Tiltakshavar: Fusa kommune

Tiltakshavars repr.: Helle H. Bruland. Terje Raunsgard

Innhold

1	Innleiring	4
1.1	Skildring av planframlegget	4
2	Konsekvensutgreiing	6
3	Samla konsekvensar av planframlegget	8
3.1	Naturmangfald.....	8
3.2	Friluftsliv i sjø og strandsone	18
3.3	Landskap	20
3.4	Kulturminne.....	21
3.5	Sjøtransport og ressursar	21
3.6	Samfunnsverknad	26
3.7	Samsvar med overordna og regionale føringer.....	30
4	Konsekvensutgreiing - enkelt areal	32
4.1	Arealføremål akvakultur og kombinert arealføremål med akvakultur	32
4.1.1	Skiftesneset nord og sør	33
4.1.2	Lyngsnes	37
4.1.3	Skrubbo.....	40
4.1.4	Mjånes	44
4.1.5	Håvikvågen.....	48
4.1.6	Strandvik, Juvik	52
4.1.7	Skåholmen.....	56
4.1.8	Fusavika	60
4.1.9	Gjerdesfluvika	64
4.1.10	Djupedalen.....	68
4.1.11	Oterstegdalen	71
4.1.12	Altaneset.....	75
4.1.13	Matland	78
4.1.14	Børøy nord 1 og 2	81
4.2	Akvakulturareal som er teke ut av planen.....	86
4.3	Vidareføring av akvakulturareal	86
5	Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	87
5.1	Metode	87
5.2	Hendingar og risikoforhold	89

1 Innleiing

1.1 Skildring av planframlegget

I gjeldande kommuneplan er det avsett 21 arealflater til akvakultur i sjøområda, som utgjer om lag $7,4 \text{ km}^2$. Per oktober 2018 er det 13 godkjente akvakulturlokalitetar i sjø (matfisk/stamfisk), der dei fleste er i samsvar med kommuneplanen. Fem av lokalitetane har fått godkjent lokalitetsløyve og drift basert på dispensasjon frå arealstatus i kommuneplanen.

I planframlegget er alle dei 13 godkjente akvakulturlokalitetane regulert til arealføremål akvakultur. Areala rommar moglegheit for utvikling med omsyn til 1) endre anlegget frå stålbur til plastrin og 2) justering av dagens anlegg, og 3) utnytte dagens produksjonsløyve på lokaliteten (MTB). I tillegg til desse 13 areala er det vidareført frå gjeldande kommuneplan 5 areal der det ikkje er etablert akvakulturverksem i dag. Ut over desse areala er andre akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan tekne ut frå planframlegget. Det er slik gjort ei opprydding av arealføremåla til akvakultur i gjeldande kommuneplan, og i hovudsak lagt til rette for utvikling av eksisterande akvakulturlokalitetar. I forslag til ny kommunedelplan er det avsett totalt $5,8 \text{ km}^2$ til akvakulturføremål. Av desse kan $2,5 \text{ km}^2$ utnyttast (ref. maksimal utnyttingsgrad, BYA%), noko som er ein vesentleg reduksjon i areal samanlikna med gjeldande kommuneplan. Sjå Figur 1.

Areala som opnar for akvakulturverksem er avsett til føremåla; 1) einbruk akvakultur med krav om maksimal utnyttingsgrad (%BYA), og 2) kombinerte føremål med akvakultur. I teksten vidare er det ikkje differensiert mellom type arealføremål når dette er skilda. I tilgrensande område kring akvakulturreal er det avsett ei sikringssone der det er tillate å etablere fortøyningar og ankerfeste for akvakulturanlegg. I teksten vidare er denne omtala som *sikringssone*.


Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument, og vurderingane er vurdert opp mot dagens situasjon, 0-alternativet. Dagens situasjon, 0-alternativet, er definert som arealbruk fastsett i plan (kommuneplan eller reguleringsplan), samt tildelte løyve etter særlovvirk (akvakulturlova mfl.). Dei fleste plantema har avgrensa negative konsekvensar. Dette skuldast at størsteparten av areala er eksisterande og har fått mindre justeringar, samt at det ved endring av areal er søkt ei tilpassing til kjente arealverdiar.

1.1.1 Storleik på areal og teoretisk produksjonsvolum

Storleik på areal avsett til akvakultur gir teoretiske mogleheter for storleik på produksjonsvolum (MTB) innan det konkrete arealet. Dette påverkar også sjølvsagt sumverknaden og konsekvensutgreiing av planframlegget.

Som nemnt legg planen til rette for utvikling av eksisterande akvakulturlokalitetar og fjerning av ein del av dei *ubrukta* areala regulert til akvakulturføremål. Planen har redusert tal område avsett til akvakultur og storleik samla for heile kommunen i km^2 . Ved vurdering av arealstorleik for område knytt til eksisterande akvakulturanlegg er det teke utgangspunkt i dei aktuelle akvakulturlokalitetane sine løyve til MTB og at anlegga kan etablerast som opne merdsystem av plastrin (sjå planomtalen for fleire detaljar). Dette gir at det for ein del av lokalitetane er avsett større areal til akvakultur enn dagens kommuneplan opnar for.

For areala avsett til einbruk akvakultur er det sett krav om maksimal utnytting (%BYA). Bakgrunnen for ei slik avgrensing er å gi kommunen eit styringsreiskap for m.a. å oppnå Fusa kommune sitt vedtekne mål: *Fusa kommune skal forvalta naturressursar og areal på ein slik måte at vi tek omsyn til både naturen si tolleevne og til innbyggjarane og deira behov*. Eit anna moment som talar for eit slikt plangrep er at konsekvensutgreiingar skal vurdere konsekvensar av den maksimale utnyttinga eit planframlegg opnar for. Ut frå dette er det vurdert at potensiale for produksjonsvolum som planen opnar for utan krav om BYA%, i sum ville gitt uakseptable store negative konsekvensar for miljø og samfunn.



Figur 1. Oversikt endringar av akvakulturføremål i gjeldande og ny kommune(del)plan.

2 Konsekvensutgreiing

2.1 Metode

Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. All kartfesta informasjon er samanstilt med bruk av GIS-verktøy. Konsekvensutgreiinga for ny eller endra arealbruk tek utgangspunkt i dagens situasjon, 0-alternativet. Dagens situasjon, 0-alternativet, er definert som arealbruk fastsett i vedtekne planar (kommuneplan eller reguleringsplan), samt tildelte løyve etter særlovverk (akvakulturlova mfl.).

Det er nytta ein fem-delt skala i vurdering av enkeltareal og konsekvensar. Skalaen er nytta med glidande overgangar i vurderingar for å synleggjere når det ikkje er eintydig positiv eller negativ verknad;

negativ (--)	liten negativ (-)	ingen/ubetydeleg (0)	liten positiv (+)	positiv (++)
--------------	-------------------	----------------------	-------------------	--------------

Utgreilingstema	Deltema	Kunnskapsgrunnlag
Naturmangfold	Naturmangfold i sjø	Naturbase (naturtypar, artsførekomstar...) Artskart Laksregisteret MOM-undersøkingar Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK) Rapportar, m.a.: <ul style="list-style-type: none"> Effekter av forstyrrelser på fugl og pattedyr fra akvakulturanlegg i sjø – en litteraturstudie. 2015 Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter. 2016 Genetisk påvirkning av rømt oppdrettslaks på ville laksebestander – status 2017 Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2018
	Naturmangfold på landsida	
Friluftsliv i sjø og strandsone	Rekreasjonsbruk på land/ strandsona	Naturbase Turkart og www.ut.no Kartlegging av regionale friluftsområde Kommuneplan/reguleringsplanar med friområde/badestrand
	Rekreasjonsverdiar på sjø	
Landskap	Nærverknad	Kartlegging av landskapstypar i Hordaland (HFK)
	Fjernverknad	Flyfoto og grunnkart
	INON	INON-datasett
Kulturminne	Kulturminne i sjø	Askeladden Dykkepedia Potensiale for kulturminne i sjø (HFK. Regional kystsoneplan) Interkommunal strandsoneplan i Sunnhordland, temalag kulturminnerik strandsone
Sjøtransport og ressursar	Fiskeriinteresser	Kystverket, Kystinfo Fiskeridirektoratet, Yggdrasil Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK)
	Marine ressursar	Hordaland fylkeskommune - kartlegging skjelsand Fiskeridirektoratet, Yggdrasil (gytefelt/beiteområde/oppvekstområde) Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK)
	Forsvarsinteresser	Kystverket, Kystinfo Forsvarsbygg – øvingsfelt og skytefelt (NOU2004)

		Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK)
	Skipstrafikk og arealbruk	Kystverket, Kystinfo Fiskeridirektoratet, Yggdrasil og havbase Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK)
Samfunnsverknad	Arealbruk/nærmiljø på landsida Folkehelse/støy og lys	Kommuneplanen/reguleringsplanar Flyfoto/grunnkart Retningslinje for handsaming av støy i planlegging Miljøstatus Mattilsynet
	Næringsutvikling/verdiskaping/samfunnsnytte	Akvakulturanalyse Regional kystsoneplan (HFK)

Følgjande forhold er ikke aktuelle for Fusa kommune og difor ikke kommentert vidare i dokumentet.


- Det er ingen utvalde naturtypar i sjø
- Det er ingen kulturhistoriske stader i Fusa kommune
- Det er ingen øvingsfelt for forsvaret i Fusa kommune
- Det er ingen førekomstar av skjelsand i Fusa kommune (kjelde HFK)
- Det er ingen opplagsområde eller riggområde i Fusa kommune

3 Samla konsekvensar av planframlegget

3.1 Naturmangfald

Naturmangfaldlova vart vedteken og trådde i kraft 1. juli 2009. Lova set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (*miljørettslege prinsipp*). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlag, "føre-var-prinsippet", økosystemtilnærming og samla lastning. Det er fokus på at kostnadane ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar, og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Konsekvensar av naturmangfald er todelt; direkte arealkonflikt og miljøpåverknad for influensområda. Påverknad på eit økosystem vert vurdert ut ifrå den samla lastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for, både gjennom direkte arealkonflikt og verknad for influensområde. Miljøpåverknad for influensområde er skjematisk vist i figur under.



Figur 2. Figur frå rapporten *Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2018* som viser miljøpåverknad frå fiskeoppdrett i ope merd. Kjelde: Havforskningsinstituttet.

3.1.1 Arealbruk/arealkonflikt

Antal område avsett til akvakulturføremål og det totale areal i km² er redusert i planframlegget i høve til gjeldande kommuneplan. Samstundes er areala kring eksisterande anlegg i fleire område større enn i gjeldande kommuneplan. Slik opnar planframlegget for større arealbeslag i form av anlegg på sjøoverflata, fortøyningar og forankringar på havbotnen i dei avsette områda.

Direkte arealkonflikt mellom planframlegget og registrerte naturverdiar er avgrensa, då ein har tilpassa akvakulturføremåla for å unngå konflikt:

- Det er ingen verna naturområde som er i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål eller sikringssone for fortøyning og ankerfeste.
- Det er ingen registrerte marine naturtypar eller naturtypepunkt som er i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål og sikringssone for fortøyning og ankerfeste.
- Det er ingen registrerte funksjonsområde for artar knytt til sjøområda som er i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål. Deler av ei sikringssone for fortøyning og ankerfeste som er i direkte arealkonflikt med registrert funksjonsområde; Steglholmen yngelområde for fiskemåke og makrellterne.
- Det er fleire registreringar av artar av nasjonal interesse i kommunen. Fleire av punktregistreringane har usikker stadfesting, men det er berre ein førekommst som er i direkte arealkonflikt med

akvakulturføremåla: observert beitande ærfugl på Matland. Elles er det fleire registreringar innanfor eller nær sikringssonene.

- Det er ingen anadrome vassdrag som er i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål eller sikringssone.
- Det er ikkje registrert førekomstar av ålegraseng eller korallførekomstar/-rev i Fusa kommune.
- Det er fleire førekomstar av elvemusling i kommunen. Forsking kring tema peikar på at det er ingen direkte samanheng mellom oppdrett av laks/aure og elvemusling utover at lakselus og rømt oppdrettsfisk kan redusere tilgang til verfsfiskar. Samstundes er det sjeldan erfart at det ikkje er nok verfsfisk for elvemuslingen sin overleving. Elvemuslingen krev relativt låg vertstettleik, 10 fisk per 100 m².

I ei konsesjonssak på Smøla (2015) vart forholdet til influensområde mellom verna naturområde og akvakulturanlegg vurdert. I denne saka er det vurdert eit influensområde på 1000 meter frå oppdrettsanlegget til naturreservatet, ut frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova. Avstand til nærmaste verna naturområde frå akvakulturføremål i denne kommunedelplanen er om lag 1,1 km i luftlinje (Skrubbo).

3.1.2 Forstyrring

Støy frå oppdrettsanlegg har truleg liten effekt på marin fauna. Ein har normalt mykje bakgrunnsstøy i havet, særskilt i kystnære område med mykje skipstrafikk. Norsk Institutt for Naturforskning har gjennomført eit litteraturstudie med fokus på forstyrringar på fugl og pattedyr i sjø (NINA-rapport 1199, 2015). Det er ikkje funne forsking frå Noreg som omtalar effekt av forstyrring frå etablering og drift av akvakulturanlegg. Dei referer såleis til internasjonale studiar. Rapporten syner m.a. til at artar kan bli fortrengt frå deira optimale område ved forstyrringar eller truslar, med utgangspunkt i at det er ein vanleg reaksjon at individet bevegar seg vekk frå kjelda til forstyrring/støy til eit område der det kan føle seg tryggare, enten i lengre eller kortare periodar. Samstundes syner rapporten at mange dyr og fuglar har evna til å venne seg til støy og aktivitetar som ikkje er retta mot dei, og som etter kortare eller lengre tid ikkje vert forbunde med fare. Rapporten viser til at andefugl kan bli forstyrra av aktivitetar opp mot 800 meter frå myteområde. Negative effektar av støy og forstyrringar kan reduserast gjennom planlegging av ekstraordinære aktivitetar og aktivitetar i sårbare periodar for fuglar og pattedyr, t.d. gjennom val av båtrute til og frå anlegga i ulike periodar på året.

Konklusjon


Samla kan planen medføre auka aktivitet med transport til og frå anlegga, og aktivitet på anlegga. Det er grunn til å forvente at fuglar og pattedyr i influensområdet til eksisterande anlegg i stor grad har tilpassa seg dagens situasjon, og at endring som følgje av planen samla sett er avgrensa.

3.1.3 Forureining og utslepp

Samnangerfjorden – Fusafjorden - Bjørnafjorden utgjer eit samanhengande fjordsystem som strekkjer seg frå inst i Samnangerfjorden og munnar ut mot kysten i Bjørnafjorden som deler seg vidare i Korsfjorden og Selbjørnsfjorden. Det er mange godkjente oppdrettslokalitetar innanfor fjordsystemet frå inst i Samanger til ytre del av Austevoll/Fitjar. I området er det godkjente lokalitetar knytt til matfisk, stamfisk, andre artar, settefisk, blautdyr/krepsdyr/pigghuder samt algar.

- Utslepp (organisk/uorganisk)

Oppdrettsanlegg har lokale verknader på naturmiljøet, særleg vil det vera verknader av tilført organisk materiale og uorganiske næringssalt frå fiskefôr og fiskeavføring direkte under anlegget. Grunna fortynningseffekten i sjøvatn er effekten av utsleppa normalt avgrensa til nærliken av anlegget, men kan, avhengig av straumtilhøve og plassering av lokalitet, ha ein negativ påverknad på omgjevnaden (gradient ut frå anlegga, sjå figur under). Influensområdet vil variere med storleik på anlegget, plassering, straum og bølgjepåverknad.



Figur 3. Figur frå Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 som viser biomasse av botndyr (B), tal individ (A) og tal arter (S) i ulike avstandar frå eit oppdrettsanlegg i Hordaland (figur frå Kutt 2008).

Studiar frå Hardangerfjorden syner at det kan vere lokal miljøpåverknad frå organiske tilførslar (næringssalt/-partikulært materiale) i grunne område (0-30 m) når anlegget ligg særskilt nære land, i bukter og ved straumsvake lokalitetar. I ytre kystområde og ved straumsterke lokalitetar er vist lite påverknad. Lokalitetane i Fusa kommune varierer noko ift. kor straumsterke dei er.


I følgje Havforskningsinstituttets rapport *Effekter av utslepp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter* (nr. 8-2016) har utslepp frå akvakultur størst risiko for permanent skade på naturtyper og arter som har liten evne for å retablere seg (langsamt vekst eller lågt spreingspotensiale). Ein kjenner til at nokre arter har rask retablering, som t.d. tareskog, medan ein antar at andre arter som korallskogbotn, ålegrasenger, lausliggende kalkalgar og grunne blautbotnområde, er meir sårbare og kanskje brukar lang tid på å retablere seg. Rapporten syner til at det er påvist påverknad av utslepp frå akvakultur til naturtyper opp til 1000-1500 meter i frå anlegget. Figur til høgre syner akvakulturføremål og buffersone 1500 meter. Det er fem marine naturtyper som ligg innanfor 1500m frå akvakulturføremål:

1. Lygropollen (sterke tidevasstaumar)

Lygropollen som naturtype er meir utsett for belastning i form av næringssalt enn opne kystområde. Sterke tidevasstraumar i opne sund er mindre utsett for påverknad fordi lite organisk materiale vil sedimentera. Det er eksisterande verksemder i Lygropollen og eit matfiskanlegg ved utløpet, samt at planen opnar for nytt anlegg ved utløpet. Det er teke ut eit akvakulturområde nord i Lygropollen, noko som medverkar til redusert potensiale for påverknad på naturtypen. Sett i forhold til 0-alternativet er det forventa at Lygropollen som naturtype i liten grad påverka av planframlegget.

2. Venjanesvågen (blautbotn)

Det er forventa at Venjanesvågen ikkje vert påverka ut frå topografiske forhold



Figur 4. Oversikt akvakulturområde (rosa farge), marine naturtyper (grøn farge) og 1500m bufferkring akvakulturføremåla (svart stipla linje).

3. Lundevika ved Eikelandsosen (blautbotn)

Det er forventa at Lundevika ikkje vert særleg påverka ut frå avstand og at søknad om tiltak skal syne akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøforhold til det nærmaste akvakulturføremålet.

4. Eidsvågen ved Samøy/Bogøy (fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet)

Det er forventa at Eidsvågen ikkje vert negativt påverka, då fjorden er topografisk skilt frå akvakulturføremålet. Innløpet til fjorden ligg utanfor 1500-meters buffer frå akvakulturføremålet

I følgje Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2018 viser overvaking i Rogaland og Hordaland meget god og god miljøtilstand, også i område med høg produksjon av matfisk. Risikoene for regional påverknad i desse to fylka er vurdert som lågt. Vidare vurderer rapporten at konsekvensen av den lokale påverknaden lokalt ved matfiskanlegga er låg, dersom anlegget held seg innan miljømåla og ligg i eit god plassert område med god bereevne. Risikoene for at anlegga ikkje oppnår miljømåla som er sett for anleggssonane er vurdert til å vera liten. Samstundes peikar rapporten på at fjordlokalitetar er meir utsett for overbelastning og har høgare risiko for å ikke nå miljømåla som er bestemt for lokaliteten. Rapporten viser også til at Indre del av Samangerfjorden truleg har låg bereevne for akvakultur basert på tersklar og at vassførekomensten, samt at Ytre Lyngespollen ikkje er definert som eit risikoområde fordi dette er ein svært liten vassførekomenst.

Det vert regelmessig gjennomført miljøundersøkingar kring eksisterande matfiskanlegg, jf. lovverket. Historiske undersøkingar viser at lokalitetane i Fusavika i stor grad har, og har hatt, tilfredsstillande og akseptable miljøforhold, ref. MOM-B undersøkingar. MOM-B undersøkingar på dei 13 lokalitetane syner følgjande klassifisering (per oktober 2018 frå fiskeridirektoratet sin database):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Matland	1		1		1		1		1	1
Gjerdesfluvika	2		1		2	2	2	2	2	1
Mjåneset	2	1		1		2	2	2	1	
Skiftesneset	1		3	2	1		3/1		2	1
Nystølvågen	2	2		1	2	2	2	1		
Skrubbo			1		1		2	2	2	1
Skåtholmen				1			2	2	2	1
Fusavika	2	2	2	3	1		1		1	2
Djupedalen	1		2/1		1		1		2	
Oterstegdalen			3/2	1		2	1		1	2
Håvikvågen S	3	2	3	2	2	3/2	2	3	3	2
Lyngnes			1			2	2	1	2	2
Altaneset	2	2	2	2	2	2	3	1		3
1 = Meget god										
2= God										
3 = Dårleg										
4= Meget dårlig										

Konklusjon

Det er avsett vesentleg mindre areal til akvakultur i forslag til ny kommunedelplan. Dette inneber at det teoretiske grunnlaget for utslepp er redusert i høve til 0-alternativet. Samla kan planen likevel medføre noko auka utslepp i enkelte delområde med omsyn til at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt.

Ein vurderer at endringar som følgje av planen samla er avgrensa og akseptable for tema organisk utslepp.

- Utslepp av legemiddel og framandstoff

Det vert nytta legemiddel og framandstoff (miljøgifter, som t.d. kopar) i produksjon av oppdrettsfisk for å sikre god fiskevelferd, behandling mot lakslus og sjukdommar, samt halde merdane reine. Dette er anleggs-spesifikke tilhøve som vert regulert gjennom sektorlovverk og ikkje gjennom plan- og bygningslova. Samstundes gir bruken av desse stoffa ein verknad for omgjevnaden, og det er såleis høvelege å kommentere dette i eige avsnitt.

Enkelte midlar nytta mot parasitten lakslus inneheld kitinsyntesehemmende stoff som er påvist å kunne ha negativ langtidsverknad på krepsdyr (skaldyr) som lev i nærliken av oppdrettsanlegg. Det er særskilt organismar med hyppige skalskifte som er sårbar. Forbruket av midlar mot lakslus auka kraftig i starten av 2000-talet og har vore høgt sidan 2009. Sidan 2016 har det vore en betydeleg nedgang i forbruk samanlikna med 2015, samstundes som totalforbruket framleis er høgt samanlikna med periode 2007-2013. Bakgrunnen for nedgangen er at det er teke i bruk andre ikkje-medikamentelle metodar. Miljøeffekten av lusemiddel nytta ved *badebehandling* er avgrensa på grunn av nedbryting og fortynningseffekt, og for lusemiddel brukt i fôr visar forsking at det kan vere høge verdiar av lusemiddel i sedimentet under anlegget. Sannsyn for at organismar utanfor anlegget vert eksponert er vanskeleg å vurdere nøyaktig, då dette vil variere ut i frå konsentrasjon dei vert utsett for og kor lenge dei vert utsett for stoffet. Truleg vil dette også variere frå lokalitet til lokalitet ut frå dei naturgitte forholda som t.d. straumforhold. (Kjelde for dette avsnittet: Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018).

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 viser at det er behov for betre kunnskap om utslepp av miljøgifter frå oppdrettsanlegg. Ut i frå kjent kunnskap er det likevel klart at utslepp av framandstoff frå fôrspel, fekalier eller frå impregnerte nøter kan påverke andre organismar som lev i vassøyla ved anlegget eller i sedimenta under anlegget negativt.

Konklusjon

Det er grunn til å tru at det også i Fusa kommune vert nytta legemiddel og framandstoff i drifta, som t.d. lusemiddel, vaksinasjonsmiddel og kopar. Ut frå kunnskap henta frå risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 er det vanskeleg å vurdere verknaden av planframlegget, men det er forventa at risiko for omgjevnaden ved bruk av desse stoffa vil vera middels, med bakgrunn i gjeldande lovverk samt normale driftsforhold og rutinar.

Det er avsett vesentleg mindre areal til akvakultur i forslag til ny kommunedelplan. Dette inneber at det teoretiske grunnlaget for bruk og utslepp av desse stoffa er redusert i høve til 0-alternativet. Samla kan planen likevel medføre noko teoretisk auka bruk og utslepp i enkelte delområde med omsyn til at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt.

Ein vurderer at endringar som følge av planen samla er avgrensa og akseptable for tema legemiddel og framandstoff. Plan- og bygningslova regulerer ikkje bruk av legemiddel og framandstoff då dette er tilhøve knytt til drift og produksjon. Ein legg til grunn at dei som driftar anlegga føl gjeldande regelverk og løyve knytt til dei enkelte lokalitetane.


3.1.4 Anadrome fisk

Det er fleire forhold som har miljøeffekt på anadrom fisk (villaks og sjøaure) i fjordsystemet. Noreg har eit særskilt ansvar for, og har eit mål om, å ivareta og bygge opp igjen viltlevande bestandar av atlantisk laks. Det er mellom anna vedteke forskrift om *kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks*, der føremålet er:

Artikkel 1. Formål og virkeområde

Formålet med denne normen er å bidra til at viltlevende bestander av atlantisk laks ivaretas og gjenoppbygges til en størrelse og sammensetning som sikrer mangfold innenfor arten og utnytter laksens produksjons- og høstingsmuligheter. Normen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning og skal klargjøre hva som er god kvalitet for villaks og dermed gi myndighetene et best mulig grunnlag for forvaltningen av bestandene og faktorene som påvirker bestandene av atlantisk laks.

I følgje Vitenskaplig råd for lakseforvaltning er det verknader av oppdrettsaktivitet som fører til størst trussel for anadrom fisk. Det er effektar av rømt oppdrettslaks og lakselus som utgjer dei to største truslane og er faktorar som påverkar bestandane så sterkt at dei kan medverke til at bestandar av villaks og sjøaure kan bli kritisk trua eller gå tapt.




Figur 5. Plassering av ulike trusselfaktorar for anadrom fisk. Bakgrunnsfarge illustrerer grad av alvor, og fargane på punkta symboliserer grad av kunnskap og usikkerheit (grøn= god kunnskap og låg usikkerheit, Gul = moderat kunnskap og usikkerheit, samt rød= dårlig kunnskap og stor usikkerheit). Kjelde: Status for norske laksebestander i 2017, Vitenskaplig råd for lakseforvaltning.

Havforskningsinstituttet har publisert årlege risikovurderingar av miljøverknader av norsk fiskeoppdrett sidan 2011. Det er lagt vekt på overordna problemstillingar knytt til lakselus, smittespreiing, genetisk påverknad, eutrofiering, organisk belastning og utslepp av legemidlar. Dette er ei kjelde som er nytta aktivt i vår vurdering.

- Spreiing av lakselus

For lakselus har alle lokalitetar som er i drift krav om at det til ei kvar tid skal vere færre enn 0,5 vaksne holus i snitt per fisk i anlegget. I fastsette periodar skal det også gjennomførast koordinerte avlusingar dersom det vert påvist 0,1 lakselus eller fleire av bevegelege stadie og vaksen holus i snitt per fisk. Det er vanskeleg å sei noko om mengda lakselus i fjordbassenga då dette varierer i tid og er ein funksjon av kor stor grad dei enkelte anlegga er i drift, produksjonsmengd og om dei har kontroll på lusesituasjonen i anlegga sine.

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 viser til resultat frå 2017 som seier at det er risiko for lakselus-relatert dødelegheit på postsmolt, særskilt på Vestlandet frå Hordaland til Trøndelag. Ei samla vurdering av data og modellar indikerer høg risiko i produksjonsområde frå Karmøy til Stadt. For sjøaure og sjørøye er risikoen oftast høgare enn for laks.



Figur 6. Smittepresskart som viser område med lågt (grøn), middel (gul) og høgt (rød) smittepress for fisk som står i området i 30 dager i mai og juni 2017. Fusa kommune er markert i kartet med svart sirkel. Kjelde: Risikorapport for norsk fiskeoppbett 2018.

Konklusjon

Forvaltning knytt til påverknad av lakselus for omgjevnaden er i stor grad relatert til driftsopplegget på kvart enkelt anlegg, og plan- og bygningslova har ikke høve til å regulere eller legge restriksjonar for drift på anlegga. Det er avsett vesentleg mindre areal til akvakultur i forslag til ny kommunedelplan. Dette inneber at det teoretiske grunnlaget og sannsyn for luseoppblomstringar er redusert i høve til 0-alternativet. Samla kan planen likevel medføre ein auka risiko for hendingar med luseoppblomstring over nasjonale grenseverdiar i enkelte delområde, sett i lys av at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt. Dette mellom anna fordi sannsyn for internsmitte er høgare dess fleire ringar eit anlegg består av. Dette kan potensielt kunne gi fleire tilhøve av «luseoppblomstring» i anlegga, og såleis ein auke i produksjon av og spreiling av luselarvar til omgivnadene. Omfanget av dette er vanskeleg å talfeste og vurdere verknaden av då det avheng av mange faktorar som t.d. drift, type anlegg/teknologi og straumforhold. Smittepress frå enkeltareala med akvakulturføremål vil teoretisk sett auke med planframlegget.

Ein vurderer at endringar som følgje av planen samla kan ha negative konsekvensar for tema spreiling av lakselus.

- Rømming og genetisk innblanding

Påverknaden av rømt oppdrettsfisk på anadrom fisk er knytt til genetisk innblanding og såleis utvatning av genane til villfisk. Forsking viser at oppdrettslaks er kryssa inn i eit stort tal elvar i Noreg og at det ut frå dagens kunnskap er lite rom for tvil om at rømt oppdrettslaks representerer ein trussel mot genetisk integritet til ville laksebestandar i Noreg.

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 viser at 12 av 32 vassdrag i Hordaland er vurdert til å ha meir enn 10 % innslag av rømt oppdrettslaks. Ni av desse er lokalisert i Hardangerfjordregionen, og dei siste tre er Oselva i Os kommune, Tysseelva i Samnanger kommune, og Frøysetelva i Masfjorden kommune. Oselva er klassifisert med genetisk status - *moderat* tilstand (svake genetisk endringar er indikert) og med høgt innslag av rømt laks, over 10 %.

Oppdrettsnæringa har dei siste åra gjennomført omfattande tiltak som har redusert tal på laks som rømmer, og dette har redusert gjennomsnittleg tal rømt laks i prøvar frå villaksbestandar om hausten (Vitenskapleg

råd for lakseforvaltning 2017). Auken i produksjon av oppdrettslaks medfører likevel at tal oppdrettslaks som rømmer framleis er høgt, sjølv om ein mindre prosentdel av oppdrettslaksen rømmer. Sidan 2008 har det vore tre rapporterte rømmingshendingar frå tre ulike anlegg i Fusa kommune (2008, 2011 og 2018). I nabokommunane Os og Tysnes har det i Bjørnefjordsystemet, forutan dei i Fusa, vore fem hendingar sidan 2009 (2009, 2stk. 2014, 2015 og 2018). Det er ikkje analysar som har sett på verknad av desse hendingane, men det er å forvente at hendingane har hatt verknad for anadrome vassdrag i fjordsystemet.

Konklusjon

Plan- og bygningslova har ikkje heimel til å regulere eller legge restriksjonar på akvakulturføremål som vil forhindre hendingar med rømming. Samstundes har lokalisering og omfang av akvakulturføremål i kommuneplanen ein tyding for verknad av slike hendingar. Det er avsett vesentleg mindre areal til akvakultur i forslag til ny kommunedelplan. Dette inneber at det teoretiske grunnlaget og sannsyn for hendingar knytt til rømming er redusert i høve til 0-alternativet. Ein målsetnad med planframlegget er å regulere så store areal at eldre anlegg kan endre anleggstype frå stålbur til plastringar. Alle anlegg har krav om godkjent anleggssertifikat der anlegget skal vera sertifisert og dimensjonert for å tolle krefter tilsvarende 50års returperiode for vind, bølgjer og straum.

Ein vurderer at endringar som følgje av planen samla er avgrensa og akseptabel for tema rømming og genetisk innblanding.

- Sjukdom og smittepress på villfisk

Smittsame sjukdommar er ein av dei viktigaste biologiske og økonomiske tapsfaktorane i oppdrettsnæringa. Det er også ein indikator på fiskevelferd. I tillegg til at sjukdom har negativ verknad for oppdrettsnæringa, er fleire av patogena (virus eller bakteriar) også påvist i villfisk. Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 har ei risikovurdering for virus, bakteriar og parasittar. Risiko for bestandsreduserande effekt som følgje av spreying av patogen frå opprett til villaks og sjøaure er vurdert som låg. Det er usikkerheit i desse vurderingane som følgje av manglande datagrunnlag og kunnskapshol.

Det er per oktober 2018 påvist to lokalitetar i Fusa kommune med PD (Pankreasjukdom). Det er ikkje påvist ILA (Infeksiøs lakseanemi) eller andre sjukdommar i kommunen eller nærområdet.

Konklusjon

Ut frå kjent kunnskap frå offentlege kjelder er det ikkje grunn til å tru at planframlegget vil ha verknad for sjukdom og smittepress på villfisk, då smittepress mellom oppdrett og villfisk er vurdert som lågt.


- Bestandssituasjonen for villaks og sjøaure

Bestandane i Fusa kommune og i nærliggjande fjordsystem er lite robuste. Det er vanskeleg å seie noko om bestandane si toleevne opp mot planframlegget, då det er mange faktorar og hendingar som spelar inn som til dømes overleving i havfasen, fiske, vassdraga sine lokale tilhøve, samt at årlege variasjonar knytt til værforhold kan spele inn. Det er offentleg anerkjent at akvakulturverksemid har negativ verknad på villfisk, då særleg hendingar knytt til rømming og påverknad og omfang av lakselus. Desse to tilhøva er i hovudsak regulert gjennom sektorregelverk, samstundes som plan- og bygningslova har innverknad på dette gjennom tilgang til areal og såleis ei opning for å søke om auke i tal anlegg og produksjonsvolum.

Ein har lagt til grunn at planframlegget ikkje skal forverra situasjonen for villaks og sjøaure i fjordsystemet. Det er difor valt å ha negativ tilråding til innspel om arealbruk til akvakultur like utanfor anadrome vassdrag og i forventa vandringsrute og oppvekstområde til villfisken.

Konklusjon

Ein vurderer at endringar som følge av planen samla er noko negativt for tema bestandssituasjon for villaks og sjøaure. Dette også sett i høve til konklusjonane i delkapitla ovanfor, og særleg tilhøva knytt til rømming og lakselus.



Figur 7. Oversikt anadrome vassdrag (grøne punkt) og forslag til areal regulert til akvakultur (rosa og rosa/kvit).

3.1.5 Naturmangfaldlova § 8-12

Offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnuskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknad. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at dersom ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjersla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderinger vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjersla rører ved naturmangfald, går ein vidare og vurderer dei andre miljørettslege prinsippa.

- I delkap. 5.2.1-4 er det innhenta eksisterande kunnskap om naturmangfaldet som kan bli påverka av kommunedelplanen, kva for tilstand naturmangfaldet har, og kva for effektar planframlegget vil ha på naturmangfaldet. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade av planframlegget, er

det ikkje vurdert naudsynt å innhente ny kunnskap, jf. naturmangfaldlova § 8. Samla sett vurderer vi at planframlegget ikkje vil påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8.

- Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilte vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II. Grunna omfanget av planframlegget, som ikkje kan seiast å vere eit mindre tiltak, er det likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa under.

Når det vert treft ei avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunn for å utsetje eller unnlate å treffen forvaltningsstiltak.

- Føre-var-prinsippet skal berre nyttast når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap, og det er fare for store negative og irreversible verknadar. Planen er ein kommunedelplan som er ein overordna plan som legg føringar for bruk av sjøområda. Det er vurdert at kjent kunnskap og verknadane av planen ikkje er vesentleg negative for naturmangfald. Før areala til akvakultur vert teke i bruk i det omfang som kommunedelplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i detalj gjennom konsesjonssøknad og vurdering etter sektorlovverk. Ein legg til grunn at denne prosessen vil ivareta dei detaljerte forholda som kommunedelplanen ikkje dekker.

Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var-prinsippet ikkje skal nyttast, jf. naturmangfaldlova § 9.

Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for.

- Ein vurderer at den samla økologiske belastninga av planframlegget er auka i høve til 0-alternativet, jf. naturmangfaldlova § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for akvakulturverksemid som har ein kjent generell miljøpåverknad. Det er ikkje vurdert at miljøpåverknaden er uakseptabel. Før areala til akvakultur vert tekne i bruk i det omfanget som kommunedelplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i konsesjonssøknad og vurdering etter sektorregelverk. Ein legg til grunn at denne prosessen også vil vurdere samla belastning og sikre ei berekraftig utvikling.

Tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultata.

- Ut frå kjent kunnskap om området og naturmangfald i området, vurderer ein at det ikkje er behov for å gjennomføre tiltak, til dømes avbøtande, førebyggande eller kontrollerande tiltak, for å redusere fare for skade på naturmangfald i området, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12. Det er lagt til grunn at gjeldande lovverk, tilsyn/kontroll og oppdrettsaktørane sine interne kvalitetssystem sikrar en forsvarleg drift og produksjon.


3.2 Friluftsliv i sjø og strandsone

Verdiar knytt til naturmiljø, landskap, strandsone og friluftsliv er i mange samanhengar samanfallande. Eit rikt artsmangfald og varierande landskap vil ofte gi rike friluftsopplevelingar. Regjeringa har definert folkehelsearbeid til å vera samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar innbyggjarane si helse og trivsel, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lide, eller som beskyttar mot helsetruslar og arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som kan påverka helsa. Områda kring planområdet har verdiar i eit frilufts- og folkehelseperspektiv med ulike tilbod, både i høve til typar og målgruppe.

Strandsona er generelt av stor nasjonal interesse og det er eit mål å avgrensa bygging i strandsona. Bygging i 100-metersbeltet langs sjø er i dag regulert i pbl. § 1-8, *bygge- og delingsforbodet i 100-metersbeltet*. Paragrafen skal sikre at verdiane knytt til strandsona ikkje vert redusert eller går tapt. I *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* er Fusa kategorisert i området med mindre press på areala (sone 3). Føremålet med retningslina er definert slik: *Formålet med disse retningslinjene er å tydeliggjøre nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jfr. forbudet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningsloven). Det skal gjennomføres en sterkere geografisk differensiering, der vernet gjøres strengest i sentrale områder der presset på arealene er stort.* For kommunar i sone 3 finn ein m.a. signal om at behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggas vekt i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet. Desse vurderingane må vegast opp mot omsyn til dei ålmenne interessene i området som t.d. friluftsliv, natur- og landskapskvalitetar, kulturminneinteresser, naturmangfald og landbruk.

I friluftssamanheng har planframlegget eit direkte arealbeslag knytt til anlegg på sjøflata, samt fortøyningar. Av dei 18 akvakulturføremåla ligg ni av desse innanfor regionale friluftsområde der verdiane er knytt til sjø og vassdrag. Samla legg planen til rette for færre areal til akvakultur sett opp mot 0-alternativet. Det er teke ut areal til akvakultur innanfor regionale friluftsområde slik at samla potensial for akvakulturverksemد innanfor desse områda er redusert.

Det er ulikt korleis personar opplever og reagerer på akvakulturverksemد og det er individuelt om personar vil endra bruken av områda som følgje av realisering av planframlegget. I tillegg til dei regionale friluftsområda er det to statleg sikra friluftsområde i kommunen. Det ligg allereie i dag akvakulturanlegg i nærleiken av dei to statleg sikra friluftsområda i kommunen (badeplassar). Planframlegget opnar for større/endra anlegg og noko meir eksponering av dei to anlegga. Ut frå dagens situasjon er det likevel grunn til å tru at planframlegget i liten grad vil påverke dei statleg sikra friluftsområda sin attraktivitet, bruksmoglegheit eller skapa ein barriere for ferdsel eller oppleveling. Det er også grunn til å tru at bruken av dei regionale friluftsområda vert uendra som følgje av planframlegget.



Figur 8. Oversikt regionale friluftsområde, statleg sikra friluftsområde, friluftsområde i sjø avsett i gjeldande kommuneplan, samt areal avsett til akvakultur.


Friluftsverdiane innanfor planområdet er også knytt til ferdsel på sjø og fritidsfiske. Det er eit generelt forbod mot fiske og ferdsel kring akvakulturanlegg, tilsvarande 20 meters ferdelsforbod og 100 meters fiskeforbod. I dag ligg anlegga med varierande avstand til kystkonturen. For dei fleste anlegga er det passasje for båttrafikk mellom anlegga og kystkonturen, og fortøyingsanlegg og ankring ligg så djupt at dei ikkje er til hinder for ferdsel. I føresegne til kommunedelplanen er det lagt føring om at det i hovudsak skal vera 100 meter avstand frå land til anlegget for å oppretthalde passasje mellom land og anlegga.

Større og nye anlegg vil redusere moglegheita for fiske med omsyn til at det er fiskeforbod 100 meter kring oppdrettsanlegg. Samstundes vil endra/fleire fortøyingsliner innskrenke moglegheita og i noko grad vera ein barriere for fritidsfiske med fiskereiskap som kan henge seg i fortøyingane. I regelverket står det at oppdretts-selskap har plikt til å rapportere inn koordinatfesta plassering av fortøyingane med ankringsfesta. I digitale kartverk til m.a. Fiskeridirektoratet og Kystverket er desse fortøyingane presentert slik at ålmenta eller andre interesserte kan sjekke for leidningar eller fortøyinger i områda dei skal fiske i. Det er teke omsyn til statleg sikra friluftsområde og friluftsområde i sjø regulert i kommuneplanen når sone for fortøyning og ankerfeste er sett. Ingen kartfesta lokale friluftsområde er i arealkonflikt med sone for fortøyning og ankerfeste.

Fiskeartane sei, torsk og hyse er hyppigast observert til å samle seg og opphalde seg i nærliek til akvakulturanlegga, i kortare eller lengre periodar. Årsaka til samlinga er samansett, der mellom anna forhold som tiltrekks seg villfisk er byttedyr og organismar som finn skjul ved faste installasjonar, samt tilgang til laksefôr. Det er rapportert fleire stader i Noreg om fangst av villfisk (sei og torsk) med redusert kvalitet. Kvalitetsforskinga er i hovudsak knytt til at villfisken er *feitare i kjøtet* enn annan villfisk, har stor lever, kan lukte av fôr når den vert sløyd, samt at fisken kan få ein blautare tekstur i kjøtet. Rapportane *Risikovurdering norsk fiskeoppdrett* frå 2016-2018 viser til fleire undersøkingar knytt til effekten av oppdrettsaktivitet på kvalitet hos kvit villfisk. Desse studia viser at sei som vert fanga ved oppdrettsanlegg har ein annan diett enn sei fanga på lokalitetar eit stykke unna anlegga, men at det ikkje er funne at fisk som oppheld seg ved oppdrettsanlegg er av vesentleg dårlagare kvalitet enn annan fisk. Risikovurderinga viser til førebels resultat frå eit prosjekt der det er indikert at fiskereiskap og handtering også forklarar ein del av kvalitetsvariasjonen. Generelt er det ein mangel på detaljerte studiar som ser på mogleg biologiske eller helsemessige langtidseffektar, som gjer at ein ikkje kan trekke generelle slutningar.

Ein av intensjonane for dei kombinerte føremåla med akvakultur er m.a. å leggje til rette for framtidige areal for akvakultur som enten har tilknyting til land og/eller ny teknologi som har behov for mindre djupne og landtilgang. Arealet ved Samnøy er tilknytt ny reguleringsplan (til vedtak haust 2018) med nye større næringsareal på land og kaiareal ved sjø, arealet ved Lammaneset er tilknytt Bolaks sitt hovudkontor (næringsareal på land), Håvikvågen er eit godt skjerma område som ikkje er eigna for større opne merdanlegg ut frå naturgitte tilhøve og nærliek til andre anlegg (samla belastning) (LNF-område på land), samt Skiftesneset som ikkje er eigna for større opne merdsystem ut frå nærliek til andre anlegg (samla belastning) (LNF-område på land). For alle desse fire lokalitetane kan det vera behov for tiltak i strandsona som t.d. landgang og næringsareal på land, eller landbase for båtar/utstyr. Dersom dette medfører større tiltak bør det vurderast ved neste rullering av kommuneplanen.

Dei fleste matfiskanlegga i sjø har dagleg tilsyn og arbeidsoperasjoner noko som gir eit behov for landbase med kai/hamn for båt og utstyr. I dag er dette løyst med ulike private avtalar og på ulike lokalitetar. I tillegg til tilgjenge til landbase er det fleire aktørar som ønskjer å etablere landstraum ut til anlegga. Dette for å redusere dagleg bruk av aggregat på anlegga som vil redusere lyd frå anlegget, samt at det også er positivt for driftstryggleiken på anlegga. Dette inneber behov for inngrep på land og på sjøbotn for å føre fram høgspentlinje. I kommunedelplanen er det opna for å legge sjøleidningar etc., og tiltaka på land i t.d. LNF-område må søkast om etter pbl. og evt med dispensasjonssøknad. Planframlegget sin direkte verknad på strandsona er knytt til framtidige søknadar om tiltak knytt til landbase og framføring av landstraum. Den enkelte søknad må handsamast og vurderast ut frå lokale tilhøve, og samla verknad er såleis vanskeleg å fastslå.



Figur 9. Dagens situasjon – landbasar (kai/hamn) til venstre, og høgspentlinje til høyre.

3.3 Landskap

I den europeiske landskapskonvensjonen er landskap definert som: ...et område, slik folk oppfatter det, hvis sær preg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer (Nordens landskap 2003). At eit variert og innhaldsrikt landskap har høg verdi har samanheng med ei rekke tilhøve, mellom anna statkvalitet, bu- og levevilkår, kulturminne/kulturmiljø, kulturlandskap, friluftsliv og eit stadig viktigare reiseliv.

Landskapet er samansett av ei rekke fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Landskapet rommar difor både natur og kultur. Landskapet sin verdi vil i stor grad også vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk og kulturelt landskap.

Akvakulturanlegg består av synlege komponentar som ligg i sjøoverflata, og dimensjonane på desse gjer at dei er synlege for nærområdet og fjernare område. Det som er synleg er fôrflåten, fortøyingsramma med bur eller ringar. Anlegg av stålbur er generelt mindre arealkrevjande og såleis mindre synlege enn anlegg med plastringar der også fôrflåta ligg skilt frå fortøyingsramma. Fargebruka på ringane/stålbara og nettingen er ofte dempa, og frå lengre avstandar er desse tiltaka mindre synlege. Bøyar som ligg i ytterkant av anlegget har fargebruk og lyssetting som gjer anlegget meir synleg ut frå tryggleiksmessige tilhøve (ferdsel på sjø). Fôrflåten er den komponenten som er mest synleg, og det er flåten sin funksjon som fôrlager, fôrhandteringsanlegg, lagring- og arbeidsplass, samt administrasjon/kontrollrom m.m. som avgjer storleiken.

Nye anlegg eller arealutviding av eksisterande lokalitetar vil vise igjen i landskapet. Dei fleste endringane i planframlegget opnar for større anlegg og at anlegga kan leggast lengre ut frå kystkonturen, og vil såleis vera meir visuelt eksponert. For å avgrense storleik på anlegga og den visuelle verknaden er det regulert maksimal utnyttingsgrad for kvart enkelt akvakulturføremål. Dette gir ei avgrensing på kor stort anlegget på sjøoverflata kan bli, og såleis også den visuelle påverknaden. Tre av dei fire kombinerte føremåla med akvakultur ligg i område som er mindre eksponert og vil ha avgrensa landskapsverknad. Kommunen og årmenta har også moglegheit for å påverke konkret plassering av anlegget som del av konsesjonsprosessen.

Planframlegget vil for nokre gi ei negativ visuell verknad og oppleveling, medan for andre vil det representera næringsaktivitet og arbeidsplassar (individuell oppfatning). Med bakgrunn i gjeldande kommuneplan og eksisterande anlegg er endringa samla sett for heile planframlegget av eit mindre omfang.

3.4 Kulturminne

Kulturminne er definert i lov om Kulturminner § 2: *Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokalitet det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller samanheng.* Alle bygg og anlegg frå før 1537 og alle ståande bygningar frå perioden 1537-1649 er automatisk freda etter kulturminnelova.

Det er ingen av arealføremåla til akvakultur som er i direkte arealkonflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Det er teke omsyn til automatisk freda kulturminne og omsynssone kultur regulert i planforslaget når sikringssonene er laga. Det er likevel ei sikringssone som er i konflikt med automatisk freda kulturminne – skipsvrak frå 1890 ved Ulven/Mjånestangen. Føresegnerne gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera i konflikt med automatisk freda kulturminne, og med denne føringa vil kulturminnet vera sikra.


Dei generelle føringane i gjeldande kommuneplan om kulturminne § 1.22-1.30 er vidareført, jf. forslag til føresegner til kommunedelplan akvakultur. I tillegg vil kulturminnelova sine føringar gjelde parallelt med kommunedelplanen.

Det er fleire av akvakulturføremåla og sone for fortøyning og ankerfeste som overlappar klassifisering av kulturminnerik strandsone. Den visuelle påverknaden av kulturminna er generelt avgrensa, og ein vurderer at det ikkje er negativ verknad for denne registreringa.

3.5 Sjøtransport og ressursar

3.5.1 Fiskeriinteresser


Det er tradisjon for fiskeri i Fusa kommune, og det er gode ressursførekommstar i området. Det er registrert fleire fiskeplassar for passive og aktive reiskap, samt låssettingsplassar i kommunen. Det er ingen trålfelt innanfor kommunen sine grenser. Det er i tillegg registrerte gytefelt og oppvekstområde og desse er skildra i delkapitel marine ressursar.



Figur 10. Oversikt automatisk freda kulturminne og registrering kulturminnerik strandsone, samt forslag til arealbruk knytt til akvakultur.

Det er etablert fleire eksisterande oppdrettsanlegg med tilhøyrande fortøyning og ankerfeste innanfor og i nærleiken av dei registrerte fiskeriinteressene i Fusa kommune:

- Åtte av arealføremåla i gjeldande kommuneplan avsett til akvakultur overlappar med fiskeriinteresser (aktive eller passive reiskap eller låssetningsplass).
- Av eksisterande oppdrettsanlegg er det fire anlegg der anlegget på sjøflata overlappar med fiskeriinteresser (aktive eller passive reiskap).
- I planframlegget er det sju av akvakulturareala som er heilt eller delvis i arealkonflikt med registrerte fiskeriplassar (aktive og passive reiskap)
- I planframlegget er det teke ut tre akvakulturareal som er i direkte arealkonflikt med fiskeriinteresser



Figur 11. Kart som viser fiskeriinteresser. Venstre- og forslag til akvakulturføremål i ny KDP. Høgre – og eksisterande akvakulturanlegg inkl. fortøyningar.

I dagens kommuneplan er det opna for fortøyingsanlegg innanfor føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag, eit føremål som dekker store deler av sjøarealet i kommunen. I planframlegget har ein innskrenka moglegheita for fortøyningar og ankerfeste til enkelte soner kring akvakulturføremåla. Dette gir ein betre føreseileg situasjon enn dagens kommuneplan. Samstundes overlappar fleire av sikringssonene areal registrert med fiskeriinteresser, anten for å sikre dagens fortøyningar eller opne for nye fortøyningar ved flytting/justering av anlegg. Det er teke omsyn til registrerte låssetningsplassar i kommunen ved at sikringsona ikkje overlappar desse registreringane, samt at føresegne gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssetningsplassar. På denne måten er låssetningsplassane teke i vare. Det er ikkje teke same omsyn for dei registrerte fiskeplassane ved avgrensing av sonene, men føresegne gir at etablering


av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til fiskeplassar med aktive reiskap. Samt at søknadar om fortøyingslinje/ankerfeste skal vurderast i høve til fiskeplassar.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger peiker på at trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre interesser. Låssettingsplassane er teke i vare ved avgrensing av arealføremål og sikringssone fortøyning/ankerfeste, samt i føresegne. I tillegg er kvar enkelt arealendring vurdert opp mot fiskeriinteressene i konsekvensutgreiinga. Planframlegget vil for nokre av fiskeplassane ha negativ verknad med omsyn til overlappande arealbruk til akvakultur og fortøyningar. Alle areal som har overlappande arealbruk, er areal som allereie ligg i gjeldande kommuneplan eller er anlegg med eksisterande konsesjon. Nokre av desse arealet er utvida og endra, og ein vurderer at planen sin samla verknad har mindre negativ konsekvens for fiskeriinteresser i høve til 0-alternativet.

3.5.2 Marine ressursar

Typiske gytelokalitetar er beskytta område, ofte inst i fjordarmar, i pollar, vågar eller bukter, der gyttinga skjer på 20-60 meter djupne. Det er vist at lokale torskestammar har ein «homing-adferd» der dei returnerer til den same gytegrunnen år etter år, og at gytegrunnene ikkje er tilfeldig. Om ei gytegrunne av ein eller annan årsak vert utilgjengeleg er det ikkje gitt at det finst passande habitat i nærleiken. I følgje risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 er det indikasjonar på at oppdrett potensielt kan påverke rekruttering hos torsk på fleire måtar: ved å endre torsken sin gytevandring, ved at anlegg sin fysiske konstruksjon hindrar gyteadferd, ved habitatendringar av gyte- og oppvekstområde, eller ved endring av torsken sine opphaldsstadar utanom sjølve gytinga. Det er gjennomført forsøk som indikerer at torsk unngår oppdrettsanlegg og at dette er knytt til fisken sin luktesans, men det er per i dag ikkje eintydige resultat.

Det er kartfesta gyteområde/gytfelt inst i Ådlandsfjorden, ved Eikelandsosen, i Sævareidfjorden og i Lygrepollen. Det er i dag etablert to oppdrettsanlegg innanfor gytefeltet i Lygrepollen, samt at det er truleg at deler av fortøyingslinja frå to av anlegga i Sævareidfjorden går inn i gyteområdet her.



Figur 12. Registrerte gytefelt/-område, samt areal til akvakulturføremål i planframlegget.

Av areal avsett til akvakultur ligg fire av dei innanfor kartfesta gyteområde/gytfelt. Planen opnar for større anlegg enn dagens kommuneplan opnar for på eitt av dei fire områda, same storlek på føremålet på eitt av arealet, samt to nye anlegg. Der det er opna for nye anlegg er det sett føringar for at akvakultur skal prioriterast framfor andre interesser dersom søknad om produksjonsløyve viser akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøforhold. I Sævareidfjorden er det samla opna for større anlegg enn dagens kommuneplan, og såleis potensiale for større verknad for gyteområdet her med omsyn til aktivitet, større anlegg og nye forankringsliner/ankerfeste. Det er teke ut eitt areal til akvakultur Lygrepollen slik at mogleg

påverknad på gytefelt/gyteområde er redusert i dette området. Det er også teke ut eit akvakulturområde i nærleiken av gyteområdet ved Eikelandsosen.

Det er registrert og kartfesta to oppvekst-/beiteområde i Fusa kommune, eitt i sør og eitt i nord. Arealet i sør omfattar Lukksundet og landsida ved Skiftesneset. Innanfor dette området er det eit eksisterande oppdrettsanlegg. Planframlegget opnar for at dette anlegget kan bli større og at det kan etablerast eitt nytt anlegg sør for det eksisterande. Ved oppvekst-/beiteområdet i nord er det avsett eit areal til kombinert føremål, samt teke ut eit større område avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan. Dette er ei mindre positiv endring med omsyn til det registrerte oppvekst-/beiteområdet.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger peiker på at kommunane skal ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk. Studiar som har sett på verknadar av oppdrett på gytefelt/gyteområdet er ikkje eintydige, og sett i lys av dette vurderer ein at planframlegget samla vil ha liten negativ verknad for marine ressursar knytt til gyteområde og gytefelt, samt for oppvekst-/beiteområde.

3.5.3 Forsvarsinteresser


Det er eitt skytefelt i kommunen, austre del av Bjørnafjorden, men ingen øvingsområde. Forsvaret har aktivitetar der det er behov for å kunne øve i varierande felt og farvatn, og sjøforsvaret øver i alle farvatn rundt heile kysten. Av omsyn til tryggleik og beredskap legg forsvarsinteressene visse avgrensingar på annan arealbruk i deler av kystsona. I regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er det peika på at forsvaret sine øvings- og skytefelt skal ivaretakast i kommunale planar (pkt. 2.12).

Det er to eksisterande oppdrettsanlegg i nærleiken av skytefeltet i Bjørnefjorden der dagens fortøyingsline ligg delvis innanfor skytefeltet. Planframlegget opnar for større anlegg, men i eit avgrensa omfang ut frå at begge anlegga er store ringanlegg og det er ikkje signalisert behov for større endringar utover dagens situasjon frå lokalitetseigarane. Deler av sikringssone for fortøyning ligg innanfor skytefeltet. Det er samstundes ikkje tilrådd eitt areal utanfor Strandvik/Juvik om ny arealbruk til akvakultur m.a. basert på skytefeltet. Ein vurderer at planen sin samla verknad for forsvarsinteresser er liten negativ til ingen konsekvens.

3.5.4 Skipstrafikk og arealbruk

Farleiene er transportårer for sjøtransporten langs kysten og for inn- og utsegling til havområda utanfor kysten. Leiene er som oftast bestemt av naturgevne tilhøve som øyar, holmar, skjer, grunner og liknande. Desse tilhøva avgrensar leia både i djupne og breidde og med omsyn til retningsendringar. Ulike typar fartøy eller installasjonar har varierande manøvreringsmoglegheit, og ut frå dette ulikt krav til djupne, breidde og areal. Det er også to ankringsområde i Fusa kommune lokalisert i Bjørnafjorden.


Planframlegget opnar i all hovudsak for utvikling av eksisterande lokalitetar med aktiv drift, samt vidareføring av fire areal frå gjeldande kommuneplan der det ikkje er etablert akvakulturverksemrd. I samanheng med skipstrafikk og arealbruk på sjø har planframlegget direkte arealbeslag knytt til anleggskonfigurasjonen på



Figur 13. Forsvarsinteresser, eksisterande situasjon og planlagt situasjon.


sjøflata, samt fortøyinger. Det er ingen av dei 18 akvakulturarealet i planframlegget som ligg innanfor dei to registrerte ankringsområda i Bjørnefjorden. Fleire av akvakulturføremåla er utvida ut mot farlei, dvs. lengre ut i fjorden, for å skape moglegheit for å endre anleggstype frå stålbur til plastringar, tilstrekkeleg djupne og gode straumforhold for oppdrettsanlegga. Dette kan medføre utfordringar for manøvrering av større skip inn til viktige hamner/målpunkt, særskilt gjeld dette innløpet til Eikelandsosen og i Sævareidfjorden.

- Eikelandsfjorden: I dag er det etablert tømmerkai i Eikelandsosen, elles er det ikkje større kaianlegg inne i fjorden. Fusa kommune jobbar med ei ny lokalisering av tømmerkaien på Samnøy (forventa vedtak på reguleringsplan hausten 2018). I følgje statistikk frå Havbase er det ikkje omfattande skipstrafikk inn til Eikelandsosen i dag:



Ein vurderer at akvakulturføremåla i Eikelandsfjorden ikkje vil ha vesentleg verknad for skipstrafikk inn til Eikelandsosen.

- Sævareidsfjorden: Inst i Sævareidsfjorden ligg eit settefiskanlegg, der det er ein del trafikk og leveransar sjøvegen. Planframlegget opnar for utvida areal for tre av anlegga som ligg i innløpet til settefiskanlegget. Arealendringa gjer at akvakulturanlegga kan kome nærmare farleia, og kan medføre at båtar/skip som skal inn til Sævareid må manøvrere seg forbi tre større akvakulturanlegg. Nye anlegg heilt ut til føremålgrensa kan vera til hinder for ferdsel på sjø i dette området. Tilhøve knytt til dette vil også bli avklara som del av konsesjonssøknad og -handsaming.



Figur 14. Illustrasjon av ferdsel på sjø, ankringsområde og forslag til areal avsett til akvakultur.

Eksisterande og framtidig fortøyingsanlegg til lokalitetane vil truleg ligge så djupt at dei ikkje vil vera til hinder for sjøvertsferdsel, verken for større eller mindre båtar/skip utanfor ferdelsforbodet, 20 meter frå bøyene på anlegget, eller inne ved land. Det er naudsynt med båttrafikk ut til oppdrettsanlegga. I tillegg til tilsettetransport til anlegga er det transport av fôr, fisk og i samband med behandlingar av fisk, noko som er synleg i AIS-datasetta til kystverket. Det er vanskeleg å estimere forventa endra anløp til anlegga, mellom anna på grunn av produksjonssyklus og storleik på fartøy, samt behov for behandlingar av fisk. Det er ikkje forventa at denne trafikken vil vera til hinder eller skape vesentlege verknadar for sjøvertsferdsle eller komme i konflikt med kjente ankringsområde.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger peiker på at;

- *Kommunane skal ha oppdatert kunnskap knytt til gjeldande farleier, trong for hamner og sjøretta næringsareal.*
- *Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i planar.*
- *Kommunar med viktige fiskerihamner skal sikre landarealet til fiskeriretta bruk og tilhøyrande sjøområde for ferdsel/manøvrering.*
- *Næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Samanhengen mellom land- og sjøareal må ivaretakast.*

Planarbeidet er basert på Fiskeridirektoratet og Kystverket sine databasar med oppdaterte kartdata (Yggdrasil og Kystinfo). Plangrensa er sett slik at landarealet ikkje er ein del av planen. Ein har likevel sett på planen sine verknadar for landarealet inkl. hamneføremål, samt behov for tiltak på land og kopling til landarealet når ein har fastsett akvakulturføremåla. Neste rullering av kommuneplanen må vurdere og sikre gode næringsareal til sjø. Det er vidare klassifisert to statlege fiskerihamner i Fusafjord; Baldersheim og Vinnes. Begge desse arealet er vidareført med føremål som sikrar arealet for bruk til fiskerihamn (kombinert føremål). Det er ikkje avsett føremål knytt til akvakultur i nærlieken av arealet som vil hindre dagens bruk av desse to hamnene. Sjøvertferdsle er vurdert for kvar arealendring, samt samla sett i avsnitt ovanfor.

Basert på kjent kunnskap vurderer ein at planen sin samla verknad for skipstrafikk og arealbruk i sjø er liten negativ

3.6 Samfunnsverknad

3.6.1 Arealbruk - nærmiljø på landsida / Folkehelse


Det er krav i Akvakulturlova om å nytte best tilgjengeleg teknologi, noko som vil gi minst sjenanse for omgivnaden. Det er forureiningslova med tilhøyrande forskrifter som regulerer utslepp til luft, og det er Fylkesmannen som er ansvarleg mynde. I dei fleste konsesjonsløyva til eksisterande lokalitetar er det sett generelle krav om m.a. at *aktivitet ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje medfører luktulemper for nabobar og lokalmiljø*. Lukt frå produksjon på matfiskanlegg kan førekommme av og til, men er i hovudsak avgrensa til område ved sjølve anlegget. Kjelder som kan skape lukt er mellom anna fôrbruk/-lagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, samt handtering av avfall. Oppbevaring av avfall må gjerast på ein slik måte at det vert minst mogleg lukt til omgjevnadane, og det er krav til at anlegga skal ha akutt beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Lyd kan ha verknad for bebuarar og brukarar av nærområdet til akvakulturlokalitetar. Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegg i form av m.a. aggregat, fôringsanlegg, fôr som går i slangar og spreiling av fôr. I tillegg er det aktivitetar knytt til drifta som båttrafikk til og frå anlegga for den daglege drifta, ulike arbeidsoperasjonar med lasting/lossing/ behandlingar og leveranse av fisk med brønnbåtar med meir. Lyd frå aktivitetene vil vera høyrbar over lengre avstandar og såleis vera til sjenanse for nokon. Det er ikkje naudsynleg slik at lyden er uakzeptabel og vert definert som støy, jf. støygrenser. Fylkesmannen kan, som forureiningsmynde, pålegge støykartlegging for å dokumentere dei faktiske tilhøva.

Fylkesmannen i Hordaland har erfaringar frå støy målingar og støy berekningar og dei syner til at i ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Det er fleire lokale tilhøve som kan spele inn som t.d. topografi og vindtilhøve, type fôrflåte, komponentar osv.. Areala avsett til ein bruk akvakultur i planframlegget er eksisterande område, og det er berre dei kombinerte føremåla med akvakultur som opnar for heilt nye anlegg. Fleire av føremåla avsett til akvakultur ligg nærmare busetnad enn 600 meter, og potensiale for verknad av støy er såleis tilstades. Fleire av desse bustad- og fritidsbustadområda ligg også i dag nær akvakulturanlegg. Dei kombinerte arealføremåla ligg noko lengre frå busetnad og verknaden av desse er såleis avgrensa. Det er ikkje gjennomført støy-berekningar som vil ta omsyn til m.a. topografi.

Det er forureiningslova med tilhøyrande forskrifter som regulerer støyutslepp, og det er Fylkesmannen som er ansvarleg mynde. I konsesjonsløyva til eksisterande lokalitetar er det mellom anna sett krav om at *anlegget skal utføre verksemda og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplagar for omgjevnaden*. Det er sett spesifikke krav i denne løyva til at utandørs støy frå verksemda ikkje skal overskride grenser i alle driftsdøgn. I tillegg er støyretningsline T1442 gjeldande for næringsverksemder, og denne skal følgjast.

Ein vurderer at planframlegget samla sett har liten negativ verknad for tema støy, lys og lukt. Desse tilhøva skal vurderast i detalj i konsesjonssaker der den spesifikke lokaliseringa av anlegget og komponentar er fastlagt. Planframlegget opnar for større anlegg og endring av plassering, samt nye anlegg innanfor dei kombinerte føremåla. Føring med utnyttingsgrad medverkar til å avgrense storleik på anlegga og såleis potensialet for støy til omkringliggende areal.



Figur 15. Oversikt av bustad og fritidsbustadføremål i kommune, samt 600 meter buffer kring areala avsett til akvakultur i forslag til KDP.

3.6.2 Næringsutvikling / verdiskaping / samfunnssnytte

Akvakulturnæringa har gjennom si relativt korte historie blitt viktig for sysselsetjing og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Næringa har bidrige til å oppretthalda og vidareutvikla mange større og mindre kystsamfunn. Samstundes har næringa fått ei aukande og til dels stor rolle for nasjonal verdiskaping og eksportinntekter. SINTEF utarbeidet årleg rapport om *nasjonal betydning av sjømatnæringen*. Rapporten frå 2018 viser at samla produksjonsverdi frå sjømatnæringa, inkl. ringverknadar i anna næringsliv, er samla 265 milliardar kroner i 2017. I Noreg var verdiskapinga nesten 94 milliardar kroner i 2017, og samla sysselsettingseffekt av norsk sjømatnæring har stabilisert seg kring 58.000 årsverk dei siste to åra. Av dette er om lag 50% direkte i næringa og 50% som ringverknadseffekt for tilknytt næringssliv. Om lag 33.700 årsverk var knytt til den havbruksbaserte verdikjeda i 2017, der ein framleis ser vekst i sysselsettinga i sjølve produksjonsleddet i havbruksnæringa. Den totale verdiskapinga (bidrag til BNP) frå havbruksrelatert aktivitet var i 2017 om lag 62 milliardar kroner.


I følgje rapporten *Nøkkeltall Vestlandet 2018* var det i 2016 om lag 15.000 årsverk knytt til marine næringar og ei omsetning på om lag 90 milliardar kroner i dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (marine næringar = fôrproduksjon, fiske, oppdrett, foredling, tenesteleverandør og utstyrleverandør). I Hordaland fylke var det sysselsett om lag 5.500 årsverk i marin næringar, der dei fleste er knytt til oppdrett og foredling. Over halvparten av dei sysselsette innanfor oppdrett på Vestlandet hadde sin arbeidsplass i Hordland, og om lag 27% av dei sysselsette innanfor foredling. Vestlandet hadde 2,3 ganger høgare andel sysselsette i marin næring samanlikna med Noreg for øvrig, og stort avvik var det innan oppdrett der Vestlandet har 3,4 ganger høgare andel årsverk sysselsett. Fusa kommune er nemnt i rapporten for kommunen er ein av dei 14 kommunane på Vestlandet som har ein relativ høg andel sysselsette årsverk retta mot utstyrsproduksjon til marin næring samanlikna med landet utanom Vestlandet i 2016. Dette er knytt til Framo Fusa.

	Næringen samlet	Fôrproduksjon	Fiske	Oppdrett	Foredling	Tjenesteleverandører	Utstyrleverandører
Omsetning	33 630	1 160	2 394	18 487	8 243	1 685	1 662
Driftsresultat	4 461	29	556	3 254	465	55	102
Årsresultat	9 851	-232	1 767	7 127	675	386	129
Lønnskostnader	3 782	88	789	1 178	695	624	408
Verdiskaping	8 243	117	1 345	4 432	1 160	678	510
Årsverk	5 508	145	1 155	1 741	1 176	779	512
Virksomheter	1 134	10	189	175	49	437	274
Nyetableringer¹⁾	6.61	10.00	8.99	6.29	4.08	9.84	6.57
Vareeksport	22 625	25	543	16 563	4 520	478	496

Note: Regnskapstall i millioner. Ansatte og antall virksomheter i reelle tall


1) Nyetableringer presenteres per 100 eksisterende virksomhet i aktuelle næring og region

Figur 16. Figur frå rapporten Nøkkeltall Vestlandet 2018 som viser nøkkeltall for marin næring 2016 i Hordaland. Tal direkte omfatta av oppdrett er uteha med blå boks.



Figur 17. Graf som viser eksport av norsk laks og aure per måned (mengde i tonn). Kjelde: nokkeltall.seafood.no.

Folketalet i Fusa kommune er om lag 3.900 innbyggjarar (SSB, 2018). I følgje SSB arbeidar 162 personar innan kategorien jordbruk, skogbruk og fiske. I Fusa kommune er det per oktober 2018 25 konsesjonsløyver for akvakulturverksemid. Desse konsesjonane er fordelt på 10 til matfisk, 10 til settefisk og 5 til stamfisk. 13 av desse konsesjonane er knytt til sjølokalitetar.



Figur 18. Lokalitetar med godkjent konsesjon i Fusa kommune. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

I Fusa kommune er det Bolaks AS som er hovudaktøren knytt til opprett i sjø, og har 12 av dei 13 eksisterande oppdrettsanlegga i sjø i kommunen. Bolaks er ei familieverksemد grunnlagt i 1975 og eigd av familien Holmefjord. Dei har hovudkontor og verksemda si hovudsakleg i Fusa kommune, der dei har om lag 60 fast tilsette og i tillegg lærlingar (kjelde bolaks.no). I tillegg har Tombre Fiskeanlegg AS mfl. ein oppdrettslokalitet i sjø. Bolaks og Tombre Fiskeanlegg mfl. er viktige lokale aktørar som skapar solide arbeidsplassar for innbyggjarar i kommunen og i regionen. Ein har i planarbeidet hatt tett dialog med næringa for å avklare om dagens lokalitetsstruktur er god og om næringa har planar om større endringar som ein bør planlegge for i komande planperiode. Med bakgrunn i tilbakemelding frå næringa er det fokusert på vidareutvikling og sikring av eksisterande lokalitetsstruktur, og i mindre grad fokus på nye område og artar for oppdrett. Ein har likevel valt å avsette område med kombinerte føremål til potensiell ny akvakulturaktivitet som følgje av ny teknologi eller andre artar.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken deira. Dagens kommuneplan er ikkje i tilstrekkeleg grad oppdatert for sjødelen. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankra i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Det er heller ikkje ønskjeleg med generelle plankrav for tiltak i sjø. Akvakultur er ei næring i rask utvikling med omsyn til drift og teknologi. Det er ei utfordring at kommuneplanrevisionar ofte ikkje har same fart som behovet bransjen har for arealavklaring. I dette ligg det eit stort ansvar for kommunane i god arealplanlegging i sjø for å sikre dei beste lokalitetane og tilstrekkeleg fleksibilitet og utviklingsmogleik innanfor desse.

Nytt planframlegg har gjennomført ei opprydding i dagens kommuneplan ved å fjerne, redusere, utvide og oppretthalde akvakulturføremål. Totalt er det avsett mindre areal til akvakultur enn gjeldande kommuneplan. Samstundes er det som hovudregel avsett større areal til akvakultur på lokalitetar der det er aktivitet og drift i dag. På denne måten er næringa sitt behov for fleksibilitet ivaretake og er ein positiv konsekvens av planframlegget.

Planen regulerer i hovudsak dagens produksjonsvolum (MTB) i området. Det er såleis ikkje lagt til rette for vesentleg auke i MTB i dette fjordsystemet. I ei tid der arealknappheit er ei utfordring for næringa i mange område kan denne prioriteringa synast defensiv. Dette er likevel eit val som er teke for komande planperiode. Dersom behovet for meir areal aukar i løpet av planperioden vil det kunne opna for ny rullering revisjon av kommuneplanen.

Det er grunn til å forvente auka sysselsetting dersom planframlegget sine moglegheiter vert realisert. I tillegg til arbeidsplassar på anlegget, kjem også potensielle nye arbeidsplassar i tilgrensande næringar som leverandørar av varer, service og tenester. Dette omfattar ringverknadar for t.d. brønnbåtselskap, settefiskproduksjon, matfiskproduksjon i sjø, slakteriverksemد og vidareforedling av fisk og produkt i regionen. Ein vurderer at planframlegget er i tråd med Fusa sine mål om at kommunen skal vera ein god verkskommune for næringslivet, syta for at det er lett å etablera nye arbeidsplassar, samt ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring. Planframlegget har stor positiv konsekvens for næringsutvikling, verdiskaping og sysselsetting.

3.7 Samsvar med overordna og regionale føringer

Kommunedelplanen oppdaterer sjødelen i Fusa kommune knytt til tema akvakultur. Det har vore behov for ei slik oppdatering sett i lys av at fleire av lokalitetane i kommunen er basert på dispensasjonar. Planframlegget legg til rette for store og framtidsretta akvakulturføremål og areal for fortøyingslinje som er avklara opp mot andre interesser og verdiar. Planarbeidet er utarbeida med utgangspunkt i kunnskapsbasert planlegging og forvaltning.

Planframlegget er vurdert til å vera i samsvar med nyleg vedteke rundskriv H-6/18 som m.a. legg vekt på oppdaterte kommuneplanar som vil redusere konfliktar lokalt og gi mindre behov for dispensasjonssøknadar.

Planen er også i samsvar med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (versjon vedteke oktober 2017) ut frå dei retningslinjene planen har fremja, t.d. *heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde i lag med næringa og sektormynde. Eksisterande akvakulturområde skal vurderast i høve til aktivitet og trøng for endring, og akvakultur bør prioriterast dersom området er godt eigna og næringa ser potensial for framtidig bruk.* Arealføremål i planforslaget avsett til akvakultur, einbruk eller kombinert, er innanfor arealsone akvakultur i *retningsgivande plankart – vurderingssone for kommunal planlegging*. Slik som regionalplanen legg opp til, er det gjennomført ei vurdering og detaljering utover dette plankartet og det er gjennomført konsekvensutgreiing av alle endringar av føremål til akvakultur i kommunedelplanen.


Planframlegget legg til rette for store og framtidsretta akvakulturføremål som dannar grunnlag for utvikling og vekst utover dagens situasjon. Det er gjennomført ei prioritering av arealbruken og det er i samråd med næringa regulert areal som ein vurderer til å vera eigna for næringsaktivitet. Planen er såleis i tråd med regional næringsplan for Hordaland og interkommunal næringsplan for Fusa, Os og Samnanger (ikkje vedteke).

Fusa kommune har i sin samfunnsdel i kommuneplanen lagt vekt på at dei vil ha ein vekst som tek vare på ressurs- og miljøgrunnlaget, der kommunen si oppgåve og utfordring er å finna balansen mellom dei ulike berekraftsperspektiva: miljø, økonomi, kultur og sosiale dimensjonar. Ein av strategiane kommuneplanen gir for å finne balansen mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og til attraktive bygggeområde, er å planleggja areal til næringsliv på land og sjø (havbruk). Kommunen har òg som mål å sikre det biologiske mangfaldet, der ein av strategiane er å leggja til rette for ein balansert sameksistens mellom naturlege artar og næring. Det er vidare sett fleire mål knytt til arbeidsplassar og næringsliv, m.a. at Fusa skal vera ein god vertskommune for næringslivet, og syta for at det er lett å etablera nye arbeidsplassar. Vidare at Fusa skal ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring. Planframlegget er vurdert til å vera i tråd med desse måla og strategiane ved at det er lagt vekt på næringsutvikling i område med eksisterande drift og aktivitet.

4 Konsekvensutgreiing - enkelt areal



4.1 Arealføremål akvakultur og kombinert arealføremål med akvakultur

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for 14 enkelt areal som er fordelt på følgjande:



1	Skifteeneset nord og sør
2	Lyngsnes
3	Skrubbo
4	Mjånes
5	Håvikvågen
6	Strandvik, Juvik
7	Skåtholmen
8	Fusavika
9	Gjerdesfluvika
10	Djupedalen
11	Osterstegdalen
12	Altaneset
13	Matland
14	Børøy nord 1 og 2

4.1.1 Skiftesneset nord og sør

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (540 daa) og Fiskeri (Gytfelt), Faresone skred H310 1 godkjent akvakulturlokalitet innanfor arealet einbruk akvakultur	
Planlagt arealbruk	Utviding av eksisterende areal for akvakultur i nordaust, redusert areal for akvakultur i sør og ny sikringssone fortøyning. Deling av eksisterende akvakulturområde i to arealflater: 1 einbruk akvakultur, 1 kombinert føremål akvakultur/ferdsel	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA12 = 516 dekar VKA7 = 138 dekar Sikringssone fortøyning = 2629 dekar	
Ev. spesielle føringer for ny arealbruk	VA12 = maks. utnyttingsgrad BYA 25%	
Skildring av området	Areala ligg på sørvestsida av innløpet til Lygrespollen. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Skiftesneset nord med pt. MTB 3120. I dag er anlegget av typen stålbur. I planforslaget er akvakulturarealet endra og det er avsett areal som opnar for 8 plastringer. Skiftesneset sør er utan konsesjon etter akvakulturforskrifta. På grunn av kort avstand mellom VA12 og VKA7 vil produksjon- og driftsmåte, samt vilkår for lokaliteten vil verta avgjort etter søknad og løyve etter sektorlovverk.	
Eksist. Kplan	Framlegg til ny arealavgrensing	Bilde av dagens anlegg
	 Sikringssone for fortøyningar Einbruk akvakultur Kombinert formål (akvakultur + fiske/ferdsel)	

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfald	<p>Store deler av Lygropollen er i KPA Fusa vist som omsynssone H560_68 (bevaring naturmiljø). Dette området samsvarar med naturtypelokaliteten sterke tidevannstrømmer, som er klassifisert som ein viktig lokalitet.</p> <p>Det er registrert 3 naturtypelokalitetar på landsida: bekkekløft og bergvegg (lokalt viktig) og regnskog. Det er observert/registrert fleire trua artar og ansvarsartar i områda på landsida. Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar er Lygreelv, Austefjordelva og Fossåelva.</p>	<p>Arealutvidinga opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon og det gjeldande KPA opnar for. Det er eksisterande verksemd innanfor VA12. Akvakulturområda ligg i utløpet av Lygropollen og elvane Lygreelv, Austefjordelva og Fossåelva. Naturypene, utover Lygropollen, og dei trua artane eller ansvarsartane er tilknytt landareala, og verksemd knytt til akvakultur vil ikkje påverke levevilkåra eller økosystema desse er avhengige av. Ny plansituasjon er vurdert til å ha mindre negativ konsekvens for anadrom fisk og naturtypelokaliteten i Lygropollen.</p>	-
Friluftsliv	<p>Lygropollen og innløpet er registrert som regionalt friluftsområde med verdsetting viktig (B). Verdiane er knytt til strandsona. Det er avsett friluftsføremål i sjø og grønstruktur i områda kring Lygropollen, men ikkje i området ved arealendringa. Det er ikkje statleg sikra friluftsområde i eller ved området. Landområdet ved Skiftesneset er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Det er ikkje registrerte turstiar i området.</p>	<p>Deler av sikringssone fortøyning overlappar med regionalt friluftsområde. Båtfart i området vil ikkje verta hindra av fortøyningane.</p> <p>Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon og det gjeldande KPA opnar for.</p> <p>Arealutvidinga kan ha noko negativ verknad for rekreasjonsoppleving.</p>	0/-
Landskap	<p>Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>småfjord- og storsundlandskap</i> og er klassifisert som vanleg førekommande landskap. Vestsida av innløpet til Lygropollen består av skogkledde, bratte lier som går rett i fjorden. Ytre del av neset mot Lukksundet er klassifisert som inngrepsfrie område (INON) meir enn 1-3 km til tyngre tekniske inngrep.</p>	<p>Arealutvidinga opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur) og noko større enn gjeldande KPA opnar for. Storleik av anlegget på VA12 er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande i forhold til dagens kommuneplan. Arealutvidinga vil for nokre gi ei negativ visuell verknad, men anlegget sin fjernverknad er avgrensa med omsyn til terrenghformasjonar. Større anlegg vil ikkje endre INON-klassifiseringa.</p>	0
Kulturminne	<p>Omsynssone bevaring kulturmiljø H570_16, Sundvorøya. Øya var utskipingshamn på 15- og 1600-talet, og staden skal ha betydeleg ballastgrunne. Det står eldre bygningar att på austsida av øya. Deler av omsynssona er automatisk freda etter kulturminnelova.</p>	<p>Sikringssone fortøyninga ligg utanfor omsynssone H570_16. At det kan etablerast akvakulturanlegg noko nærmare Sundvorøya enn 0-alternativet gjer at ein vurderer at arealet har ingen til liten negativ konsekvens.</p>	0/-

Fiskeri-interesser	Det er ikke registrert område for passive eller aktive reiskap i området. Det er registrert kast- og låssettingsplass inst i vågen (Instevågen) med bruksfrekvens A (god låssettingsplass). Arealet ved land er del av eit større område i og ved Lukksundet med gode fiskeplassar etter pigghå som i dag har strengt regulert fiske (rødlista art).	Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassen, men kan gjera tilkomst til KL-plass inst i vågen vanskeleg. Føresegne gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. Endringa sett i forhold til 0-alternativet er av mindre omfang.	-/0
Marine ressursar	Lygrepolen og innløpet er registrert som gytefelt MB for torsk. Området er registrert som eit lokalt viktig gytefelt (verdi: C). Areal inst ved land er del av eit større område i og ved Lukksundet som truleg er beiteområde/ oppsigslass for pigghå.	Akvakulturområdet omdi disponerer ein større del av gytefeltet enn dagens kommuneplan gjer. Sikringssone fortøyningar overlappar med registreringa. Akvakulturområdet omdi disponerer ein mindre del av beite-/oppsigsområdet enn dagens kommuneplan gjer.	-/0
Forsvarsinteresser	Det er ikke registrert øvingsområde eller skytefelt i eller nær områda		0
Skipstrafikk og arealbruk på sjø	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær områda. Utvida akvakulturområde gir potensiale for innsnevring av innløpet til Lygrepolen. Sikringssone fortøyingslinje går på tvers av fjorden. Dagens anlegg ligg tett opptil lyssektor kvit og utvida areal ligg innanfor lyssektor kvit.		-/0
Arealbruk på land/folkehelse	Arealet på landsida i vest er avsett til LNF og er skogkledd utmark. Det er avsett utbyggingsføremål på nordaustsida ved Hjartåker, med spreidd busetnad og ei mindre småbåthamn/-anlegg. Det er i tillegg noko spreidd busetnad langs Fv121 med utsyn til fjorden og akvakulturområda. Akvakulturområda er utvida utover dagens kommuneplan i retning busetnaden på nordsida av fjorden. Arealet gir moglegheit for å etablere anlegg med større utforming enn i dag, samt to separate anlegg (nord og sør). Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er om lag 500m til Sundvor og om lag 1,2 km til Hjartåker. Det er busetnad som har utsyn til akvakulturområda. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd nærmare busetnaden ifht. dagens situasjon og det gjeldande KPA opnar for. Arealutvidinga vil for nokre gi ei avgrensa negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. I regional kystsoneplan er Lygrepolen definert som eitt av 11 regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Endringa sett i forhold til 0-alternativet er av mindre omfang. Ein vurderer endringa til å ha ein liten negativ konsekvens, men ikkje av vesentleg grad på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet.		-/0
Næringsutvikling	Utvida areal og fleksibilitet for arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokalitetane. Planen gir moglegheit for langsigte og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokalitetane. Arealet i nord, VA12, gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten i nord og endre anlegget frå stålbur til plastringar. Arealet i sør, VK7, gir moglegheit for å søke om konsesjon på arealet, med føringar gitt i arealavgrensinga og at tiltaket syner akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøforhold. Planen medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet.		++

Samla vurdering/tilråding:

Areala er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tiltrådinga er basert på ønske om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet, og eigna areal for nytt anlegg og framtidsretta teknologi.

Arealutvidinga i nordaust opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur) og noko større enn gjeldande KPA opnar for. Storleik av anlegget på VA12 er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande i forhold til dagens kommuneplan. Arealet VKA7 er noko redusert i høve til dagens KPA. Areala har mindre negative verknadar for nærliggjande verdiar og interesser.

Natur-mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Nærings-utvikling
-	0/-	0	0/-	-/0	-/0	0	-/0	-/0	++

4.1.2 Lyngsnes

Gjeldande arealbruk KPA	KPA Bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterande akvakulturlokalitet (dispensasjon)	
Planlagt arealbruk	Nytt areal for akvakultur og sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA11 = 348 dekar Sikringssone fortøyning = 5220 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA11 = maks. utnyttingsgrad BYA 45%	
Skildring av området	Arealet ligg ved Lyngsnes sør for Sævareidfjorden. Arealet noko ope til mot Bjørnafjorden i nord/vest. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Lyngsnes med pt. MTB 3120. I dag er anlegget av typen ringanlegg med 6 plastringar, og det er avsett nytt areal som gir rom for å justere og flytte anlegget.	
Eksist. Kplan (200%)	Framlegg til ny arealavgrensing	Bilde av dagens anlegg
		

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Natur-mangfold	<p>Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet.</p> <p>Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda på landsida.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Baldersheimelva og Vikeelva.</p>	<p>Akvakulturområdet ligg ope til mot Bjørnafjorden, og om lag 2 og 5 km til nærmeste anadrome vassdrag. Det er eksisterande verksemd innanfor VA11. Alle naturtypane på land og dei trua artane eller ansvarsartane er tilknytt landarealet, og verksemd knytt til akvakultur vil ikkje påverke levevilkåra eller økosistema desse er avhengige av. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 6 plastringar) er vurdert til å ha ingen til mindre negativ konsekvens for anadrom fisk.</p>	0/-

Friluftsliv	<p>Det er ingen registrerte regionale friluftsområde i sjøområda ved arealet.</p> <p>Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen nord for arealet (Lyngnesvågen) og omsynssone friluftsliv (H530_2) over strandsone og sjøområda i vågen sør for arealet (Selvågen).</p> <p>Det er ikkje statleg sikra friluftsområde i eller ved området.</p> <p>Det er ikkje registrert turstiar i området nærest sjøen.</p>	<p>Deler av sikringssone fortøyning ligg i innløpet til Lyngnesvågen og Selvågen, noko som eksisterande fortøyningar også gjer.</p> <p>Båtutfart i området vil ikkje verta hindra av fortøyingane.</p> <p>Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving, men av eit mindre omfang med utgangspunkt i 0-alterntivet.</p>	0/-
Landskap	<p>Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha stor verdi. Dette er eit storskala landskapsrom med unik oppleving av visuell kontakt mellom ope hav og bre.</p> <p>Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.</p>	<p>Akvakulturområdet opnar for justering og flytting av dagens ringanlegg med 6 plastringar og utnytting av området på sjøflata er avgrensa ved bruk av maksimal BYA som er tilnærma dagens anlegg. Arealutvidinga er i retning frå land og vil for nokre gi ei mindre negativ visuell verknad. Anlegget er relativt synleg frå sjø, men noko skjerma frå landsida med omsyn til terrengrformasjonar. Den visuelle verknaden av anlegget vert i mindre grad endra.</p>	0/-
Kulturminne	<p>Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Næraste kulturminne ligg på Hjartnestangen sør for arealet (gravminne).</p> <p>Areal kring Fagervikneset-Hjartneset-Hjartnesvågen er klassifisert som kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Ingen direkte arealkonflikt.</p> <p>Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i liten grad påverka.</p>	0
Fiskeri-interesser	<p>Det er ikkje registrert område for passive eller aktive reiskap i området. Næraste område er eit større område for passive reiskap i nordvest (Synstefluha-Grunna-Flategrunn i Bjørnefjorden). Det er registrert kast- og låssettingsplass inst i vågen (Søre Skorevågen) med bruksfrekvens A (svært god kaste- og låssettingsplass). Dette området er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL).</p>	<p>Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassen. Deler av sikringssone fortøyning ligg i innløpet til Lyngnesvågen, noko som eksisterande fortøyningar også gjer. Føresagnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. Arealet har ingen verknad for fiskeriinteresser.</p>	0
Marine ressursar	Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av arealet.		0
Forsvars-interesser	Deler av akvakulturområdet og sikringssone fortøyning ligg innanfor registrert skytefelt i Bjørnefjorden, noko som eksisterande anlegg og fortøyningar også gjer. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 6 plastringar) er vurdert til å ha mindre negativ konsekvens for forsvarsinteressene.		-

Skipstrafikk og arealbruk på sjø	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Det er god avstand til merka farlei til Lukksundet og Sævareidfjorden. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia, men dette vil ikke vera til hinder for ferdsel på sjø. Dagens anlegg ligg lyssektor grøn og utvida areal ligg innanfor lyssektor grøn. Dagens anlegg er godkjent med plasseringa den har i dag.	0
Arealbruk på land / folkehelse	Arealet på landsida ved Selvågen er avsett til fritidsføremål, og småbåthamn. Området nærmest akvakulturområdet er avsett til LNF og er skogkledd utmark. Det er spreidd busetnad langs Fv121 med utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Akvakulturområdet er utvida utover dagens situasjon (ringanlegg med 6 plastringar) og kan komme noko nærmere busetnaden ved Fagervikneset og Baldersheim. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast og justerast noko. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er om lag 450m til Fagervikneset og om lag 2,3km til Baldersheim/Tveitneset. Dette er busetnad som allereie i dag har utsyn til akvakulturområdet her og elles i fjordbassenget. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd noko nærmere busetnaden ifht. dagens situasjon, og kan for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ut frå dagens situasjon, avgrensa moglegheit for justering og flytting, samt avstandar til busetnad på land vurderer ein at endringa har ingen konsekvens.	0
Næringsutvikling	Dagens anlegg er gitt som dispensasjon. At det vert avsett akvakulturføremål for arealet, samt moglegheit for justering og mindre flytting gir føreseielege rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir betre moglegheit for langsigte og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar å trygge arbeidsplassar.	++

Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønske om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Anlegget på lokaliteten er av typen ringanlegg med 6 plastringar. Gjennom fastsetjing av arealføremål for akvakultur skapast det meir føreseielege rammer for vidare drift og utvikling enn dagens plansituasjon. Nytt akvakulturføremål gir rom for justering og flytting av anlegget. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, som er tilnærma lik som dagens anlegg. Arealet har mindre negative verknadar for nærliggjande verdiar og interesser.

Naturmangfold	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvarsinteresser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Næringsutvikling
0/-	0/-	0/-	0	0	0	-	0	0	++

4.1.3 Skrubbo

Gjeldande arealbruk	KPA Bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterende akvakulturlokalisering (dispensasjon)	
Planlagt arealbruk	Nytt areal for akvakultur og sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA10 = 535 dekar Sikringssone fortøyning = 8186 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA10 = maks. utnyttingsgrad BYA 25%	
Skildring av området	Arealet ligg i innløpet til Sævareidfjorden, på austsida av fjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Skrubbo med pt. MTB 3120. I dag er anlegget av typen ringanlegg med 8 plastringar, og det er avsett areal for endring som gir rom for å justere og flytte anlegget.	
Eksist. Kplan	Framlegg til ny arealavgrensing	Bilde av dagens anlegg
		

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	<p>Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar på eller ved arealet. Næraste registrerte funksjonsområdet er ved Steglholmen i vest som er yngleområde for fiskemåke og makrellterne. Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda på landsida. M.a. ved Steglholmen fiskemåke og makrellterne, og ved Skjelevika/Storasundet innafor Storholmen ærfugl, havelle, sjørre, svartbak. Vestre del av Steglholmen og Gåseskjæret er naturvernområde for sjøfugl.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Baldersheimelva i sør og Vikeelva i vest.</p>	<p>Akvakulturområdet ligg over 1 km fra naturvernområdet, noko som er nærmere enn dagens anlegg. Litteraturstudiet i NINA-rapport 1199 viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter.</p> <p>Området ligg ope til mot Bjørnafjorden, og om lag 1,7 og 2 km til nærmeste anadrome vassdrag.</p>	-/0

		Det er eksisterande verksemde innanfor VA10. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 8 plastringar) er vurdert til å ha mindre negativ til ingen konsekvens for anadrom fisk og funksjons-område/ansvarsartar og naturvernområde.	
Friluftsliv	Sævareidfjorden og kystsona ved Strandvik er registrert som regionalt friluftsområde med verdisetting registrert (C). Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen aust for arealet (Russevika). Skjelevika vest for området er statleg sikra friluftsområde – ei badevik med svaberg, klipper og bakland. Området er eit viktig friluftsområde som er tilrettelagt for bruk. Det er ikkje registrert turstiar i området nærest sjøen.	Akvakulturområdet og fortøyinger ligg nærmare Skjelevika, og lengre vekk frå Russevika enn dagens situasjon. Båtutfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Storholmen medverkar til å avgrense utsikt frå Skjelevika til anlegget. Arealutvidinga vil ha noko mindre negativ verknad for rekreasjonsoppleving.	-
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha stor verdi. Dette er eit storskala landskapsrom med unik oppleving av visuell kontakt mellom ope hav og bre. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.	Akvakulturområdet opnar for justering og flytting av dagens ringanlegg med 8 plastringar og utnytting av området på sjøflata er avgrensa ved bruk av maksimal BYA som er tilnærma dagens anlegg. Arealutvidinga er i retning mot vest og sør som vil gjera at anlegget vert meir eksponert i fjorden, og dette vil for nokre gi ei negativ visuell verknad. Anlegget er godt synleg frå sjøsida, men noko skjerma frå landsida i vest med omsyn til terrengformasjonar (Storholmen og Steglholmen). Den visuelle verknaden av anlegget vert i mindre grad endra med utgangspunkt i at storleik på anlegget vert om lag som dagens anleggsstorleik (BYA).	0/-
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne på land i nærleiken av området. Registrert automatisk freda kulturminne i sjø på Ulven/ Mjånestangen nord for akvakulturrealet, men innafor sikringssone fortøyning (skipsvrak. Forlis frå 1890). Areala ved Strandvik er klassifisert som kulturminnerik strandsone. Deler av Sævareidfjorden er klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.	Sikringssone fortøyning har direkte arealkonflikt med registrert kulturminne ved Mjånestangen. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera i konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad endra. Deler av akvakulturområde og sikringssone fortøyning ligg i område med potensiale for kulturminne. At det kan etablerast akvakulturanlegg og fortøyingslinje nærmare registrert kulturminne og i	0/-

		område med potensiale for kulturminne i sjø enn 0-alternativet gjer at ein vurderer at arealet har ingen til liten negativ konsekvens.	
Fiskeri-interesser	<p>Det er ikke registrert område for aktive reiskap nær akvakulturområdet eller sikringssone fortøyning. Det er registrert område for passive reiskap der dagens anlegg ligg, og utvida areal for akvakultur (Skrubbo i Bjørnefjorden). Vidare ligg sikringssone fortøyningar innanfor deler av fiskeområde for passive reiskap (Sævareidfjorden). Begge desse fiskeområda er fortrinnsvis nyttta av lokale fiskarar i tillegg til fritids- og turistfiske.</p> <p>Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Sævareidfjorden med prioritet A (god kaste- og låssettingsplass). Desse områda er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL).</p>	<p>Fiskeplassen Skrubbo er i stor grad forringa og lagt beslag på av dagens anlegg og fortøyingslinjer (0-alternativet). Planframlegget vil legge ytterlegare beslag på fiskeplassen i retning sør og vest. Fiskeplassane for passive reiskap i Sævareidfjorden vil kunne få redusert bruksverdi med omsyn til 0-alternativet med utgangspunkt i fleire/endra fortøyingslinje i området. Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassane. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.</p>	-
Marine ressursar	<p>Det er registrert gytefelt i deler av området til fortøyningar (Håvik-Sævareidfjorden). Dette arealet er i gjeldande kommuneplan avsett til fiske (gytefelt for torsk).</p> <p>Det er ikke registrert oppvekstområde i nærleiken av arealet.</p>	<p>Det kan etablerast akvakulturanlegg og fortøyingslinje noko nærmare gytefeltet enn 0-alternativet. Føresegnene gir at søknadar om nye/endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal vurderast i høve til kjent kunnskap og verknadar skal belysast for m.a. gytefelt/gyteområde, oppvekstområde/beiteområde, dette gjer at ein vurderer at VA10 og sikringssone har ingen konsekvens.</p>	0
Forsvarsinteresser	<p>Ein del av akvakulturområdet (ca. 2 daa) og sikringssone fortøyning (ca. 560 daa) ligg innanfor registrert skytefelt i Bjørnefjorden. Deler av eksisterande anlegg sine fortøyningar går også innanfor registrert skytefelt. Endra utforming på anlegget kan medverke til auka arealbeslag knytt til fortøyingslinjer i skytefeltet.</p>		-/0
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Dagens anlegg ligg tett opp til lyssektor kvit og utvida areal ligg innanfor lyssektor kvit. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia, og det er om lag 150 m til merka farlei til Sævareidfjorden. Arealet ligg relativt tett på forslag til nytt akvakulturområde, VA9 (ca. 440m). Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan etablerast nærmare farleia, og kan medføre at båtar/skip som skal inn til Sævareid må manøvrere seg forbi tre større akvakulturanlegg. Båttrafikk med større tonnasje er her i hovudsak knytt oppdrett (matfiskanlegg eller settefiskanlegg). Nytt anlegg heilt ut til føremålgrensa i vest kan vera til hinder for ferdsel på sjø.</p>		-

Arealbruk/ nærmiljø på land	Arealet på landsida ved Marsteinen og Russevika er avsett til næringsområde, fritidsføremål, og friluftsføremål på sjø. Planframlegget opnar for at anlegget kan flyttast lengre frå land, og ev. endring av fortøyingslinjer må leggast slik at tilkomst til næringsområda sjøleia vert sikra. Sør for akvakulturføremålet ved Baldersheim er det bustad, skule og sentrumsføremål. Området nærmest akvakulturområdet er avsett til LNF og er skogkledd utmark. Det er elles spreidd busetnad langs Fv121 med utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Akvakulturområdet er utvida utover dagens situasjon og kan komme noko nærmare busetnaden ved Baldersheim. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast og justerast. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er om lag 700-800m til Revna/Revneneset og om lag 550m til fritidsbusetnad ved Tjuavika. Dette er busetnad som allereie i dag har utsyn til akvakulturområdet. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd noko nærmare busetnaden ifht. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast og justerast noko, men verknaden av dette for nærmiljøet og busetnad vil vera liten. Ein vurderer endringa til å ha liten negativ til ingen konsekvens på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet.	-/0
Nærings- utvikling	Dagens anlegg er gitt som dispensasjon. At det vert avsett akvakulturføremål for arealet, samt moglegheit for justering og flytting gir føreseielege rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir betre moglegheit for langsiktige og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar. Arealet ligg relativt tett på næringsareal på landsida i aust som per i dag ikkje er teke i bruk. Dette gir eit potensiale for å kople næringsaktivitet i sjø og land knytt til akvakultur.	++

Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Anlegget på lokaliteten er av typen ringanlegg med 8 plastringar. Gjennom fastsetjing av arealføremål for akvakultur skapast det meir føreseielege rammer for vidare drift og utvikling enn dagens plansituasjon. Nytt akvakulturføremål gir rom for justering og flytting av anlegget. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er tilnærma likt dagens anlegg.

Arealet har nokre negative verknadar for nærliggjande verdiar og interesser som må takast omsyn til ved konsesjonshandsaming av endra situasjon på lokaliteten.

Natur- mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur- minne	Fiskeri- interesser	Marine ressursar	Forsvars- interesser	Skips- trafikk og arealbruk	Arealbruk/ folkehelse	Nærings- utvikling
-/0	-	0/-	0/-	-	0	-/0	-	-/0	++

4.1.4 Mjånes

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (419 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag. Farledslinje. Faresone skred H310 Eksisterende akvakulturlokalisitet	<p> KPA 2015: Akvakulturføremål Ny akvakulturføremål/avgrensing (2018) Ein bruk akvakultur Kombinert formål (akvakultur + fiske/ferdsel) </p>	
Planlagt arealbruk	Endra og utvida areal for akvakultur og ny sikringssone fortøyning. Storleik på akvakulturområdet er noko mindre enn i gjeldande kommuneplan (gjeldande kommuneplan ca. 418 daa).		
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA9 = 301 dekar Sikringssone fortøyning = 8186 dekar		
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA9 = maks. utnyttingsgrad BYA 35%		
Skildring av området	Arealet ligg i innløpet til indre del av Sævareidfjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Mjånes med pt. MTB 1560, og produksjonen er knytt til stamfisk. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for 7 plastringar. Storleiken og tal plastringar er sett med bakgrunn i at ein ikkje skal blande genar og familiarer.		
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing <p> Sikringssone for fortøyningar Ein bruk akvakultur Kombinert formål (akvakultur + fiske/ferdsel) </p>	
		Bilde av dagens anlegg <p>Mjånes</p>	

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikkje registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet. Næraste registrerte funksjonsområdet er	Akvakulturområdet ligg over 3 km frå naturvernområdet, og nytt areal er trekt lengre vekk	0/-

	<p>ved Steglholmen i sør som er yngleområde for fiskemåke og makrellterne. Vestre del av Steglholmen og Gåseskjæret er naturvernområde for sjøfugl.</p> <p>Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda i sjø og på landsida. Artane i sjø er; sild, brisling, makrell og kolmule. Det er registrert framand art ved Mjånestangen, Krokbærer, som er ein type alge som m.a. utkonkurrerer og hindrar andre artar å etablere/retablere seg.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Baldersheimelva i søraust og Vikeelva i sørvest.</p>	<p>frå det. Området ligg i indre del av Sævareidfjorden. Registrerte anadrome vassdrag ligg utanfor akvakulturområdet.</p> <p>Krokbærer kan spreast via utstyr og ballastvatn. Risiko for spreieing utover dagens situasjon er mindre pga. eksisterande aktivitet.</p> <p>Det er eksisterande verksemde innanfor VA9 knytt til stamfisk (stålbur og ringar). Endra og utvida akvakulturområde er vurdert til å ha ingen til liten negativ konsekvens for anadrom fisk, registrerte trua artar/ansvarsartar og naturvernområde.</p>	
Friluftsliv	<p>Sævareidfjorden og kystsona ved Strandvik er registrert som regionalt friluftsområde med registrert verdi C. Verdiane er knytt til friluftsaktivitetar.</p> <p>Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen aust for arealet (auste del av Mjånesvågen), samt omsynssone friluftsliv ved Nautaneset aust for akvakulturføremålet. Skjelevika sørvest for området er statleg sikra friluftsområde – ei badevik med svaberg, klippar og bakland.</p> <p>Området er eit viktig friluftsområde som er tilrettelagt for bruk.</p> <p>Det er ikkje registrert turstiar i området nær sjø.</p>	<p>Akvakulturområdet ligg like nærmare Nautaneset, og lengre vekk frå Skjelevika enn dagens situasjon, men det er opna for fortøyinger nærmare enn i dag.</p> <p>Båtutfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon.</p> <p>Det er direkte utsyn frå Skjelevika, Mjånesvågen og Nautaneset til akvakulturføremålet. Arealutvidinga kan ha mindre negativ verknad på rekreasjonsoppleving.</p>	0/-
Landskap	<p>Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels breie fjordløp</i> og er klassifisert til å ha vanleg førekommande verdi. Sævareidfjorden er ei ope trakforma fjord som vert delt i to botnar under bratte fjellparti.</p> <p>Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken.</p>	<p>Arealendringa opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), men tilnærma like stort areal som dagens plansituasjon. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande i forhold til dagens kommuneplan.</p> <p>Arealutvidinga er i retning frå land og vil verta meir eksponert enn dagens situasjon. Dette vil for nokre gi ei mindre negativ visuell verknad.</p>	0/-
Kulturminne	<p>Ingen automatisk freda kulturminne på land i nærleiken av området.</p> <p>Registrert automatisk freda kulturminne i sjø på Ulven/ Mjånestangen nord for akvakulturrealet, men innanfor sikringssone fortøyning (skipsvrak. Forlis frå 1890).</p> <p>Deler av Sævareidfjorden er klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.</p>	<p>Sikringssone fortøyning har direkte arealkonflikt med registrert kulturminne ved Mjånestangen.</p> <p>Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera i konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert lite endra.</p>	0/-

		Akvakulturområdet og deler av sikringssone fortøyning ligg i område med potensiale for kulturminne. Akvakulturføremålet er endra og er no lengre fra det kjente kulturminnet ved Mjånestangen. At det kan etablerast fortøyingslinje i område med potensiale for kulturminne i sjø gjer at ein vurderer at arealet har ingen til liten negativ konsekvens.	
Fiskeri-interesser	<p>Det er ikkje registrert område for aktive reiskap nær akvakulturområdet eller sikringssone fortøyning.</p> <p>Det er registrert område for passive reiskap der dagens anlegg ligg, og utvida areal for akvakultur (Sævareidfjorden), samt i område med fortøyningar. Området vert fortrinnsvis nytta av lokale fiskarar i tillegg til fritids- og turistfiske.</p> <p>Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Sævareidfjorden med prioritet A (god kaste- og låssettingsplass), nærmaste er Mjånesvågen i aust. Desse områda er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL).</p>	<p>Fiskeplassen Sævareidfjorden er i ein viss grad forringa og lagt beslag på av dagens anlegg og fortøyingslinjer (0-alternativet). Planframlegget vil legge ytterlegare beslag på fiskeplassen i retning nord. Fiskeplassane for passive reiskap i Sævareidfjorden vil kunne få redusert bruksverdi med omsyn til 0-alternativet med utgangspunkt i endra fortøyingslinje i området.</p> <p>Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassane. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.</p>	-
Marine ressursar	<p>Det er registrert gytefelt i deler av området til fortøyningar (Håvik-Sævareidfjorden). Dette arealet er i gjeldande kommuneplan avsett til fiske (gytefelt for torsk).</p> <p>Det er ikkje registrert oppvekstområde i nærleiken av arealet.</p>	<p>Arealutvidinga opnar for større anlegg i retning gytefeltet. Føresegnene gir at søknadar om nye/endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal vurderast i høve til kjent kunnskap og verknadar skal belysast for m.a. gytefelt/ gyteområde, oppvekstområde/ beiteområde, dette gjer at ein vurderer at VA9 og sikringssone har ingen konsekvens.</p>	0
Forsvars-interesser	Akvakulturområdet ligg utanfor, medan ein del av sikringssone fortøyning (ca. 560 daa) ligg innanfor registrert skytefelt i Bjørnefjorden. Dagens anlegg på Mjånes med fortøyningar går ikkje inn i skytefeltet, og det er ikkje truleg at framtidig anlegg vil gjera det heller med omsyn til avstand til skytefeltet (ca. 2,5km).		0
Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Arealutvidinga opnar for større anlegg og er i direkte konflikt med registrert farlei i Sævareidfjorden. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia. Arealet ligg relativt tett på forslag til nytt akvakulturområde, VA10 (ca. 1,6km) og VA8 (ca.1,1km). Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan etablerast nærmare farleia, og kan medføre at båtar/skip som skal inn til Sævareid må manøvrere seg forbi tre større akvakulturanlegg. Båttrafikk med større tonnasje er her i hovudsak knytt til oppdrett (matfiskanlegg eller settefiskanlegg). Nytt anlegg heilt ut til føremålgrensa i nord/vest kan vera til hinder for ferdsel på sjø.	--	

Arealbruk på land/ folkehelse	Arealet på landsida ved Marsteinen/Mjånesvågen er avsett til næringsområde, fritidsføremål, småbåthamn og naust. Området nærmest akvakulturområdet er avsett til LNF og naust. Det er elles spreidd busetnad på Mjånestangen/Mjånes og langs Fv121 med delvis utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast lengre ut i fjorden og justerast noko. Eit større anlegg lengre ut i fjorden vil vera meir synleg og eksponert. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er som i dag, om lag 50-60m til nærmeste busetnad på Mjånes. Dette er busetnad som allereie i dag har utsyn til akvakulturområdet. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ein vurderer endringa til å ha ingen til liten negativ konsekvens på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet.	0/-
Nærings- utvikling	Utvila areal og fleksibilitet for arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsigte og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Arealet gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget frå stålbur til plastringar. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++



Samla vurdering/tiltråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tiltrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Arealet opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), men arealet er mindre enn i gjeldande KPA (ca. 100 daa mindre). Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som også er avgrensande i forhold til dagens kommuneplan. Arealet har mindre negative verknadar for dei fleste nærliggjande verdiar og interesser, men er vurdert til å ha negativ verknad for skipstrafikk dersom anlegget vert lagt heilt ut til føremålsgrensa i nord/ vest.

Natur- mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur- minne	Fiskeri- interesser	Marine ressursar	Forsvars- interesser	Skips- trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/ folkehelse	Nærings- utvikling
0/-	0/-	0/-	0/-	-	0	0	--	0/-	++

4.1.5 Håvikvågen

Gjeldande arealbruk	KPA Bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterande akvakulturlokalitet (dispensasjon)	
Planlagt arealbruk	Nytt areal for akvakultur og sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA8 = 458 dekar Sikringssone fortøyning = 8186 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA8 = maks. utnyttingsgrad BYA 20%	
Skildring av området	Arealet ligg i innløpet til Sævareidfjorden, på vestsida av fjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Håvikneset med pt. MTB 2140. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for 6 plastringar.	
Eksist. Kplan	Framlegg til ny arealavgrensing	Bilde av dagens anlegg
		 Håvik

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	<p>Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet. Næraste registrerte funksjonsområdet er ved Steglholmen i sør som er yngleområde for fiskemåke og makrellterne. Vestre del av Steglholmen og Gåseskjæret er naturvernområde for sjøfugl. Det er registrert trua artar og ansvarsartar i områda på landsida m.a. ved Steglholmen fiskemåke og makrellterne, og ved Skjelevika/Storasundet innanfor Storholmen ærfugl, havelle, sjørre, svartbak. Vestre del av Steglholmen og Gåseskjæret er naturvernområde for sjøfugl. Det er registrert trua artar og</p>	<p>Akvakulturområdet ligg over 1,5 km frå naturvernområdet, noko som er nærmere enn dagens anlegg. Området ligg i utløpet av Sævareidfjorden. Litteraturstudiet i NINA-rapport 1199 viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter. Det er eksisterande verksemd innanfor VA8.</p>	-

	<p>ansvarsartar i områda i sjø; sild, brisling, makrell og kolmule. Det er registrert framand art ved Mjånestangen, Krokbærer, som er ein type alge som m.a. har utkonkurrerer og hindrar andre artar å etablere/retablere seg.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Baldersheimelva i søraust og Vikeelva i sørvest.</p>	<p>Registrerte anadrome vassdrag ligg utanfor akvakulturområdet.</p> <p>Krokbærer kan spreia via utstyr og ballastvatn. Risiko for spreiaing utover dagens situasjon er mindre pga. eksisterande aktivitet.</p> <p>Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (anlegg av stålbur) er vurdert til å noko negativ konsekvens for anadrom fisk, registrerte trua artar/ansvarsartar og naturvernområde.</p>	
Friluftsliv	<p>Sævareidfjorden og kystsona ved Strandvik er registrert som regionalt friluftsområde med registrert verdi C. Verdiane er knytt til friluftsaktivitetar.</p> <p>Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen sørvest for arealet (Skjelevika) og søraust for arealet (Russevika). Skjelevika er statleg sikra friluftsområde – ei badevik med svaberg, klippar og bakland. Området er eit viktig friluftsområde som er tilrettelagt for bruk. Det er ikkje registrert turstiar i området nær sjø.</p>	<p>Akvakulturområdet og fortøyinger ligg nærmare Skjelevika (no ca. 450m) og Russevika (no ca. 950 m) enn dagens situasjon, og det er opna for fortøyinger nærmare enn i dag. Arealet opnar for at anlegget kan ligge lengre ut i farleia enn dagens situasjon. Småbåtfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Det er direkte utsyn frå Skjelevika, til akvakulturføremålet. Arealutvidinga vil ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving.</p>	-
Landskap	<p>Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels breie fjordløp</i> og er klassifisert til å ha vanleg førekommande verdi. Sævareidfjorden er ei ope traktforma fjord som vert delt i to botnar under bratte fjellparti.</p> <p>Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.</p>	<p>Arealendringa opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur). Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA. Arealutvidinga er i retning frå land og vil verta meir eksponert enn dagens situasjon. Dette vil for nokre gi ei negativ visuell verknad.</p>	-/0
Kulturminne	<p>Ingen automatisk freda kulturminne på land i nærleiken av området.</p> <p>Registrert automatisk freda kulturminne i sjø på Ulven/ Mjånestangen aust for akvakulturatealet, men innanfor sikringssone fortøyning (skipsvrak. Forlis frå 1890).</p> <p>Deler av Sævareidfjorden er klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.</p> <p>Areala ved Strandvik er klassifisert som kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Sikringssone fortøyning har direkte arealkonflikt med registrert kulturminne ved Mjånestangen. Føresegne gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera i konflikt med automatisk freda kulturminne. Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad endra. Akvakulturområdet og deler av sikringssone fortøyning ligg i område med potensiale for kulturminne.</p> <p>At det kan etablerast akvakulturanlegg og fortøyingslinje nærmare registrert kulturminne og tiltak i område med</p>	0/-

		potensial for kulturminne i sjø enn 0-alternativet gjer at ein vurderer at arealet har ingen til liten negativ konsekvens.	
Fiskeri-interesser	<p>Det er ikke registrert område for aktive reiskap nær akvakulturområdet eller sikringssone fortøyning.</p> <p>Det er registrert område for passive reiskap der dagens anlegg ligg, og utvida areal for akvakultur (Sævareidfjorden), samt i område med fortøyningar. Området vert fortrinnsvis nytta av lokale fiskarar i tillegg til fritids- og turistfiske.</p> <p>Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Sævareidfjorden med prioritet A (god kaste- og låssettingsplass), nærmaste er Vågen i nordvest og Lindarholmen i sørvest. Desse områda er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL).</p>	<p>Fiskeplassen Sævareidfjorden er i ein viss grad forringa og lagt beslag på av dagens anlegg og fortøyingslinjer (0-alternativet). Planframlegget vil legge ytterlegare beslag på fiskeplassen. Fiskeplassane for passive reiskap i Sævareidfjorden vil kunne få redusert bruksverdi med omsyn til 0-alternativet med utgangspunkt i fleire/endra fortøyingslinje i området.</p> <p>Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassane. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.</p>	-
Marine ressursar	<p>Det er registrert gytefelt i deler av området til fortøyningar (Håvik-Sævareidfjorden). Dette arealet er i gjeldande kommuneplan avsett til fiske (gytefelt for torsk).</p> <p>Det er ikke registrert oppvekstområde i nærleiken av arealet.</p>	Arealutvidinga opnar for større anlegg i retning frå gytefeltet. Føresegnene gir at søknadar om nye/endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal vurderast i høve til kjent kunnskap og verknadar skal belysast for m.a. gytefelt/gyteområde, oppvekstområde/beiteområde, dette gjer at ein vurderer at VA8 og sikringssone har ingen konsekvens.	0
Forsvars-interesser	Akvakulturområdet ligg utanfor, medan ein del av sikringssone fortøyning (ca. 560 daa) ligg innanfor registrert skytefelt i Bjørnefjorden. Dagens anlegg på Håvikvågen med fortøyningar går ikkje inn i skytefeltet, og det er ikke truleg at framtidig anlegg vil gjera det heller med omsyn til avstand til skytefeltet (ca. 1,4km).		0
Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Dagens anlegg ligg tett opp til lyssektor kvit og utvida areal ligg innanfor lyssektor kvit. Arealutvidinga opnar for større anlegg enn 0-alternativet (anlegg med stålbur) og grensar til registrert farlei i Sævareidfjorden. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia. Arealet ligg relativt tett på forslag til nytt akvakulturområde, VA10 (ca. 440m) og VA9 (ca.1,1km). Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan etablerast nærmare farleia, og kan medføre at båtar/skip som skal inn til Sævareid må manøvrere seg forbi tre større akvakulturanlegg. Båttrafikk med større tonnasje er her i hovudsak knytt til oppdrett (matfiskanlegg eller settefiskanlegg). Nytt anlegg heilt ut til føremålgrensa i aust kan vera til hinder for ferdsel på sjø.		--

Arealbruk på land/folkehelse	Arealet på landsida ved Djupevågen i nord er LNF-spreidd bustad og naust, samt LNF. Området nærmest akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er elles busetnad i Strandvik og elles noko spreidd langs Håvikvegen innover i Sævareidfjorden. Ein god del av busetnaden har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er som i dag (disp.), om lag 150m til nærmeste busetnad på landsida av dagens anlegg. Dette er busetnad som også i dag har utsyn til akvakulturområdet. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast lengre ut i fjorden, og endre anleggstype (stålbur til ringar). Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ein vurderer endringa til å ha liten negativ til ingen konsekvens på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet.	-/0
Næringsutvikling	Dagens anlegg er gitt som dispensasjon. Arealet gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget fra stålbur til plastringar. At det vert avsett akvakulturføremål for arealet gir føreseielege rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir betre moglegheit for langsiktige og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++

Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tiltrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Arealet opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), og arealet er større enn 0-alternativet. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande med omsyn til storleik på framtidig anlegg. Akvakulturføremålet gir ein betre føreseieleg situasjon for drift og utvikling enn dagens plansituasjon. Det er avsett nytt akvakulturføremål som gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget fra stålbur til plastringar. Arealet har mindre negative verknadar for dei fleste nærliggjande verdiar og interesser, men er vurdert til å ha negativ verknad for skipstrafikk dersom anlegget vert lagt heilt ut til føremålgrensa i aust.

Naturmangfold	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvarsinteresser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Næringsutvikling
-	-	-/0	0/-	-	0	0	--	-/0	++

4.1.6 Strandvik, Juvik

Gjeldande arealbruk	KPA Bruk og vern av sjø og vassdrag, samt føremål ferdsel (ankringsområde) Ingen godkjent akvakulturlokalitet pt.		
Planlagt arealbruk	Nytt areal for akvakultur og sikringssone fortøyning		
Arealstorleik planlagt arealbruk	290 dekar Sikringssone fortøyning = 3230 dekar		
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk			
Skildring av området	Arealet ligg vest for Strandvik sentrum og tett på Juvik og Neset. Arealet er eit innspel til kommuneplanen om ny arealbruk, med plassering av anlegg som gir rom for MTB 3120 og 8 plastringar. Fortøyningssone er redusert med omsyn til interesser i nærområdet (ankringsfelt).		
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 	Bilde av dagens anlegg 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	<p>Det er ikkje registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller i direkte tilknyting arealet.</p> <p>Vinnesleiro er verna som naturreservat- verneplan for våtmark. Dette området er m.a. eit funksjonsområde (beiteområde) for andefuglar, samt vade-, måke- og alkefuglar. I området og nærområdet er det registrert/observert trua artar og ansvarsartar: ærfugl, vipe, fiskemåke, dvergmåke, svartbak, lappspove, dvergsnipe, storspove, brushane, makrellterne, temmincksnipe, havørn, hønsehauk, horndykker, østers, sjøørre, svartand, musvåk, mink mfl.. Sjøområdet der desse</p>	<p>Akvakulturområdet ligg over 3,5 km frå naturvernområdet Steglholmen og Gåseskjæret og 0,5 km frå naturreservatet ved Vinnesleiro. Området ligg ope til i Bjørnafjorden, og om lag 3 km til nærmeste anadrome vassdrag. Registrerte anadrome vassdrag ligg aust for akvakulturområdet. Litteraturstudiet i NINA-rapport 1199 viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter. Arealet er nytt</p>	--

	<p>artane er observert er også registrert som naturtype blautbotn i strandsona med verdi viktig (B). Lokaliteten utgjer eit stort samanhengande mudderområde, og vert rekna som regionalt viktig beiteområde for fuglar, og den smale strandsona er botanisk spesiell. Store deler av neset og sjøområde vest for Neset ligg som omsynsone naturmiljø og bandlagt område i gjeldande kommuneplan. Aust for Strandvik ligg Steglholmen og Gåseskjæret naturvernområde for sjøfugl.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Vikeelva i aust.</p>	<p>og vil skape ny og meir aktivitet i nærleik av område av svært høg verdi. I følgje Havforskningsinstituttets rapport (nr. 8-2016) er det påvist påverknad av utslepp frå akvakultur til naturtypar opp til 1000-1500 meter frå anlegget (blautbotn 1000 m). Det er risiko for at ny oppdrettsverksemnd kan ha negativ påverknad på blautbotnområdet i Vinnesleiro som ligg mindre enn 1000 meter frå akvakulturføremålet.</p> <p>Ny plansituasjon er vurdert til å ha negativ konsekvens for naturreservat, naturtypelokaliteten og funksjonsområde i Vinnesleiro, samt anadrom fisk.</p>	
Friluftsliv	<p>Sævareidfjorden og kystsona ved Strandvik og opp til Skåte/Skåtholmen er registrert som regionalt friluftsområde med registrert verdi C. Verdiane er knytt til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen nordaust for arealet (Juvika). Det er mykje fritidsbåtfart i området og det er lokal fritidsfarlei i området.</p> <p>Det er etablert kyststi og natursti rundt Vinnesleiro med rastepllassar og tilrettelagt sti. Det er også eigna for stongfiske langt kyststien. Området vert nytta av både skular og barnehagar.</p>	<p>Det nye arealet vil medføre arealbeslag, ny aktivitet, lyssetting og lyd ift. dagens situasjon. Det er direkte utsyn frå friluftsområda til akvakulturføremålet, og arealet vil ha negativ verknad på lokal fritidsfarlei og fritidsbåtfart i området. Det vil også medføre til redusert moglegheit for utøving av friluftsaktivitet i sjø som fiske. Nytt akvakulturanlegg vil ha liten negativ til negativ verknad for friluftsliv.</p>	-/-
Landskap	<p>Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha stor verdi. Dette er eit storskala landskapsrom med unik oppleveling av visuell kontakt mellom ope hav og bre.</p> <p>Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.</p>	<p>Det nye arealet vil opne for eit relativt stort anlegg i eit område utan tiltak i sjø. Arealet ligg eksponert og vera godt synleg frå fleire hald, og dette vil ha liten negativ til negativ visuell verknad.</p>	-/-
Kulturminne	<p>Eit automatisk freda kulturminne på land i nærleiken av området, Neset (Dalahovda, gravminne).</p> <p>Registrert automatisk freda kulturminne i sjø på Tretteskjeret, nord for akvakulturrealet, men innanfor sikringssone fortøyning (lausfunn. Løkflaske frå 1600-1820). Kulturminnet er fjerna.</p> <p>Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø. Areala ved Skåte-Neset er klassifisert som kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Sikringssone fortøyning har direkte arealkonflikt med registrert kulturminne ved Tretteskjeret. Kulturminnet er fjerna. Den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert endra med nytt tiltak i sjø. Akvakulturområdet og sikringssone fortøyning ligg i område med kulturminnerik strandsone.</p> <p>At det kan etablerast nytt anlegg nærmare kjente kulturminne og kulturminnerik strandsone gjer at ein vurderer at arealet har ingen til liten negativ konsekvens.</p>	0/-
Fiskeri-interesser	Det er ikkje registrert område for aktive reiskap nær akvakulturområdet eller sikringssone fortøyning.	Deler av akvakulturområdet overlappar med fiskeplass i sør aust, og store deler av fortøyningsområdet går inn i	-/-



	<p>Det er registrert område for passive reiskap i området:</p> <p>1)Søraust - Synstreflua-Grunna-Flategrunn i Bjørnafjorden (kystfiskere, samt fritids- og turistfiske. Regional brukskategori. Hovudsakleg garnfiske), 2) sørvest- Bjørnafjorden (kystfiskere, samt fritids- og turistfiske. Hovudsakleg garn- og linefiske), og</p> <p>3) vest – Godfaren-Ysteflu-Hatleinesskallane i Bjørnefjorden (Kyst-fiskere, samt fritids- og turistfiske. Hovudsakleg garnfiske). Det vert m.a. fiska makrell med not i dette området, seinast i 2017, og tidlegare vart det fiska pigghå i området (arten er no freda for direktefiske). Ved Strandvik-flueene vert det m.a. fiska sei. Det er registrert kast- og låssettingsplassar like nord for akvakulturområdet, i Vågane. Lokaliteten har prioritet A (viktig låssettingsplass). Arealet er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL).</p>	<p>fiskeplassane i sørvest og søraust. Fiskeplass for passive reiskap vil kunne få redusert bruksverdi med omsyn til arealbeslag og fortøyingslinje innanfor fiskeplassen. Arealet ligg i eitt av få område der det ikkje er oppdrett i kommunen/fjordbassenget.</p> <p>Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plass. Eksisterande fortøyning går dels innanfor KL-plassen i nordvest. Føresegnene gir at etablering av fortøyingslinje og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.</p> <p>Med utgangspunkt i at arealet ligg i ytterkant av registrerte fiskeriinteresser og i eit område utan oppdrett i dag har arealet liten negativ til negativ verknad for fiskeriinteresser.</p>	
Marine ressursar	<p>Det er ikkje registrert gytefelt i nærleiken av arealet.</p> <p>Det er ikkje registrert oppvekstområde i nærleiken av arealet.</p>	Ingen verknad	0
Forsvars-interesser	<p>Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Store deler av akvakulturområdet og sikringssone fortøyning ligg innanfor skytefeltet.</p> <p>Nytt anlegg vil medverke til arealbeslag i skytefeltet, og såleis redusert bruksverdi av feltet.</p>	--	--
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikkje registrert rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Det er eit viktig ankringsområde søraust for akvakulturfremålet (Strandvikflaket). Sikringssone fortøyningar er avgrensa av ankringsfeltet og er ikkje i direkte arealkonflikt. Arealet ligg i lyssektor rød, og det er ikkje forventa at eit nytt anlegg her vil vera til hinder for ferdsel på sjø. Med utgangspunkt i at arealet litt tett på ankringsområde har arealet ingen til liten negativ verknad for fiskeriinteresser.</p>	0/-	
Arealbruk på land / folkehelse	<p>Arealet på landsida ved Vågane-Djupavika er fritidsfremål, naust, småbåthamn bustad, råstoffutvinning, samt LNF. Neset og Vinnesleiro er omfatta av omsynssoner naturmiljø (H560) og bandlegging (naturvernområde). Det er busetnad langs store deler av strandsone ved Vågane – Juvika og vidare inn til Strandvik sentrum. Ein stor del av busetnaden her har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Arealet opnar for ein ny lokalitet som vil vera synleg og eksponert frå busetnad. Akvakulturanlegget kan komme så nærmeste som 350 m frå nærmaste busetnad ved Sommarvika. Anlegget vil vera eit nytt element som vil medføre endra og auka aktivitet, lyssetting og lyd ift. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ein vurderer endringa til å ha negativ konsekvens på grunn av at det er ein ny lokalitet utanfor bustad- og fritidsbustadområde. Ein vurderer at arealet vil ha negativ konsekvens på grunn av at det er ein ny lokalitet utanfor etablert bustad- og fritidsbustadområde.</p>	--	--
Nærings-utvikling	<p>Det er få «ledige» areal for nye anlegg i Fusafjord kommune som har tilstrekkeleg avstand frå andre matfiskanlegg/ akvakulturverksemnd. Etablering av eit nytt akvakulturområde gir moglegheit for langsiktige og strategiske løysingar for selskapet som etablerer seg på staden.</p>	++	

Samla vurdering/tilråding:

Arealet er ikkje tilrådd og er såleis ikkje regulert i forslag til plankart. Arealet har ein positiv verknad knytt til næringsutvikling, men arealet har større negative konsekvensar for fleire nærliggjande verdiar og interesser. Det er i løpet av prosessen vurdert avbøtande tiltak, som t.d. å justere arealet, og legge vilkår/krav til arealet, men desse er vurdert til ikkje å kompensere tilstrekkeleg for dei negative verknadane av lokaliteten. Med bakgrunn i dei negative verknadane er arealet ikkje tilrådd.

Natur-mangfald	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Nærings-utvikling
--	-/-	-/-	0/-	-/-	0	--	0/-	--	++

4.1.7 Skåholmen

Gjeldande arealbruk	KPA Bruk og vern av sjø og vassdrag, samt føremål ferdsel (ankringsområde) Eksisterande akvakulturlokalitet (dispensasjon)	
Planlagt arealbruk	Nytt areal for akvakultur og sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA7 = 397 dekar Sikringssone fortøyning = 2086 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA7 = maks. utnyttingsgrad BYA 30%	
Skildring av området	Arealet ligg ca. 1,4 km nord for Skåholmen i innløpet til Fusafjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Skåholmen med pt. MTB 3120. I dag er anlegget av typen ringanlegg med 8 plastringar, og det er avsett areal for endring som gir rom for å justere og flytte anlegget. Anlegget vart etablert i 2014 etter dispensasjon frå kommuneplanen.	
Eksist. Kplan	Framlegg til ny arealavgrensing 	Bilde av dagens anlegg/flyfoto 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar på eller ved arealet. Vennesleiro i sørvest er verna som naturreservat-verneplan for våtmark. Dette området er m.a. eit funksjonsområde (beiteområde) for andefuglar, samt vade-, måke- og alkefuglar. Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda i sjø ved området: brisling, Nereis elitoralis (fleirbøstemark), og ærfugl. Nærmaste naturreservat ligg i Os kommune, Sandholmane naturreservat som er yngleområde for gråhegre, sildemåke, fiskemåke, gråmåke og makrellterne.	Akvakulturområdet ligg over 2 km frå Sandholmane naturreservat og om lag 2,5km frå Vennesleiro naturreservat (luftlinje). Området ligg ope til mot Bjørnafjorden, og om lag 5 km til Oselva. Arealet har ikkje direkte tilknyting til Vikeelva. Litteraturstudiet i NINA-rapport 1199 viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane	0/-

	Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Vikeelva i søraust og Oselva i vest.	kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter. Arealet VA7 er eksisterande lokalitet. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 8 plastringar) som gir moglegheit for justeringar og flytting er vurdert til å ha mindre negativ til ingen konsekvens for anadrom fisk og funksjonsområde/ansvarsartar og naturvernområde.	
Friluftsliv	Sævareidfjorden og kystsona ved Strandvik og opp til Skåte/Skåtholmen er registrert som regionalt friluftsområde med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen nordaust for arealet, Leirvika, og grønstruktur på Vinnesholmen. Det er ikkje statleg sikra friluftsområde i nærleiken av arealet. Det er etablert småbåthamn innanfor Vinnesholmen. Akvakulturføremålet ligg om lag 800m frå fastlandet. Det er fleire traktorvegar og stiar i området aust for Skåtåsen, men ikkje registrert merka turstiar i området nærest sjøen i aust. Vinnesholmen vert nytta som rekreasjons- og turområde, samt at det er gode fiskeplassar der. Vegen ut til holmen er ein del av Vinnes kulturløype.	Anlegget ligg eksponert relativt langt ute i sjøen. Det er sikt til området frå fleire stadar. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Skåtholmen medverkar dels til å skjule innsyn/utsyn til Vinnesholmen. Arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 8 plastringar) er vurdert til å ha ingen til mindre negativ konsekvens for friluftsliv med omsyn til eksisterande anlegg og avstand til friluftsområde.	0/-
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha middels verdi. Dette er eit smalare, men ope fjordløp med avgrensa visuell kontakt mellom fjordsidene. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.	Akvakulturområdet opnar for justering og flytting av dagens ringanlegg med 8 plastringar og utnytting av området på sjøflata er avgrensa ved bruk av maksimal BYA som er tilnærma dagens anlegg. Endra anlegg vil for nokre gi ei negativ visuell verknad. Anlegget er godt synleg, men noko skjerma frå landsida sør med Skåtholmen. Den visuelle verknaden av anlegget vert i mindre grad endra med utgangspunkt i at storleik på anlegget vert om lag som dagens anleggsstorleik (BYA).	0/-
Kulturminne	Det er fleire automatisk freda kulturminne på land i nærleiken av området. Mange av kulturminna er samla ved Vinnes og Skåte. Nærmaste kulturminne ligg på Skåtholmen i søraust– gravfelt frå vikingtida. Ingen av kulturminna er i sjø, og nærmaste kulturminne i sjø er ved Sandholmane (skipsvrak frå 1903). Areala ved Vinnes er klassifisert som	Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad endra.	0

	kulturminnerik strandsone. Området er ikke klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.		
Fiskeri-interesser	<p>Det er ikke registrert område for aktive reiskap nær akvakulturområdet eller sikringssone fortøyning. Nærmaste område er ved Sandholmane i vest. Det er registrert område for passive reiskap (Venjaneset-Sørskallen i Fusafjorden. Kystfiskere, samt fritids- og turistfiske. Hovudsak garnfiske. Prioritet B) i grensa mot nord der dagens anlegg ligg. Like sør for Skåtholmen ligg det også eit fiskeområde for passive reiskap (Godfaren-Ysteflu_Hatleinesskallane i Bjørnefjorden).</p> <p>Det er registrert kast- og låssettingsplass innanfor Vinnesholmen og Skåtavågen med prioritet A. Desse områda er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL) og kombinert føremål inkl. fiske (KL).</p>	<p>Fiskeplassen i nord er i ein viss grad forringa og lagt beslag på av dagens fortøyingslinjer (0-alternativet). Planframlegget vil legge ytterlegare beslag på fiskeplassen i retning nord. Arealbeslaget er i ytterkant av registrert fiskeplass, og den vil kunne få redusert bruksverdi med omsyn til større anlegg og fleire/endra fortøyingslinje. Fiskeplassen i sør vil ikke blir direkte påverka av arealet.</p> <p>Sikringssone fortøyning er ikke i direkte arealkonflikt med KL-plassane. Føresegnsene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikke skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.</p>	-/-
Marine ressursar	<p>Det er ikke registrert gytefelt i nærleiken av området.</p> <p>Det er ikke registrert oppvekstområde i nærleiken av arealet.</p>	Ingen verknad	0
Forsvarsinteresser	Det er registrert skytefelt sør for området. Det er ikke direkte arealkonflikt mellom skytefeltet og akvakultur/sikringssone fortøyning. Ingen verknad		0
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Nærmaste ankringsområde ligg sør for arealet, Midtflua. Det er ingen direkte arealkonflikt.</p> <p>Det er relativ god avstand til merka farlei til Sævareidfjorden, men arealet ligg innanfor arealavgrensing for hovud- og bilei. Dagens anlegg og utvida areal ligg innanfor lyssektor kvit, noko som er uheldig. Dagens anlegg er godkjent med plasseringa den har i dag. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme noko nærmare farleia, men dette vil ikke vera til hinder for ferdsel på sjø.</p>		-
Arealbruk på land / folkehelse	Arealet på landsida er avsett til bustad, fritidsbustad, næring, samt naust. Ein stor del av busetnaden har direkte utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Akvakulturområdet er utvida utover dagens situasjon (0-alternativet), og arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast og justerast. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er om lag 1 km til Haramyra og busetnad ved Skåtaklubben. Dette er busetnad som allereie i dag har utsyn til akvakulturområdet. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd busetnaden ifht. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Anlegget er allereie godt synleg og eksponert, og ein vurderer endringa til å ha ingen til liten negativ konsekvens på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet.		0/-
Næringsutvikling	Dagens anlegg er gitt som dispensasjon. At det vert avsett akvakulturføremål for arealet, samt moglegheit for justering og flytting gir føreseielege rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir betre moglegheit for langsiktige og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.		++




Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønske om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Anlegget på lokaliteten er av typen ringanlegg med 8 plastringar. Akvakulturføremålet gir større forutsigbarheit for drift og utvikling enn dagens plansituasjon, og det er avsett nytt akvakulturføremål som gir rom for å justere og flytte anlegget. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er tilnærma likt som dagens anlegg. Arealet har mindre negative verknadar for nærliggjande verdiar og interesser.

Natur-mangfald	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk/folkehelse	Nærings-utvikling
0/-	0/-	0/-	0	-/--	0	0	-	0/-	++

4.1.8 Fusavika

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (72 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterende akvakulturlokalitet (samsvar med KPA)		
Planlagt arealbruk	Utvila areal for akvakultur og ny sikringssone fortøyning		
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA6 = 448 dekar Sikringssone fortøyning = 8996 dekar		
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA6 = maks. utnyttingsgrad BYA 30%		
Skildring av området	Arealet ligg i Fusavika aust for Venjaneset ferjekai og i innløpet til Eikelandsfjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon i Fusavika med pt. MTB 3120. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for 8 plastringar.		
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing	
		Bilde av dagens anlegg	

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtyper, naturtyper eller verna område på eller ved arealet. Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda i sjø og på landsida m.a. ved Fusavika ærfugl, fiskemåke, svartbak, svart and og stær, og ved Venjaneset/Brunavika	Området ligg i utløpet av Eikelandsfjorden. Det er ikke registrert anadrome vassdrag i Eikelandsfjorden. Litteraturstudiet i NINA-rapport 1199 viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar	-/0

	gråhegre, ærfugl, fiskemåke, svartbak, havelle, svartand. I sjøområda nord for Venjaneset er sild registrert. Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Oselva i sørvest og Lønningsselva i nordvest.	har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter. Arealet VA6 er eksisterande lokalitet. Utvida akvakulturområde er vurdert til å ha mindre negativ til ingen konsekvens for anadrom fisk, og registrerte trua artar/ansvarsartar.	
Friluftsliv	Akvakulturarealet er ikkje omfatta av regionale friluftsområde. Deler av fortøyingsarealet ligg innanfor regionalt friluftsområde Ådlands-fjorden-Altaneset med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsfordremål i sjø i vågen aust for arealet (Fusavika). Innanfor dette arealet er Fusaneset/Peraneset statleg sikra friluftsområde – badevik med gangveg, svaberg og teltplass. Området er eit viktig friluftsområde som er tilrettelagt for bruk og aktivitetar. Ytste del av Venjaneset er avsett til grønstruktur, og det er etablert småbåthamn i Brunavika aust for Venjaneset. Det er etablert gangvegsystem kring Opsal – Opsalmarka rundt. Deler av traseen har utsyn til akvakulturområdet.	Akvakulturområdet og fortøyinger ligg nærmare Fusaneset/Peraneset enn dagens situasjon og det kommuneplanen opnar opp for. Sikringssone fortøyinger er avgrensa av friluftsområdet i sjø. Bading og småbåtfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Arealutvidinga vil medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Det er direkte utsyn frå det statleg sikra friluftsområdet til akvakulturføremålet, og arealet vil ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving. At det kan etablerast større akvakulturanlegg lengre ut i fjorden enn 0-alternativet gjer at ein vurderer at arealet har liten negativ konsekvens.	-
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha middels verdi. Dette er eit smalare, men ope fjordløp med avgrensa visuell kontakt mellom fjordsidene. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.	Arealendringa opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur) og kommuneplanen. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande. Arealutvidinga er i retning frå land og nytt anlegg vil verta meir eksponert enn dagens situasjon. Dette vil for nokre gi ei negativ visuell verknad.	-/0
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Det er fleire kulturminne på Opsal og eldre bygningar. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø eller klassifisert som kulturminnekritisk strandsone.	Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand.	0
Fiskeri-interesser	Det er ikkje registrert område for aktive eller passive reiskap nær akvakulturområdet. I området med fortøyinger er det to fiskeplassar for aktive reiskap (Altanesflua i vest og Gjerdeviksflua/Bjåneset i aust).	Akvakulturføremålet er ikkje i arealkonflikt med fiskeriinteresser. Fiskeplass for aktive reiskap vil kunne få redusert verdi med omsyn til endra fortøyingslinjer	-/0

	Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Eikelandsfjorden med prioritet A, B og C, nærmaste Fusavika er Brunvika i sørvest (B) og Fusa søraust (B). KL-plass Blomvågen og Bergsvika ligg nordaust for Fusavika. Deler av desse 4 områda er i gjeldande KPA avsett til fiske (KL), med unntak av Blomvågen som er avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.	i fjordbassenget. Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassar. Føresegne gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. På grunn av fortøyningssona er arealet vurdert til å ha liten negativ konsekvens til ingen for fiskeriinteresser.																																								
Marine ressursar	Det er ikkje registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste oppvekstområdet er i vest på grensa til Os kommune (truleg beiteområdet/oppigslass for blålange).	Ingen verknad	0																																							
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturareal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0																																							
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Dagens anlegg ligg utanfor lyssektor og ein mindre del av utvida areal ligg innanfor lyssektor grøn og kvit. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia inn til Eikelandsosen og noko nærmare ferjetraseen mellom Venjaneset – Hatvik. I dag er det etablert tømmerkai i Eikelandsosen, elles er det ikkje større kaianlegg aust for arealet. Fusa kommune jobbar med ei ny lokalisering av tømmerkaien på Samnøy. I følgje statistikk frå Havbase er det ikkje omfattande skipstrafikk inn til Eikelandsosen:</p> <table border="1"> <caption>Data for ship traffic volume by type (approximate values)</caption> <thead> <tr> <th>Årstal</th> <th>Stykkgodsskip</th> <th>RoRo last</th> <th>Passasjer</th> <th>Kjemikalie-/produkttanker</th> <th>Fiskefartøy</th> <th>Andre offshore serviceskip</th> <th>Andre aktivitetar</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2015</td> <td>~15</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2016</td> <td>~40</td> <td>~2</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2017</td> <td>~45</td> <td>~2</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2018</td> <td>~15</td> <td>~2</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> </tbody> </table> <p>Ein vurderer at utvida areal har liten negativ til ingen verknad for skipstrafikk inn til Eikelandsosen.</p>	Årstal	Stykkgodsskip	RoRo last	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar	2015	~15	~2	~1	~1	~1	~1	~1	2016	~40	~2	~2	~1	~1	~1	~1	2017	~45	~2	~2	~1	~1	~1	~1	2018	~15	~2	~2	~1	~1	~1	~1	-/0
Årstal	Stykkgodsskip	RoRo last	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar																																			
2015	~15	~2	~1	~1	~1	~1	~1																																			
2016	~40	~2	~2	~1	~1	~1	~1																																			
2017	~45	~2	~2	~1	~1	~1	~1																																			
2018	~15	~2	~2	~1	~1	~1	~1																																			

Arealbruk på land / folkehelse	Arealet på landsida er bustad og LNF. Områda inst i Fusavika er avsett til bustad, sentrumsføremål og offentleg/privat tenesteyting. Området nærmest akvakulturområdet er avsett til LNF. Ein god del av busetnaden har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan flyttast, endre anleggstype og bli større. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er som i dag, om lag 120m til nærmeste busetnad like på landsida av dagens anlegg. Dette er busetnad som allereie i dag har utsyn til akvakulturområdet. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Arealendringa vil for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ein vurderer endringa til å ha liten negativ konsekvens på grunn av avstandar og situasjon med eksisterande lokalitet og plansituasjon. Deler av akvakulturarealet omdisponerer sjøområde avsett til kombinert føremål – testområde i gjeldande kommuneplan. Samt at sikringssone fortøyning og ankerfeste går inn i dette arealet.	-
Næringsutvikling	Utvida areal og fleksibilitet for arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsigte og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Arealet gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget frå stålbur til plastringar. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++




Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Arealet opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), og gjeldande kommuneplan. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som også er avgrensande. Arealet har mindre negative verknadar for dei fleste nærliggjande verdiar og interesser.

Naturmangfold	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvarsinteresser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Næringsutvikling
-/0	-	-/0	0	-/0	0	0	-/0	-	++

4.1.9 Gjerdesfluvika

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 308daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag. Farledslinje. Faresone skred H310 Eksisterende akvakulturlokalitet (samsvar med KPA)	
Planlagt arealbruk	Mindre utviding av areal for akvakultur (utvida ca. 82 daa) og ny sikringssone fortøyning	
Arealstorlek planlagt arealbruk	VA5 = 391 dekar Sikringssone fortøyning = 8996 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA5 = maks. utnyttingsgrad BYA 20%	
Skildring av området	Arealet ligg i innløpet til Eikelandsfjorden, på sør-sida. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Gjerdesfluvika med pt. MTB 1560. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for 4 plastringar.	
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 
		Bilde av dagens anlegg 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet. Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda i sjø og på landsida m.a. ved Gjerdeviksflua;	Området ligg i utløpet av Eikelandsfjorden. Det er ikke registrert anadrom vassdrag i Eikelandsfjorden.	0

	<p>havørn ved Gjerdeviksflua, havørn, ærfugl, dvergdykker, havelle, svartand, sjøorre, gråtrost, kvitryggspett og dvergspett ved Stølsneset og ærfugl, fiskemåke, sjøorre, havelle ved Slåtneset. I sjøområda nord for Venjaneset er sild registrert og brisling i områda utanfor Bjåneset.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Oselva i sørvest og Lønningsselva i nordvest.</p>	<p>Arealet VA5 er eksisterande lokalitet. Utvida akvakulturområde er vurdert til å ha ingen konsekvens for registrerte førekomstar i nærområdet med bakgrunn i at endringa er av mindre omfang sett i forhold til dagens plansituasjon.</p>	
Friluftsliv	<p>Akvakulturarealet er ikkje omfatta av regionale friluftsområde. Deler av fortøyingsarealet ligg innanfor regionalt friluftsområde Ådlandsfjorden- Altaneset med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsføremål i sjø i vågen sørvest for arealet (Fusavika). Innanfor dette arealet er Fusaneset/Peraneset statleg sikra friluftsområde – badevik med gangveg, svaberg og teltplass. Området er eit viktig friluftsområde som er tilrettelagt for bruk og aktivitetar. Det er ei mindre sone mellom sjø og fylkesveg, og såleis ei strandsone som er lite brukt i friluftssamanheng.</p>	<p>Dagens føremålgrense for akvakulturføremålet i retning friluftsområdet i sør er uendra. Sikringssone fortøyinger er avgrensa av friluftsområdet i sjø. Bading og småbåtutfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Arealutvidinga vil i liten grad medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens plansituasjon. Det er ikkje direkte utsyn frå det statleg sikra friluftsområdet til akvakulturføremålet. Arealutvidinga har ingen verknad for friluftsliv.</p>	0
Landskap	<p>Største delen av akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp</i>, og er klassifisert til å vera eit vanleg førekommande landskap. Landskapet er karakterisert av avrunda, isskurt fjellrygg med synleg profil frå Bjørnafjorden. Ein mindre del i vest ligg innanfor landskapstype <i>middels breie fjordløp og fjordmøter</i> og er klassifisert til å ha middels verdi. Dette er eit smalare, men ope fjordløp med avgrensa visuell kontakt mellom fjordsidene. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.</p>	<p>Arealendringa opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur) og noko større enn kommuneplanen. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande i høve til dagens kommuneplan. Arealutvidinga er i retning frå land og nytt anlegg vil verta noko meir eksponert enn dagens plansituasjon. Dette kan gi ei negativ visuell verknad, men planendringa er av ubetydeleg omfang.</p>	0
Kulturminne	<p>Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Nærmaste ligg sør for området på Gjerdevik, der det også er fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø eller klassifisert som kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand. Planendringa er av ubetydeleg omfang.</p>	0
Fiskeri-interesser	<p>Det er registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet. Dette arealet ligg mellom Gjerdeviksflua og Bjåneset (status A, prioritert C). Akvakulturføremålet i dagens kommuneplan går delvis inn i desse fiskeområda (ca. 28 daa).</p>	<p>Akvakulturføremålet er ikkje i arealkonflikt med fiskeriinteresser utover dagens plansituasjon (ca.28 daa). Dagens føremålgrense for akvakulturføremålet i retning fiskeplassane i aust er uendra. Fiskeplass for aktive og passive reiskap vil kunne få redusert verdi med omsyn til</p>	-/0

	I området med fortøyinger er det to fiskeplassar for aktive reiskap (Altanesflua i vest og Gjerdeviksflua/ Bjåneset i aust). Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Eikelandsfjorden med prioritet A, B og C, nærmaste Blomvågen som er avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.	endra fortøyingslinjer i fjordbassenget. Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassar. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. På grunn av fortøyingssona er arealet vurdert til å ha liten negativ til ingen konsekvens for fiskeriinteresser.																																								
Marine ressursar	Det er ikkje registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste oppvekstområdet er i vest på grensa til Os kommune (truleg beiteområdet/oppsigsplass for blålange).	Ingen verknad	0																																							
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturareal og fortøyingssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0																																							
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Dagens anlegg ligg i grøn lyssektor, og det utvida arealet ligg innanfor lyssektor grøn og kvit. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia inn til Eikelandsosen, ca. 150m. I dag er det etablert tømmerkai i Eikelandsosen, elles er det ikkje større kaianlegg aust for arealet. Fusa kommune jobbar med ei ny lokalisering av tømmerkaien på Samnøy. I følgje statistikk frå Havbase er det ikkje omfattande skipstrafikk inn til Eikelandsosen:</p> <table border="1"> <caption>Estimated ship traffic data from chart</caption> <thead> <tr> <th>År</th> <th>Stykkgodsskip</th> <th>RoRo last</th> <th>Passasjer</th> <th>Kjemikalie-/produkttanker</th> <th>Fiskefartøy</th> <th>Andre offshore serviceskip</th> <th>Andre aktivitetar</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2015</td> <td>~15</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2016</td> <td>~40</td> <td>~2</td> <td>~8</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2017</td> <td>~45</td> <td>~2</td> <td>~5</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> <tr> <td>2018</td> <td>~15</td> <td>~2</td> <td>~2</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> <td>~1</td> </tr> </tbody> </table> <p>Ein vurderer at utvida areal har liten negativ til ingen verknad for skipstrafikk inn til Eikelandsosen.</p>	År	Stykkgodsskip	RoRo last	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar	2015	~15	~2	~1	~1	~1	~1	~1	2016	~40	~2	~8	~1	~1	~1	~1	2017	~45	~2	~5	~1	~1	~1	~1	2018	~15	~2	~2	~1	~1	~1	~1	-/0
År	Stykkgodsskip	RoRo last	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar																																			
2015	~15	~2	~1	~1	~1	~1	~1																																			
2016	~40	~2	~8	~1	~1	~1	~1																																			
2017	~45	~2	~5	~1	~1	~1	~1																																			
2018	~15	~2	~2	~1	~1	~1	~1																																			
Arealbruk på land/folkehelse	Arealet på landsida er LNF. Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er noko spreidd busetnad langs fylkesvegen frå Stølane og sørover. Ein god del av busetnaden har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan endre anleggstype (noko som også er mogleg innanfor dagens kommuneplan) og flyttast noko lengre ut i fjorden. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er som i dag, om lag 20-30m til nærmaste busetnad. Dette er busetnad som allereie i dag grenser til akvakulturområdet, men som har mindre utsyn til dagens anlegg då det er lokalisiert i nordaustleg del av akvakulturføremålet. Arealutvidinga vil kunne medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens		0																																							

	situasjon. Arealendringa kan for nokre gi ei negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Ein vurderer endringa til å ha ingen konsekvens på grunn av dagens plansituasjon og at planendringa er av ubetydeleg omfang.	
Nærings-utvikling	Utvida areal og fleksibilitet for arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsigtige og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Arealet gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget frå stålbur til plastringar. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++





Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet. Planendringa er av eit mindre omfang.

Arealet opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), og noko større enn gjeldande kommuneplan (82 daa). Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som også er avgrensande i høve til dagens plansituasjon. Arealet har mindre negative verknadar for dei fleste nærliggjande verdiar og interesser.

Naturmangfold	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvarsinteresser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Næringsutvikling
0	0	0	0	-/0	0	0	-/0	0	++

4.1.10 Djupedalen

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 153 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag. Faresone skred H310 Eksisterende akvakulturlokalisitet er i samsvar med KPA.	
Planlagt arealbruk	KDP endrar ikkje akvakulturføremålet. Ny sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA4 = 153 dekar Sikringssone fortøyning = 8996 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA4 = maks. utnyttingsgrad BYA 20%	
Skildring av området	Arealet ligg i Eikelandsfjorden, på sørsida av fjorden Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Djupedalen med pt. MTB 1560. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for justering av anlegget.	
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 
		Bilde av dagens anlegg 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet. Det er observert/registrert trua artar og ansvarsartar i områda i sjø og på landsida m.a. ved arealet; ærfugl, svartbak, havørn,	Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyningar, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Sikringssone fortøyning er ikkje i	0

	<p>sjørre like ved Djupedalen, ærfugl, fiskemåke, sjørre, havelle ved Slåttneset. I sjøområda like ved Djupedalen er brisling registrert, og sukkertare og Krokbærer ved Kvålsneset. Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Oselva i sørvest og Lønningsselva i nordvest.</p>	<p>arealkonflikt med registrering av sukkertare ved Kvålsneset (om lag 200m til registrerings-punktet). Krokbærer kan spreia via utstyr og ballastvatn. Risiko for spreiling utover dagens situasjon er mindre pga. eksisterande aktivitet.</p>	
Friluftsliv	<p>Akvakulturarealet er ikke omfatta av regionale friluftsområde. Deler av fortøyingsarealet ligg innanfor regionalt friluftsområde Ådlandsfjorden-Altaneset med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsforemål i sjø i vågen aust for arealet (Kvålsneset). Det er ei mindre sone mellom sjø og fylkesveg, og såleis ei strandsone som er lite brukt i friluftssamanhang.</p>	<p>Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikke endring av akvakulturføremalet. Utvida areal for fortøyinger vil ikke ha verknad for rekreasjonsoppleving, og fortøyingane vil ikke vera til hinder for småbåtar eller friluftsområdet ved Kvålsneset.</p>	0
Landskap	<p>Akvakulturføremalet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp</i>, og er klassifisert til å vera eit vanleg førekommande landskap. Landskapet er karakterisert av avrunda, isskurt fjellrygg med synleg profil frå Bjørnafjorden.</p> <p>Det er ikke klassifisert INON område i nærleiken av området..</p>	<p>Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikke endring av akvakulturføremalet. Utvida areal for fortøyinger vil ikke ha landskapsverknad.</p>	0
Kulturminne	<p>Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Nærmaste ligg på austsida av Kvålsneset. Det er også fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte, i dette området.</p> <p>Området er ikke klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø. Området er ikke klassifisert som kulturminnerik strandsone.</p>	<p>Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikke endring av akvakulturføremalet. Utvida areal for fortøyinger vil ikke ha verknad for kulturminne.</p>	0
Fiskeri-interesser	<p>Det er registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet, i vest. Dette arealet ligg mellom Gjerdeviksflua og Bjåneset (status A, prioritert C). I området med fortøyinger er det to fiskeplassar for aktive og passive reiskap (Altanesflua i vest og Gjerdeviksflua/Bjåneset i aust).</p> <p>Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Eikelandsfjorden med prioritet A, B og C, nærmaste Blomvågen som er avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.</p>	<p>Kast og låssettingsplass Blomvågen er videreført som akvakulturføremalet i planen. Sikringssone fortøyning er elles tilpassa og ikke i direkte arealkonflikt med KL-plassar. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikke skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar eller fiskeplassar med aktive reiskap. Samt at søknadar om fortøyingslinje/ankerfeste skal vurderast i høve til fiskeplassar.</p>	-/0
Marine ressursar	Det er ikke registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet.	Ingen verknad	0
Forsvarsinteresser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturarealet og fortøyingssonen er ikke i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0




Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Utvida areal for fortøyinger vil ikkje ha verknad for skipstrafikk eller arealbruk knytt til sjøtransport då fortøyingane vil ligge djupt.	0
Arealbruk på land/ folkehelse	Arealet på landsida er LNF. Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er spreidd busetnad langs fylkesvegen. Det er noko busetnad på vest, og sørvest for området, ved Bjånes og Bakka/Kvalsneset, som har utsyn til arealet. Utvida areal for fortøyinger vil ikkje ha verknad for nærmiljø på land. Utvida areal for fortøyinger vil ikkje ha verknad for folkehelse med omsyn til aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens kommuneplansituasjon.	0
Nærings-utvikling	Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Avgrensing av fortøyingssonene gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsigte og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++

Samla vurdering/tilråding:

Sikringssone for fortøyinger og eksisterande akvakulturområde VA4 er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tiltrådinga er basert på ønske om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet, samt at endringa er knytt til fortøyingssona. Arealendringa (fortøyingssone) har få verknadar for dei nærliggjande verdiane og interessene.

Naturmangfold	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvarsinteresser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Næringsutvikling
0	0	0	0	-/0	0	0	0	0	++

4.1.11 Oterstegdalen

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 492 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterande akvakulturlokalisitet (delvis i samsvar med KPA)	
Planlagt arealbruk	Utvida areal for akvakultur og ny sikringssone fortøyning	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA3 = 524 dekar Sikringssone fortøyning = 8996 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA3 = maks. utnyttingsgrad BYA 20%	
Skildring av området	Arealet ligg i Eikelandsfjorden, på nordsida av fjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Oterstegdalen med pt. MTB 2340. I dag er anlegget av typen ringanlegg med 6 plastringar som ligg i 1 rekke, og det er avsett areal for endring som gir rom for å justere og flytte anlegget.	
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 
		Bilde av dagens anlegg 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet i sjø. Store deler av landområdet på	Området ligg i utløpet av Eikelandsfjorden. Det er ikke registrert anadrom vassdrag i Eikelandsfjorden.	0/-

	Altaneset er registrert som gammal kystfuruskog, verdi lokalt viktig. Arealet er vist med omsynssone for natur i gjeldande kommuneplan. Det er observert/registrert yngleområde for gråhegre på landsida sørvest for lokaliteten. I sjøområda nord for Venjaneset er sild registrert og brisling i områda utanfor Bjåneset. Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Oselva i sørvest og Lønningsselva i nordvest.	Det er eksisterande verksemde innanfor VA3. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 6 plastringar) er vurdert til å ha ingen til mindre negativ konsekvens for anadrom, yngleområde for gråhegre, samt for sild og brisling.	
Friluftsliv	Deler av akvakulturarealet og fortøyingsarealet er omfatta av regionale friluftsområdet Ådlandsfjorden- Altaneset med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett friluftsforemål i sjø i vågen aust for arealet, innanfor Hafskorholmen.	Akvakulturområdet og fortøyinger opnar for ei utviding/endring i retning frå friluftsområdet innanfor Hafskorholmen. Det er større avstand mellom akvakultur for friluftsforemålet i planframlegget enn i dagens plan (ca. 570m). Det er direkte utsyn frå friluftsområdet til akvakulturføremålet også i dag. Arealutvidinga kan ha mindre negativ verknad for rekreasjonsoppleving. Sikringssone fortøyinger er avgrensa av friluftsområdet i sjø. Bading og småbåtutfart i området vil ikkje verta hindra av anlegget eller fortøyingane. Akvakulturføremål utover dagens anleggskonfigurasjon (ringanlegg med 6 plastringar) er vurdert til å ha ingen til mindre negativ konsekvens for friluftsliv.	0/-
Landskap	Størstedelen av akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>brede fjordløp</i> , som er klassifisert til å vera eit vanleg førekommande landskap. Landskapet er karakterisert av avrunda, isskurt fjellrygg med synleg profil frå Bjørnafjorden. Ytre del av Altaneset er klassifisert som inngrepstilfelle område (INON) meir enn 1-3 km til tyngre tekniske inngrep.	Akvakulturområdet opnar for justering og flytting av dagens ringanlegg med 6 plastringar og utnytting av området på sjøflata er avgrensa ved bruk av maksimal BYA som er tilnærma dagens anlegg. Anlegget er godt synleg i fjorden, og ei utviding kan for nokre gi negativ visuell verknad. Den visuelle verknaden av anlegget vert i mindre grad endra fordi storleik på anlegget vert om lag som i dag (BYA). Større anlegg vil ikkje endre INON-klassifiseringa.	0/-
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Nærmaste ligg på sørsida av Eikelandsfjorden og ved Hafskor i aust, her er det også fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø eller klassifisert som kulturminnerik strandsone.	Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden tilknytt kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand.	0

Fiskeri-interesser	<p>Det er registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet, men ikke innanfor akvakulturområdet. Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i aust (Hafskorholmen-Grimaneset), i vest (Skallen-Altanesflua) og i sør (Gjerdeviksflua-Bjåneset). I området med fortøyingar er det to fiskeplassar for aktive reiskap (Altanesflua i sørvest og Gjerdeviksflua/Bjåneset i sør).</p> <p>Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Eikelandsfjorden med prioritet A, B og C, nærmaste Blomvågen som er avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.</p>	<p>Akvakulturføremålet er ikkje i arealkonflikt med fiskeriinteresser. Fiskeplass for aktive reiskap vil kunne få redusert verdi med omsyn til endra fortøyingslinjer i fjordbassenget. Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plassar. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. På grunn av fortøyingssona er arealet vurdert til å ha liten negativ til ingen konsekvens for fiskeriinteresser.</p>	-/0																																		
Marine ressursar	Det er ikkje registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste oppvekstområdet er i vest på grensa til Os kommune (truleg beiteområdet/oppigspllass for blålange).	Ingen verknad	0																																		
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturreal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0																																		
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området.</p> <p>Dagens anlegg ligg i kvit lyssektor, det utvida arealet ligg også innanfor lyssektor kvit. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme nærmare farleia inn til Eikelandsosen (ca.115m nærmare enn dagens anlegg). I dag er det etablert tømmerkai i Eikelandsosen, elles er det ikkje større kaianlegg aust for arealet. Fusafoss kommune jobbar med ei ny lokalisering av tømmerkaien på Samnøy. I følgje statistikk frå Havbase er det ikkje omfattande skipstrafikk inn til Eikelandsosen:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>År</th> <th>Stykkgodsskip</th> <th>Passasjer</th> <th>Kjemikalie-/produkttanker</th> <th>Fiskefartøy</th> <th>Andre offshore serviceskip</th> <th>Andre aktivitetar</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2015</td> <td>~15</td> <td>~5</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>2016</td> <td>~45</td> <td>~5</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>2017</td> <td>~48</td> <td>~5</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>2018</td> <td>~18</td> <td>~2</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> </tr> </tbody> </table>	År	Stykkgodsskip	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar	2015	~15	~5	0	0	0	0	2016	~45	~5	0	0	0	0	2017	~48	~5	0	0	0	0	2018	~18	~2	0	0	0	0	0/-
År	Stykkgodsskip	Passasjer	Kjemikalie-/produkttanker	Fiskefartøy	Andre offshore serviceskip	Andre aktivitetar																															
2015	~15	~5	0	0	0	0																															
2016	~45	~5	0	0	0	0																															
2017	~48	~5	0	0	0	0																															
2018	~18	~2	0	0	0	0																															
Arealbruk på land/folkehelse	Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF, og det er ingen busetnad på Altaneset. Det er noko spreidd busetnad på sør-sida av Eikelandsfjorden som har utsyn til arealet. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er om lag som i dag, over 1,2km til nærmaste busetnad på sør-sida av Eikelandsfjorden. Dette er busetnad som allereie i dag har utsikt til akvakulturområdet. Arealutvidinga vil i mindre grad føre til auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens situasjon. Arealendringa		0																																		

	gjer at akvakulturanlegget kan flyttast noko lengre ut i fjorden og justerast noko. Eit større anlegg lengre ut i fjorden vil vera noko meir synleg og eksponert, men på grunn av avstandar, plansituasjon og situasjon med eksisterande lokalitet er det vurdert at endringa vil ha ingen konsekvens.	
Nærings-utvikling	Deler av dagens anlegg er i samsvar med kommuneplanen og dagens lokalisering er gitt som dispensasjon. At det vert avsett akvakulturføremål for heile arealet, samt moglegheit for justering og flytting gir føreseielege rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir betre moglegheit for varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Planen medverkar til å trygge arbeidsplassar.	++

Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet.

Anlegget på lokaliteten er av typen ringanlegg med 6 plastringar. Det er avsett nytt akvakulturføremål som gir rom for å justere og flytte anlegget. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er tilnærma likt som dagens anlegg. Arealet har mindre negative verknadar for nærliggjande verdiar og interesser.

Natur-mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk/folkehelse	Nærings-utvikling
0/-	0/-	0/-	0	-/0	0	0	0/-	0	++

4.1.12 Altaneset

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 1.177 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterende akvakulturlokalitet (samsvar med KPA)		
Planlagt arealbruk	Areal for akvakultur og ny sikringssone fortøyning Arealet er vesentleg redusert i total storlek. Arealendring er knytt til ei mindre utviding av akvakulturføremålet mot nordvest (ut i Ådlandsfjorden). Det utvida arealet er om lag 44 daa.		
Arealstorlek planlagt arealbruk	VA2 = 233 dekar Sikringssone fortøyning = 1700 dekar		
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA2 = maks. utnyttingsgrad BYA 40%		
Skildring av området	Arealet ligg i Ådlandsfjorden, på austsida av fjorden. Det er 1 eksisterende lokalitetskonsesjon på Altaneset med pt. MTB 2140. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for 6 plastringar.		
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 	Bilde av dagens anlegg

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet i sjø. Store deler av landområdet på Altaneset er	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ådlandsfjorden, samstundes opnar planen for ei	0/-

	registrert som gammal kystfuruskog, verdi lokalt viktig, og landområde på vestsida av Ådlandsfjorden er registrert som rik edellauvskog, svært viktig. Begge areala er vist med omsynssone for natur i gjeldande kommuneplan. Det er observert artar av nasjonal interesse på landsida vest for akvakulturføremålet (planteartar). I sjøområda sør for Solheim (Børøy) er brisling og sild registrert (rødlista og ansvarsart). Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Oselva i sørvest og Lønningelva i nordvest. I tillegg er Ålandselva med oppgang av anadrom fisk nord for området.	utviding i retning vest for eksisterende anlegg (44 daa). Området ligg i utløpet av Ådlandsfjorden. Det er registrert anadrom vassdrag i Ådlandsfjorden (Ålandselva). Det er eksisterende akvakulturverksemde på lokaliteten VA2. Naturtypene er tilknyttet landareala, og verksemd knytt til akvakultur vil ikke påverke levevilkåra eller økosistema desse er avhengige av. Ny plansituasjon er vurdert til å ha ingen til mindre negativ konsekvens for anadrom fisk.	
Friluftsliv	Akvakulturarealet og fortøyingsarealet er omfatta av regionale friluftsområdet Ådlandsfjorden- Altaneset med registrert verdi C. Verdiene er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar.	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ådlandsfjorden. Samstundes opnar planen for ei utviding i retning vest for eksisterende anlegg (44 daa). Arealutvidinga vil i liten grad medføre auka aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens plansituasjon.	0
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels brede fjordløp</i> , og er klassifisert til å ha middels verdi. Landskapet er karakterisert som ein lang og smal fjord med slake fjordsider, samanhengande og velhaldne jordbruksareal på vestsida, samt næringsareal. Ytre del av Altaneset er klassifisert som inngrepstilfrie område (INON) meir enn 1-3 km til tyngre tekniske inngrep.	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ådlandsfjorden. Arealendringa opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur) og noko større enn kommuneplanen (44 daa). Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som er avgrensande i høve til dagens kommuneplan. Arealutvidinga er i retning frå land og nytt anlegg vil verta noko meir eksponert enn dagens plansituasjon. Planendringa er av ubetydeleg omfang. Større akvakulturføremål vil ikke endre INON-klassifiseringa.	0
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Nærmeste ligg på vestsida av fjorden og ved Torvaneset, her er det også fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte. Området er klassifisert som kulturminnerik strandsone. Området er ikkje klassifisert som område med potensielle for kulturminne i sjø.	Det er etablert anlegg på lokaliteten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand.	0
Fiskeri-interesser	Det er ikkje registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet eller område for forøytingar. Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap sør for området i utløpet av Ådlandsfjorden (Skallen-Altanesflua). Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Ådlandsfjorden med prioritet A og C, nærmaste	Ingen verknad for registrerte fiskeplassar for aktive og passive reiskap.	0

	Breidvika som er avsett til kombinert akvakultur/fiskeri (KL) i gjeldande kommuneplan.		
Marine ressursar	Det er ikke registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste oppvekstområdet er i vest på grensa til Os kommune (truleg beiteområdet/oppigspllass for blålange), og eit gytefelt for torsk inst i fjorden ved (Ystaneset).	Ingen verknad	0
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturreal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0
Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Gjeldande akvakulturføremål ligg dels i kvit lyssektor, det utvida arealet ligg også innanfor lyssektor kvit. Dagens anlegg ligg i rød sektor. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kan komme ca. 100m nærmare farleia inn Ålandsfjorden. Nytt anlegg heilt ut til føremålsgrensa kan vera til hinder for ferdsel på sjø.		-
Arealbruk på land/ folkehelse	Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er ingen busetnad på Altaneset. Det er noko spreidd busetnad på vestsida av Ålandsfjorden som har utsyn til arealet. Avstand mellom busetnad og yttergrensene til akvakulturområdet er som i dag over 600m til nærmaste busetnad på vestsida av fjorden. Dette er busetnad som allereie i dag har utsikt til akvakulturområdet. Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ålandsfjorden, og samstundes opnar for at akvakulturanlegget kan flyttast lengre ut i fjorden og justerast noko. Eit større anlegg lengre ut i fjorden vil vera noko meir synleg og eksponert, men på grunn av avstandar, plansituasjon og situasjon med eksisterande lokalitet er det vurdert at konsekvens er avgrensa.		0
Nærings-utvikling	Utvida areal og fleksibilitet for arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsigte og varige løysningar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Arealet gir moglegheit for utnytte eksisterande løyve på lokaliteten og endre anlegget frå stålbur til plastringar. Planen medverkar å trygge arbeidsplassar.		++





Samla vurdering/tilråding:

Arealet er tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tilrådinga er basert på ønskje om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet, samt at endringa er av eit mindre omfang.

Arealet opnar for større anlegg ifht. dagens situasjon (anlegg av stålbur), og utvidar føremålet noko utanfor gjeldande kommuneplan (44 daa). Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål totalt i Ålandsfjorden. Storleik av anlegget er regulert ved bruk av maksimal BYA, noko som også er avgrensande i høve til dagens plansituasjon. Arealet har mindre negative verknadar for dei fleste nærliggjande verdiar og interesser.

Natur-mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/ folkehelse	Nærings-utvikling
0/-	0	0	0	0	0	0	-	0	++

4.1.13 Matland

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 1.177 daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag Eksisterande akvakulturlokalisitet er i samsvar med KPA. KDP endrar ikkje akvakulturføremålet	
Planlagt arealbruk	Ny sikringssone fortøyning Vidareføring av akvakulturføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	VA1 = 78 dekar Sikringssone fortøyning = 229 dekar	
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk	VA1 = maks. utnyttingsgrad BYA 70%	
Skildring av området	Arealet ligg inst i Ålandsfjorden, på austsida av fjorden. Det er 1 eksisterande lokalitetskonsesjon på Matland med pt. MTB 780, og produksjonen er knytt til stamfisk. I dag er anlegget av typen stålbur, og det er avsett areal for endring som gir rom for å justere og flytte anlegget.	
Eksist. Kplan		
		Bilde av dagens anlegg 

KU-tema	Skildring	Konsekvens	
Naturmangfold	Det er ikkje registrert marine naturtypar, naturtypar eller verna område på eller ved arealet i sjø. Det er observert artar av	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ålandsfjorden. VA1 er ikkje utvida utover dagens	0

	nasjonal interesse i sjøområde ved området; ærfugl og skjærpipeleire. I sjøområda sør for Solheim (Børøy) er brisling og sild registrert (rødlista og ansvarsart). Næraste anadrome vassdrag er Oselva i sørvest og Lønningelva i nordvest. I tillegg er Ålandselva med oppgang av anadrom fisk like nord for området.	kommuneplan for akvakulturføremål, men opnar for utviding av fortøyingsområde nordvest for eksisterande anlegg. Området ligg i indre del av Ålandsfjorden, der Ålandselva er eit registrert anadrom vassdrag. Det er eksisterande akvakulturverksemeld på lokalitet VA1.	
Friluftsliv	Akvakulturatealet og fortøyingsarealet er omfatta av det regionale friluftsområdet Ålandsfjorden- Altaneset med registrert verdi C. Verdiane er knytt til at området vert nytta til friluftsaktivitetar. Det er avsett areal til friluftsområde i sjø nord for arealet – Åland.	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ålandsfjorden. Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Utvida areal for fortøyinger vil ikkje ha verknad for friluftsliv, og fortøyingane vil ikkje vera til hinder for småbåtar eller friluftsområdet i nord/ i Ålandsfjorden.	0
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels brede fjordløp</i> , og er klassifisert til å ha middels verdi. Landskapet er karakterisert som ein lang og smal fjord med slake fjordsider, samanhengande og velhaldne jordbruksareal på vestsida, samt næringsareal. Ytre del av Altaneset er klassifisert som inngrepstilte områder (INON) meir enn 1-3 km til tyngre tekniske inngrep.	Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ålandsfjorden. Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyinger, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Utvida areal for fortøyinger vil ikkje ha landskapsverknad. INON-klassifiseringa vert ikkje endra av arealet.	0
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Nærmaste ligg på vestsida av fjorden og ved Torvaneset, der det er fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte. Området er klassifisert som kulturminnerik strandsone. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.	Det er etablert anlegg på lokalitetten i dag, og den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand.	0
Fiskeri-interesser	Det er ikkje registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet eller område for forøytingar. Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i sør for området i utløpet av Ålandsfjorden (Skallen-Altanesflua) Det er registrert fleire kast- og låssettingsplassar i Ålandsfjorden med prioritett A og C, nærmeste er Breidvika som er avsett til kombinert akvakultur/fiskeri (KL) i gjeldande kommuneplan.	Ingen verknad for registrerte fiskeplassar for aktive og passive reiskap. Like sør for eksisterande anlegg er det registrert låssettingsplass, Breidvika. Frå dagens anlegg på sjøoverflata til låssettingsplassen er det om lag 125 meter. Eksisterande kommuneplan opnar for akvakultur i eit større omfang enn i ny plan, og ein har i føresegndene lagt føring for at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. Dette sikrar låssettingsplassen betre enn dagens kommuneplan gjer.	0/+




Marine ressursar	Det er ikke registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste er eit gytefelt for torsk inst i fjorden ved (Ystaneset).	Ingen verknad	0
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturareal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.		0
Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikke registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Akvakulturføremålet VA1 går ikkje lengre ut i farleia enn eksisterande kommuneplan. Det er om lag 125 meter frå føremålslinja til VA1 og kystkonturen på Ålandsholmen. Ut frå dagens plansituasjon vurderer ein at VA1 ikkje vil ha verknad for skipstrafikk inn til Ålandsfjorden. Fortøyingslinjene/ankerfeste vil ligge på djupne som gjer at ferdsel i området ikkje vil verta hindra.		0
Arealbruk på land / folkehelse	Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er ingen busetnad på Altaneset. Det er noko busetnad nord for området, ved Åland, som har utsyn til arealet. Utvida areal for fortøyningar vil ikkje ha verknad for nærmiljø på land. Utvida areal for fortøyningar vil ikkje ha verknad for folkehelse med omsyn til aktivitet, lyssetting og lyd ifht. dagens kommuneplansituasjon. Arealendringa reduserer omfang av akvakulturføremål i Ålandsfjorden.		0
Nærings-utvikling	Arealendringa omfattar utvida moglegheit for fortøyningar, men ikkje endring av akvakulturføremålet. Avgrensing av fortøyningssonene gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten. Planen gir moglegheit for langsiktige og varige løysningar slik at selskapet kan å investera i lokaliteten. Planen medverkar å trygge arbeidsplassar.		++

Samla vurdering/tilråding:

Sikringssone for fortøyningar og eksisterande akvakulturområde VA1 er positivt tilrådd og er regulert i forslag til plankart. Tiltrådinga er basert på ønske om vidare næringsutvikling av eksisterande lokalitet, samt at endringa er av eit mindre omfang. Arealendringa (fortøyningssone) har få verknadar for dei nærliggjande verdiane og interessene.

Natur-mangfold	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skipstrafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Nærings-utvikling
0	0	0	0	0/+	0	0	0	0	++

4.1.14 Børøy nord 1 og 2

Gjeldande arealbruk	KPA Akvakultur (ca. 2742daa), samt bruk og vern av sjø og vassdrag. Farledslinje Ingen godkjent akvakulturlokalitet pt.	 <div style="border: 1px solid black; padding: 5px; margin-top: 10px;"> █ KPA 2015: Akvakulturfremål █ Ny akvakulturfremål/avgrensning (2018) █ Einbruk akvakultur █ Kombinert formål (akvakultur + fiskeferdsel) </div>	
Planlagt arealbruk	<p>Nytt areal for akvakultur og ny sikringssone fortøyning</p> <p>Det er to innspel om arealbruk til akvakultur i dette området og det er ikke aktuelt å regulere begge areala ut til akvakultur. Areala er difor sett i samanheng og opp mot kvarandre.</p>		
Arealstorlek planlagt arealbruk	Børøy 1 (i sør) 348 dekar Børøy 2 (i nord) 255 dekar Sikringssone fortøyning = 2175 dekar (innanfor Fusa kommune sine kommunegrense)		
Evt. spesielle føringer for ny arealbruk			
Skildring av området	Areala ligg på vestsida av Børøy i grensa mot Os og Samanger kommune. 1. Det er vurdert areal for plassering av anlegg som gir rom for MTB 3120 og 8 plastringar. 2. Det er vurdert areal for plassering av anlegg som gir rom for MTB 2140 og 5 plastringar.		
Eksist. Kplan		Framlegg til ny arealavgrensing 	
		Bilde av dagens anlegg/flyfoto 	

KU-tema	Skildring Børøy 1 (sør)	Skildring Børøy 2 (nord)	Konsekvens	
Naturmangfold	<p>Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar, eller verna område på eller ved arealet i sjø. Nærmaste marine naturtype er Eidsvågen, registrert som fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet. Det er observert artar av nasjonal interesse i sjøområde sør for området; brisling og sild registrert (rødlista og ansvarsart), samt elvemusling i Hopselva.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag registrert i databasar/rapport er Hopselva aust, Lønningsselva i sørvest (Os) og Tysseelva i nordaust (Samanger).</p>	<p>Det er ikke registrert marine naturtypar, naturtypar, eller verna område på eller ved arealet i sjø. Nærmaste marine naturtype er Eidsvågen, registrert som fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet. Det er observert artar av nasjonal interesse i sjøområde sør for området; brisling og sild registrert (rødlista og ansvarsart), samt elvemusling i Hopselva.</p> <p>Næraste anadrome vassdrag som er registrert i databasar/rapport er Hopselva aust, Lønningsselva i sørvest (Os) og Tysseelva i nordaust (Samanger).</p>	<p>Areala opnar for ny oppdrettsverksem i fjordsystemet. Oppdrettskonsentrasjonen er relativt lågt (<50 t/km² gj.snitt). Areala vil i mindre grad påverke marine naturtypar, naturtypar og nasjonale artsførekommstar.</p> <p>Areala vil ikke ha verknad på elvemusling i Hopselva.</p> <p>Areala skapar ny aktivitet tett på anadromt vassdrag (Hopselva) og i vandringsruta ut fjorden, i overkant av 1 km frå innløpet til Hopselva.</p> <p>Samnangerfjorden er ein relativt smal fjord, og vandrande anadrom fisk har stor sannsyn for å bli påverka av aktiviteten. Nytt anlegg i området vil potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring», og såleis auke spreieing av luselarvar til omgjevnadene.</p> <p>I følgje Havforskningsinstituttet sin rapport (nr. 8-2016) er det påvist påverknad av utslepp frå akvakultur til naturtypar opp til 1000-1500 meter frå anlegget. Det er risiko for at ny oppdrettsverksem i området vil ha negativ påverknad på naturtypen i Eidsvågen ved auka belastning av organisk materiale.</p>	Børøy1 -- Børøy2 --
Friluftsliv	<p>Akvakulturatealet og deler av fortøyingsarealet er omfatta av regionale friluftsområdet Børøya med registrert verdi C. Verdiane er knytt til strandsona.</p> <p>Det er lokalt nytt badeplassar ved vikane nord på Børøya.</p>	<p>Akvakulturatealet og deler av fortøyingsarealet er omfatta av regionale friluftsområdet Børøya med registrert verdi C. Verdiane er knytt til strandsona.</p> <p>Det er lokalt nytt badeplassar ved vikane nord på Børøya.</p>	<p>Begge arealet ligg innanfor regionale friluftsområde med verdiar knytt til sjø og strandsone.</p> <p>Børøy 1 ligg tett på lokalt nytt badeplassar på Børøya. Børøy 2 ligg om lag 1 km frå desse plassane.</p>	Børøy1 -- Børøy2 -/-

			Ny akvakulturverksemd i området vil medføre arealbeslag og ny aktivitet, lyssetting og lyd ift. dagens situasjon.	
Landskap	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels brede fjordløp</i> , og er klassifisert til å vera vanleg førekommande landskap. Landskapet er karakterisert som einsarta fjordløp med liten variasjon og arealbruk. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.	Akvakulturføremålet ligg innanfor landskapstype <i>middels brede fjordløp</i> , og er klassifisert til å vera vanleg førekommande landskap. Landskapet er karakterisert som einsarta fjordløp med liten variasjon og arealbruk. Det er ikkje klassifisert INON område i nærleiken av området.	Areala vil opne for relativt stort anlegg i eit område utan tiltak i sjø. Areala ligg eksponert til mot vest (Os/Samanger), men vil også vera godt synleg frå fleire hald.	Børøy1 -- Børøy2 --
Kulturminne	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Næraste ligg på vestsida av fjorden ved Rolfsvåg. Det er også fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte ved Rolfsvåg. Området er ikkje klassifisert som kulturminnerik strandsone. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.	Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området. Næraste ligg på vestsida av fjorden ved Rolfsvåg. Det er også fleire eldre bygningar, sefrak-registrerte ved Rolfsvåg. Området er ikkje klassifisert som kulturminnerik strandsone. Området er ikkje klassifisert som område med potensiale for kulturminne i sjø.	Den visuelle verknaden for kulturminne og eldre bygningsmiljø vert i mindre grad påverka med omsyn til avstand.	0
Fiskeri-interesser	Det er ikkje registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet eller område for fortøyinger. Det er informert om lokale fiskeplassar langs land på Børøy (sjøaure), samt i Klarasundet (lange og brosme). Det er registrert fleire kaste- og låssettingsplassar i fjordområdet og nærmaste er Kalven (prioritet A). Området er avsett til fiskeri (KL) i gjeldande kommuneplan.	Det er ikkje registrert område for aktive og passive reiskap nær akvakulturområdet eller område for fortøyinger. Det er informert om lokale fiskeplassar langs land på Børøy (sjøaure), samt i Klarasundet (lange og brosme). Det er registrert fleire kaste- og låssettingsplassar i fjordområdet og nærmaste er Kalven (prioritet A). Området er avsett til fiskeri (KL) i gjeldande kommuneplan.	Ingen offentleg registrerte fiskeplassar vil bli påverka av akvakulturområda. Dei lokale fiskeplassane ved Børøy og Klarasundet vil bli negativt påverka gjennom arealbruk til anlegg og fortøyinger (Børøy 1= areal + fortøying, Børøy 2= fortøying). Sikringssone fortøyning er tilpassa og ikkje i direkte arealkonflikt med KL-plass, men det er forventa at fortøyingslinje vil gå i området ved Klarasundet som er eitt av innløpa til KL Kalven. Føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar.	Børøy1 -- Børøy2 -

Marine ressursar	Det er ikkje registrert gytefelt nær arealet. Deler av arealet overlapper med beiteområde/oppigspllass for blålange. Området strekk seg langs grensa til Os kommune frå Gongvika i nord til Hattvik i sør.	Det er ikkje registrert oppvekstområde eller gytefelt i nærleiken av arealet. Nærmaste er eit beiteområde/oppigspllass for blålange sør for arealet. Fortøyingsarealet går inn i dette området.	Areala opnar for nye anlegg innanfor eller nær beiteområde/oppigspllass. Børøy 1 overlappar noko med det registrerte arealet. Føresegne gir at søknadar om endra fortøyingslinjer og ankerfeste skal vurderast i høve til kjent kunnskap og verknadar skal belysast for m.a. gytefelt/ gyteområde, oppvekstområde/ beiteområde.	Børøy1 - Børøy2 -
	Børøy 1 (sør)	Børøy 2 (nord)		
Forsvars-interesser	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturareal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.	Det er registrert skytefelt i Bjørnafjorden. Akvakulturareal og fortøyningssone er ikkje i direkte arealkonflikt med skytefeltet.	0	
Skipstrafikk og arealbruk	Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Det er noko avgrensa skipstrafikk inn Samnangerfjorden. Arealet er nytt grensar delvis til farleia, og kan medføre at båtar/skip som skal inn Samnangerfjorden må manøvrere seg forbi. Nytt anlegg heilt ut til føremålgrensa kan vera til hinder for ferdsel på sjø.	Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området. Det er noko avgrensa skipstrafikk inn Samnangerfjorden. Arealet er nytt og anlegget kan komme nære farleia (om lag 270m), og kan medføre at båtar/skip som skal inn Samnangerfjorden må manøvrere seg forbi. Nytt anlegg heilt ut til føremålgrensa kan vera til hinder for ferdsel på sjø.	Børøy1 -/- Børøy2 -	
Arealbruk på land/ folkehelse	Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er ingen busetnad på Børøya. Det er spreidd busetnad på vestsida av fjorden langs fv. 137 (Rølfsvåg m.fl.), som har utsyn til arealet. Ein stor del av busetnaden her har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Akvakulturanlegget kan komme om lag 750 m frå nærmaste busetnad ved Solbjørg/Hagen/ Træet i Samnanger kommune. Anlegget vil vera eit nytt element som vil medføre endra og auka aktivitet, lyssetting og lyd ift. dagens situasjon. Arealendringa kan gi negativ verknad og oppleving i nærmiljøet. Arealet opnar for ein ny lokalitet som vil vera synleg og eksponert frå busetnad.	Arealet på landsida er LNF. Området nærmast akvakulturområdet er avsett til LNF. Det er ingen busetnad på Børøya. Det er spreidd busetnad på vestsida av fjorden langs fv. 137 (Rølfsvåg m.fl.), som har utsyn til arealet. Ein stor del av busetnaden her har utsyn til fjorden og akvakulturområdet. Arealet opnar for ein ny lokalitet som vil vera synleg og eksponert frå busetnad. Akvakulturanlegget kan komme over 1 km frå nærmaste busetnad ved Rølfsvåg i Samnanger kommune. Anlegget vil vera eit nytt element som vil medføre endra og auka aktivitet, lyssetting og lyd ift. dagens situasjon. Arealendringa kan gi negativ verknad og oppleving i nærmiljøet.	Børøy1 - Børøy2 -	
Nærings-utvikling	Det er få «ledige» areal for nye anlegg i Fusafjord kommune som har tilstrekkeleg avstand frå andre matfiskanlegg/ akvakulturverksem. Etablering av eit nytt akvakulturområde gir moglegheit for langsigktige og	Det er få «ledige» areal for nye anlegg i Fusafjord kommune som har tilstrekkeleg avstand frå andre matfiskanlegg/ akvakulturverksem. Etablering av eit nytt akvakulturområde gir	++	

	strategiske løysingar for selskapet som etablerer seg på staden.	møglegheit for langsiktige og strategiske løysingar for selskapet som etablerer seg på staden.	
--	--	--	--

Samla vurdering/tilråding:

Arealet Børøy 1 er ikkje tilrådd og er såleis ikkje regulert i forslag til plankart. Arealet har ein positiv verknad knytt til næringsutvikling, men arealet har større negative konsekvensar for fleire nærliggjande verdiar og interesser. Det er vurdert avbøtande tiltak, som t.d. å justere arealet, og legge vilkår/krav til arealet, men desse er vurdert til å ikkje kompensere tilstrekkeleg for dei negative verknadane.

Natur-mangfald	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Nærings-utvikling
--	--	-/-	0	-/-	-	0	-/-	-	++

Arealet Børøy 2 er ikkje tilrådd og er såleis ikkje regulert i forslag til plankart. Arealet har ein positiv verknad knytt til næringsutvikling, men arealet har større negative konsekvensar for fleire nærliggjande verdiar og interesser. Det er vurdert avbøtande tiltak, som t.d. å justere arealet, og legge vilkår/krav til arealet, men desse er vurdert til å ikkje kompensere tilstrekkeleg for dei negative verknadane.

Natur-mangfald	Friluftsliv	Landskap	Kultur-minne	Fiskeri-interesser	Marine ressursar	Forsvars-interesser	Skips-trafikk og arealbruk	Arealbruk på land/folkehelse	Nærings-utvikling
--	-/-	-/-	0	-	-	0	-	-	++

4.2 Akvakulturareal som er teke ut av planen

AK område i Kommuneplan 2016	Arealstorleik	Nytt arealføremål	Grunngjeving for endring
Lygropollen nord	600 daa	Fiskeri - gytefelt	Natur- og friluftskvalitetar i Lygropollen. Ueigna naturgitte forhold for ytterlegare oppdrettsverksemd i pollen.
Engjavik, Sævareidfjorden	8,7 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Oppdrettstettleik i området og avstand til settefiskanlegg og matfiskanlegg. Vasskvalitet.
Vågsneset, Sævareidfjorden	31 daa	Fiskeri - gytefelt	Oppdrettstettleik i området og avstand til settefiskanlegg og matfiskanlegg. Vasskvalitet.
Sævareid, Sævareidfjorden	1 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Ny reguleringsplan for land og sjøområde ved Sævareid er under utarbeiding. Denne planen detaljerer arealbruken
Skåtavågen	63 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Avstand til matfiskanlegg. Busetnad i nærleiken.
Fureskjerene	112 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Avstand til matfiskanlegg. Busetnad i nærleiken.
Kvålsneset, Eikelandsfjorden	47 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Avstand til matfiskanlegg. Busetnad i nærleiken. Kulturminne i sjø. Oppdrettstettleik i området.
Helland, Eikelandsfjorden	138 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Busetnad i nærleiken. Oppdrettstettleik i området.
Solheim, Ådlandsfjorden	78 daa	Bruk- og vern av sjø og vassdrag	Oppdrettstettleik i området.
«Restareal kring eksisterande akvakulturføremål»			Tilpassing av ny utforming av akvakulturføremåla kring eksiterande verksemd og lokalitet.

4.3 Vidareføring av akvakulturareal

AK område i Kommuneplan 2016	Arealstorleik	Grunngjeving for vidareføring
Nystølvågen, Lygropollen	183 daa	Ein bruk akvakultur. Eksisterande verksemd og konsesjon. Arealet er tilstrekkeleg stort. Konkrete planar om endringar innanfor gjeldande kommuneplan sine avgrensingar.
Håvika, Sævareidfjorden	105 daa	Kombinert føremål. Vidareføring av areal som gir potensiale for ny teknologi som ikkje krev større djupne og gode straumforhold. Ein vurderer at arealet kan vera egnat for t.d. lukka teknologi.
Djupedalen, Eikelandsfjorden	153 daa	Ein bruk akvakultur. Eksisterande verksemd og konsesjon. Arealet er tilstrekkeleg stort. Konkrete planar om endringar innanfor gjeldande kommuneplan sine avgrensingar.
Lammaneset, Eikelandsfjorden	151 daa	Kombinert føremål. Vidareføring av buffer utanfor Bolaks sitt hovudkontor, og gir moglegheit for utprøving av ny teknologi.
Bogøy, Samangerfjorden	848 daa	Kombinert føremål. Vidareføring av deler av akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan. Arealet gir potensiale for ny teknologi som ikkje krev større djupne og gode straumforhold. Ein vurderer at arealet kan vera egnat for t.d. lukka teknologi. Arealet har kopling til nytt næringsområde på Samnøy.

5 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Det er gjennomført ROS-analyse for planframlegget. For utfyllande vurderinger vert det vist til konsekvensutgreiinga for enkeltareala og samla for heile planframlegget. Utgreiingane i konsekvensutgreiinga dekker i stor grad tilhøva som ein enkeltståande overordna ROS-analyse ville gjort.

Målsetjinga med ROS-analysen er å laga ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit som følgjer av enkelt areal og samla for heile planen. ROS-analysen skal identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. I denne ROS-analysen vert verknadar av framtidig endra arealbruk på omgjevnaden, og eksisterande verksemder eller naturgitte tilhøve som har påverkanad på planen sine nye tiltak, bli vurdert. Ein har avgrensa analysen til å sjå på verknad på og av akvakulturføremåla.

Akvakultur i sjø er omfatta av fleire sektorregelverk som sett krav både i søknad om drift og i driftsfasen. Det er krav om dokumentasjon i samband med søknadar og det vert sett krav i løyve for lokaliteten. Det er også krav om rutinar, planar, analysar og sertifisering, i tillegg til eit kontroll- og tilsynsregime som ser til at desse forholda vert følgt. Hendingar som vil vera naturleg å omtale i ROS-analysar etter pbl. er i mange tilfelle teke i vare gjennom sektorregelverk, samt rapportering, kontroll og tilsyn. I ROS-analysen føresett ein at regelverka og desse mekanismane tek i vare at drifta på lokalitetane er akseptable og innanfor regelverket. Planframlegget legg til grunn eksisterande bruk og løyper. På bakgrunn av forholda skildra ovanfor er hendingar som er knytt til driftsmessige tilhøve som utslepp av organisk stoff eller kjemikalium, rømming, lakselus og sjukdomssmitte til/frå produksjonen skildra i ROS-analysen for enkeltareala, men det er ikkje sett sannsyn eller konsekvens for desse forholda.

5.1 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også akseptkriteria til Fusa kommune.

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:


- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få

ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Akvakulturanlegg i sjø er ikkje klassifisert i TEK17, men anlegga skal godkjennast med anleggssertifikat som er i tråd med forskrift om krav til teknisk standard for flytande akvakulturanlegg (NYTEK-forskrifta) og Norsk standard Flytende oppdrettsanlegg - Krav til lokalitetsundersøkelse, risikoanalyse, utforming, dimensjonering, utførelse, montering og drift (NS 9415:2009). Det vert lagt til grunn at eksisterande og framtidige anlegg er etablert i tråd med forskrift og reglar.

I ROS-analysen vert sannsyn brukta som eit mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen er utført etter Fusa kommune sine akseptkriterier, vedteke i kommunestyret 25.09.2014. Desse akseptkriteria er lagt til grunn i ROS-analysen. Det er gjort ei tilpassing med omsyn til ny rettleiar frå DBS januar 2017, der m.a. konsekvensar for miljø er teke ut og erstatta med tryggleik/stabilitet.

KONSEKVENS	Menneske (liv og helse)	Stabilitet (tryggleik)	Materielle verdiar (eigedom)
K1 Ufarleg	Ingen personskade	Produksjonsstans under 1 veke	Små eller ingen skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade under 10.000 kr
K2 Ein viss fare	Få og små personskadar, korte sjukefråvær	Produksjonsstans under 3 veke	Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar under 100.000 kr
K3 Farleg	Få, men alvorlege personskadar. Mange indre personskadar (meir enn 10)	Produksjonsstans over 3 veke	Alvorleg skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa opp til 1.mill. kr
K4 Kritisk	Opp til 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde, og/eller opp til 10 evakuerte	Produksjonsstans i over 2 månader	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 10. mill. kr
K5 Katastrofalt	Meir enn 2 døde og/eller meir enn 5 alvorleg skadde og/eller meir enn 10 evakuerte	Produksjonsstans over 1 år	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar over 10.mill. kr.

Sannsynleg	Vekt	Definisjon
Usannsynleg	S1	Inntreff aldri eller sjeldnare enn kvart 5000 år
Lite sannsynleg	S2	Ei hending per 1000-5000 år
Noko sannsynleg	S3	Ei hending per 200-1000 år
Sannsynleg	S4	Ei hending per 20-200 år
Mykje sannsynleg	S5	Ei hending per 2-20 år
Svært sannsynleg	S6	Ei hending oftare enn kvart 2. år



5.2 Hendingar og risikoforhold

5.2.1 Naturbasert risiko

Risiko og sårbarheit				
Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Vurdering
	Liv og helse	Tryggleik/stabilitet	Materielle verdiar	
Naturbasert risiko				
Ekstremvær				
Sterk vind og høg vassstand	S5/K2	S5/K1	S5/K3	<p>Samla vurdering:</p> <p>Kwart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tote dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav i Akvakulturdriftsforskrifta (§ 12) for risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.</p> <ul style="list-style-type: none"> VA1: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar inst i fjorden VA2: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg noko ope og eksponert til med vindretninger frå vestsørvest og sørvest. VA3: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Fusafjorden i vest. VA4: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Fusafjorden i vest. VA5: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Fusafjorden i vest. VA6: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Fusafjorden i vest. VA7: Området ligg ope og eksponert for vindretninger frå sør til sørvest, og noko eksponert til frå vest til nord. VA8: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Bjørnafjorden i sør. VA9: Området ligg godt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar. VA10: Området ligg relativt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og eksponert til mot Bjørnafjorden og vindretning frå sør-vest-sørvest VA11: Området ligg relativt skjerma for sterk værpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot Bjørnafjorden og vindretning frå vest.

	<ul style="list-style-type: none"> VA12 og VKA7: Områda ligg skjerma for sterk vêrpåverknad frå dei fleste retningar, men ligg ope og noko eksponert til mot vindretning frå nord. Strandvik/Juvik: Området ligg relativt eksponert for sterk vêrpåverknad frå sør og vest. Børøy nord 1 og 2: Områda ligg relativt eksponert for sterk vêrpåverknad frå sør og vest.. 				
Ras og skred	<ul style="list-style-type: none"> <table border="1"> <tr> <td>S2/K2</td><td>S2/K1</td><td>S2/K3</td><td>Samla vurdering: I KDP er det avsett omsynssone skredfare (H310) for dei areala som ligg innanfor <i>Aktsomhetsområder</i>. Føresegn knytt til faresona H310 er oppdatert for å omfatte akvakulturområda med krav om fagleg vurdering av skredfaren.</td></tr> </table> <p>Dei fleste areala ligg utanfor <i>Aktsomhetsområder</i> for ras og skred (kjelde NVE). Areala som ligg innanfor <i>Aktsomhetsområder</i> er følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> VA2: I følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> er det ikkje registrert risiko for steinsprang på akvakulturområdet. Det registrert risiko for steinsprang på land søraust for akvakulturføremålet, og landsida på vestsida av fjorden. I gjeldande kommuneplan er områda i vest klassifisert som faresone for skred. Skredfaren vil ikkje ha verknad for fortøyningssona som overlappar med faresona. VA3: For deler av akvakulturføremålet og sikringssone fortøyningar er det i følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> registrert risiko for steinsprang (utløpsområde) i området nærmast land ved akvakulturføremålet. I gjeldande kommuneplan er ikkje området klassifisert som faresone for skred. VA4: Deler av akvakulturføremålet og sikringssone fortøyningar overlappar med faresone skred/ras, H310. I følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> er det registrert risiko for steinsprang (utløpsområde) i området nærmast land ved akvakulturføremålet. Faresone skred/ras H310 med tilhøyrande føringar er vidareført frå gjeldande kommuneplan. VA5: Deler av akvakulturføremålet og sikringssone fortøyningar overlappar med faresone skred/ras, H310. I følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> er det registrert risiko for steinsprang (utløpsområde) i området nærmast land ved akvakulturføremålet. Faresone skred/ras H310 med tilhøyrande føringar er vidareført frå gjeldande kommuneplan. VA9: Deler av akvakulturføremålet og sikringssone fortøyningar overlappar med faresone skred/ras, H310. I følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> er det registrert risiko for steinsprang (utløpsområde) i området nærmast land ved akvakulturføremålet. Faresone skred/ras H310 med tilhøyrande føringar er vidareført frå gjeldande kommuneplan. VA12 og VKA7: For deler av akvakulturføremålet og sikringssone fortøyningar er det i følgje <i>NVE Aktsomhetsområder</i> registrert risiko for steinsprang (utløpsområde) i området nærmast land ved akvakulturføremålet. I gjeldande kommuneplan er ikkje området klassifisert som faresone for skred. 	S2/K2	S2/K1	S2/K3	Samla vurdering: I KDP er det avsett omsynssone skredfare (H310) for dei areala som ligg innanfor <i>Aktsomhetsområder</i> . Føresegn knytt til faresona H310 er oppdatert for å omfatte akvakulturområda med krav om fagleg vurdering av skredfaren.
S2/K2	S2/K1	S2/K3	Samla vurdering: I KDP er det avsett omsynssone skredfare (H310) for dei areala som ligg innanfor <i>Aktsomhetsområder</i> . Føresegn knytt til faresona H310 er oppdatert for å omfatte akvakulturområda med krav om fagleg vurdering av skredfaren.		
Flaum	<table border="1"> <tr> <td></td><td></td><td></td><td>Samla vurdering: Ingen av areala ligg tett opp til større vassdrag.</td></tr> </table>				Samla vurdering: Ingen av areala ligg tett opp til større vassdrag.
			Samla vurdering: Ingen av areala ligg tett opp til større vassdrag.		

5.2.2 Verksemdbasert / infrastruktur risiko

Risiko og sårbarheit																																																																																																																		
Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Vurdering																																																																																																														
	Liv og helse	Tryggleik/stabilitet	Materielle verdiar	<ul style="list-style-type: none"> • Omtale, sårbarheitsvurdering, usikkerheit • Grunngjeving • Forslag til tiltak og oppfølging 																																																																																																														
Verksemdbasert / infrastruktur risiko																																																																																																																		
Brannfare	S3/K2	S3/K2	S3/K3	<p>Samla vurdering: Brann kan skje i fôrflåta og anlegget. Det er mindre fare for spreiing av brann utanfor sjølve anlegget.</p>																																																																																																														
Ulukke på sjøen	S3/K3	S3/K1	S3/K3	<p>Samla vurdering: Det er naudsynt med båttrafikk ut til anlegga. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget og uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget og generell fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnormen i § 2: "§ 2. (generell fartsbegrensning) <i>Fartøyen skal utvise forsiktighet og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforholdene, slik at det ikke ved bølgeslag eller på annen måte oppstår skade eller fare for skade på personer, herunder badende, andre fartøy, farvannets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivelsene for øvrig.</i>"</p>																																																																																																														
Utslepp • Forventa tilstand	<p>Samla vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generelt er sannsyn for utslepp er vurdert til å vera høg med bakgrunn i at dei fleste matfiskanlegga er av type ope merdssystem, medan konsekvensen er låg med omsyn til gjeldande lovverk med krav til undersøkingar, tilsyn og kontroll, samt historiske MOM-B undersøkingar har vist gode resultat. Det er krav om min. 2 månader brakklegging mellom kvart utsett. • Historisk /dagens situasjon, MOM-B undersøkingar: <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th></th><th>2009</th><th>2010</th><th>2011</th><th>2012</th><th>2013</th><th>2014</th><th>2015</th><th>2016</th><th>2017</th><th>2018</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Matland</td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td>1</td></tr> <tr> <td>Gjerdesfluvika</td><td>2</td><td></td><td>1</td><td></td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>1</td></tr> <tr> <td>Mjåneset</td><td>2</td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>1</td><td></td></tr> <tr> <td>Skiftesneset</td><td>1</td><td></td><td>3</td><td>2</td><td>1</td><td></td><td>3/1</td><td></td><td>2</td><td>1</td></tr> <tr> <td>Nystølvågen</td><td>2</td><td>2</td><td></td><td>1</td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>1</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Skrubbo</td><td></td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>1</td></tr> <tr> <td>Skåtholmen</td><td></td><td></td><td></td><td>1</td><td></td><td></td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>1</td></tr> <tr> <td>Fusavika</td><td>2</td><td>2</td><td>2</td><td>3</td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td>2</td></tr> <tr> <td>Djupedalen</td><td>1</td><td></td><td>2/1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>1</td><td></td><td>2</td><td></td></tr> </tbody> </table>					2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Matland	1		1		1		1		1	1	Gjerdesfluvika	2		1		2	2	2	2	2	1	Mjåneset	2	1		1		2	2	2	1		Skiftesneset	1		3	2	1		3/1		2	1	Nystølvågen	2	2		1	2	2	2	1			Skrubbo			1		1		2	2	2	1	Skåtholmen				1			2	2	2	1	Fusavika	2	2	2	3	1		1		1	2	Djupedalen	1		2/1		1		1		2	
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018																																																																																																								
Matland	1		1		1		1		1	1																																																																																																								
Gjerdesfluvika	2		1		2	2	2	2	2	1																																																																																																								
Mjåneset	2	1		1		2	2	2	1																																																																																																									
Skiftesneset	1		3	2	1		3/1		2	1																																																																																																								
Nystølvågen	2	2		1	2	2	2	1																																																																																																										
Skrubbo			1		1		2	2	2	1																																																																																																								
Skåtholmen				1			2	2	2	1																																																																																																								
Fusavika	2	2	2	3	1		1		1	2																																																																																																								
Djupedalen	1		2/1		1		1		2																																																																																																									

Oterstegdalen			3/2	1		2	1		1	2
Håvikvågen S	3	2	3	2	2	3/2	2	3	3	2
Lyngnes			1			2	2	1	2	2
Altaneset	2	2	2	2	2	2	3	1		3
1 = Meget god			3 = Dårlig							
2= God			4= Meget dårlig							

- VA1:** Sist MOM-B undersøking er fra 2018 og ut fra vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 1 = meget god. Alle prøvestasjonane hadde tilstand 1. Også tidlegare undersøkingar har hatt miljøtilstand 1 (2013, 2015 og 2017). Dei djupe "tersklane" inn mot Fusafjorden og Årlandsfjorden gjer at det truleg også her vil vere kontinuerleg god utskifting og gode oksygentilhøve ned til botnen, og den lokale resipienten i Årlandsfjorden vil såleis ha god resipientkapasitet.
- VA2:** MOM-B undersøking fra 2016 gav samla tilstand 1 = meget god. Undersøkinga viste at tilstanden varierte noko mellom stasjonane. Førre undersøking 2015 viste til tilstand 3 etter sju månadar med drift på lokaliteten, medan tidlegare granskinger har generelt hamna i tilstand 2 = "god", men har vore nær grensa til tilstand 3 ved maksimal produksjon. Denne granskinger hamna i tilstand 1, noko som syner at det var gode tilhøve på lokaliteten ved granskingsdagen. Ein trefte mykje fjellbotn. Lokaliteten var lite påverka på prøvetidspunktet, bortsett frå i nordre del som hadde dårligare tilhøve. Undersøkinga er gjennomført ved maks belastning på lokaliteten. Det vart i 2018 gjennomført ny MOM-B undersøking som viste tilstand 3= dårlig. Undersøkinga vart gjennomført i samband med maksimal belastning på lokaliteten. På grunn av funna i rapporten vart planlagt utslakting framskynda.
- VA3:** Sist MOM-B undersøking er fra 2018 og ut fra vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 2 = god. Undersøkinga viste at tilstanden varierte i stor grad mellom stasjonane, og den viste noko belasting i form av brunleg/sort misfarging på fire av tolv stasjonar og lukt på tre stasjonar. Det var funne gravande botndyr i ti av tolv stasjonar. Undersøkinga er gjennomført ved maks belastning på lokaliteten. Frå og med 2011 har MOM-B undersøkingane vist tilstand 1 eller 2 (meget god eller god).
- VA4:** Sist MOM-B undersøking er fra 2017 og ut fra vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 2 = god. Tidlegare undersøkingar fra 2011, 2013 og 2015 viser tilstand 1.
- VA5:** Sist MOM-B undersøking er fra 2017 og ut fra vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 1 = meget god. På tidspunktet for undersøkinga i 2017 hadde anlegget vore brakk i 6 månadar.
- VA6:** MOM-B undersøking fra 2017 har gitt samla tilstand 1 = meget god. Enkeltprøvane under anlegget viser noko ulik resultat, noko som har årsak i varierande botnforhold (hardbotn i aust og blautbotn i vest). Ny undersøking i 2018 viser samla tilstand 2 = god. Rapporten konkluderer med at Området ser ut til å vera eigna til å ta i mot organisk materiale frå oppdrettsverksemda.
- VA7:** Sist MOM-B undersøking er fra 2018 og ut fra vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 1 = meget god. Enkeltprøvane under anlegget viser noko ulik resultat frå 1-2. Det var lite synlege spor etter

	<p>oppdrettsverksemda i prøvane og det vart funne dyr på alle prøvestasjonane av hovudgruppa fleirbørstemark. Rapporten konkluderer med at undersøkinga i 2018 viser at lokaliteten har ein god rehabiliteringsevne ved brakklegging.</p> <ul style="list-style-type: none"> • VA8: MOM-B undersøking frå 2017 er ut frå vurderingskriteria i NS 9410 gitt samla tilstand 3 = dårleg. Resultata viser at lokaliteten er belasta av organisk tilførsel og at blanding av fjellbotn og groper med sediment gir eit variert resultat under ulike delar av anlegget. Rapporten konkluderer likevel med at lokaliteten ser ut til å handtere dagens produksjonsnivå, men belastninga ligg i grenseland rundt maksimal produksjon og at miljøet er avhengig av at lokaliteten vert brakklagt tilstrekkeleg til at den får rehabilitert seg godt mellom kvart utsett. Det er krav om min. 2 månader brakklegging mellom kvart utsett. Det vart gjennomført ny undersøking i 2018 som viser tilstand 2= god, noko som indikerer at lokaliteten har tatt seg godt inn igjen i brakkleggingsperioden. • VA9: MOM-B undersøking er frå 2017 og ut frå vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 1 = meget god. Enkelprøvane under anlegget viser noko ulik resultat, og frå år til år. Rapporten forklarar dette med at det kan indikere at det finst groper under anlegget der organisk materiale har lettare for å samle seg. I februar 2011 vart det gjennomført MOM C undersøking ved Mjåneset. Denne undersøkinga viste at området var lite påverka av anleggsdrifta og ev. belastning er lokal. • VA10: Sist MOM-B undersøking er frå 2018 og ut frå vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 1 = meget god. Enkelprøvar under anlegget viser noko ulik resultat frå 1-4 i historiske undersøkingar. Rapportane forklarar dette med at anlegget er plassert over ein bratt skråning og den tilsynelatende tilfeldige spreieninga av dårlege stasjonar kan indikere at botn er variabel og at dette kan medføre store variasjonar over korte avstandar. • VA11: Sist MOM-B undersøking er frå 2018 og ut frå vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt samla tilstand 2 = god. Enkelprøvane under anlegget viser noko ulik resultat frå 1-4, og rapporten forklarar dette med at det det kan sjå ut som det er mindre område med fordjupingar med liten utskifting og opphoping av organisk materiale over tid. Samtidig er det botnlevande organismar her som tek hand om materialet. Generelt er sannsyn for utslepp er vurdert til å vera høg med bakgrunn i at dei fleste matfiskanlegga er av type ope merdsystem, medan konsekvensen er låg med omsyn til gjeldande lovverk med krav til undersøkingar, tilsyn og kontroll, samt historiske MOM-B undersøkingar har vist gode resultat. • VA12 og VKA7: Sist MOM-B undersøking er frå juni 2018 og ut frå vurderingskriteria i NS 9410 er lokaliteten (dagens anlegg/produksjon) gitt tilstand 1 = meget god. Enkelprøvane under anlegget viser noko ulik resultat frå 1-3. Rapporten viser til at det verkar at anleggspllassringa toler belastninga godt, men at framtidige B-gransking før utsett og ved maksimal belastning vil gje eit tydlegare belastningsbilete av botntilhøve under anlegget. Planen opnar for endra type anlegg og større arealbeslag, samt to anlegg tett på kvarandre. Endring i høve til dagens situasjon må overvakast. • Strandvik/Juvik: Det er ikkje gjennomført MOM undersøkingar for området. Det er forventa ut frå generelt forhold at sannsyn for utslepp er høgt med bakgrunn i at dei fleste matfiskanlegga er av type ope merdsystem, og truleg at dette er aktuelt for denne lokaliteten. <p>Børøy nord 1 og 2: Det er ikkje gjennomført MOM undersøkingar for områda. Det er forventa ut frå generelt forhold at sannsyn for utslepp er høgt med bakgrunn i at dei fleste matfiskanlegga er av type ope merdsystem, og truleg at dette er aktuelt for desse lokalitetane.</p>
--	--

Sjukdomssmitte	<p>Samla vurdering:</p> <p>Det er potensiale for sjukdomssmitte frå produksjonen til både villfisk og andre matfiskanlegg i sjø. I konsesjonssøknad om produksjon på området vil desse forholda verta vurdert av fagmynde. Brønnbåtane er risikopunkt for smitteoverføring. Generelt er sannsyn for sjukdomssmitte er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg</p> <ul style="list-style-type: none"> • VA1: Akvakulturområdet ligg mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg Altaneset (MTB 2340). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegget og stamfiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei to lokalitetane i Ådlandsfjorden Altaneset og Matland. • VA2: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegga Aldalen og Matland, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg Oterstegdalen (MTB 2340). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegget og stamfiskanlegga. Det er felles driftsopplegg på dei to lokalitetane i Ådlandsfjorden Altaneset og Matland. Avstand settefiskanlegget i Lønningdal i Os kommune er like i underkant av 5 km i luftlinje. • VA3: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegget Aldalen og Matland, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegga, Gjerdeviksflua, Djupedalen og Altaneset (MTB 1560, 1560 og 2340). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegga. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Gjerdeviksflua, Djupedalen, og Oterstegdalen. • VA4: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegget Matland, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegga, Oterstegdalen og Gjerdeviksflua (MTB 2340 og 1560). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Gjerdeviksflua, Djupedalen og Oterstegdalen. • VA5: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegget Aldalen og Matland, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegga, Fusavika, Oterstegdalen og Djupedalen (MTB 3120, 2340 og 1560). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegga. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Gjerdeviksflua, Djupedalen og Oterstegdalen. • VA6: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegget Aldalen, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg, Gjerdeviksflua (MTB 1560). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei tre nærmaste lokalitetane Gjerdeviksflua, Djupedalen og Oterstegdalen. Avstand settefiskanlegget i Lønningdal i Os kommune er i overkant av lag 5 km i luftlinje. • VA7: Det er meir enn 5 og 2,5 km til nærmaste settefiskanlegg, stamfiskanlegg og matfiskanlegg. • VA8: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå settefiskanlegget i Sævareid, samt stamfiskanlegget Mjåneset, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg, Skrubbo (MTB 3120). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegget, medan det er andre aktørar i settefiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Skrubbo, Mjåneset og Håvikvågen. • VA9: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå settefiskanlegget i Sævareid, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg, Skrubbo og Håvikvågen (MTB 3120 og 2340). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga
-----------------------	--

	<p>og stamfiskanlegget, medan det er andre aktørar i settefiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Skrubbo, Mjåneset og Håvikvågen.</p> <ul style="list-style-type: none"> VA10: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå settefiskanlegget i Femangervågen og Sævareid, samt stamfiskanlegget Mjåneset, og mindre enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg, Håvikvågen (MTB 2340). Per i dag er det same aktør som er etablert i på matfiskanlegga og stamfiskanlegget, medan det er andre aktørar i settefiskanlegget. Det er felles driftsopplegg på dei tre lokalitetane Skrubbo, Mjåneset og Håvikvågen. VA11: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå settefiskanlegget i Femangervågen, og noko meir enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg, Skrubbo (MTB 3120). Per i dag er det same aktør som er etablert i Lyngsnes og Skrubbo, medan det er ulike aktørar på Lyngnes og Femangervågen, men det er ikkje sett krav til felles driftsopplegg. VA12 og VKA7: Akvakulturområda ligg innanfor 5km radius frå stamfiskanlegga i Nystølvågen. Per i dag er det same aktør som er etablert i Nystølvågen og Skiftesneset, men det er ikkje sett krav til felles driftsopplegg. Strandvik/Juvik: Det er meir enn 5 og 2,5 km til nærmaste settefiskanlegg, stamfiskanlegg og matfiskanlegg. <p>Børøy 1 og 2: Børøy 1: Akvakulturområdet ligg innanfor 5 km radius frå settefiskanlegget i Sagen. Det er meir enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg. Børøy 2: Akvakulturområdet ligg innanfor 5km radius frå settefiskanlegget i Sagen. Det er meir enn 2,5 km til nærmaste matfiskanlegg. Avstand settefiskanlegget i Lønningdalalen i Os kommune er like i overkant av 5 km i luftlinje.</p>
Lakselus	<ul style="list-style-type: none"> Generelt areal med eksisterande drift/konsesjon: Det er sannsynleg at større areal ikkje vil gje noko auke i mengda lakselus i anlegga sidan det er lagt begrensingar ved bruk av utnytting og dermed storleik på anlegga. Samtidig vil produksjon omfatte eit større areal og dermed gi noko auka risiko for påslag av lus på fisk i anlegget, som deretter sannsynlegvis vil ha internsmitte. Dette vil potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring», og dermed ein liten auke i produksjon av og spreiling av luselarvar til omgjevnadene. Strandvik/Juvik: Det er sannsynleg at eit nytt areal av type ope matfiskanlegg vil auke i mengda lakselus i fjordområdet sjølv om det er sett avgrensingar ved bruk av utnytting av arealet og dermed storleik på anlegget. Arealet vil truleg gi auka risiko for internsmitte mellom anlegga i fjordsystemet og for villfisk. Dette vil potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring», og dermed ei auke i produksjon av og spreiling av luselarvar til omgjevnadene. Børøy nord 1 og 2: Det er sannsynleg at eit nytt areal av type ope matfiskanlegg vil auke i mengda lakselus i fjordområdet sjølv om det er sett avgrensingar ved bruk av utnytting av arealet og dermed storleik på anlegget. Arealet vil truleg gi auka risiko for internsmitte mellom anlegga i fjordsystemet og for villfisk. Dette vil potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring», og dermed ei auke i produksjon av og spreiling av luselarvar til omgjevnadene. <p>Samla vurdering: Det er sannsynleg at større areal ikkje vil gje noko auke i mengda lakselus i anlegga sidan det er lagt begrensingar ved bruk av utnytting og dermed storleik på anlegga. Samtidig vil produksjon omfatte eit større areal og dermed gi noko auka risiko for påslag av lus på fisk i anlegget, som deretter sannsynlegvis vil ha internsmitte. Dette vil potensielt kunne gi fleire tilfelle av «luseoppblomstring», og dermed ein liten auke i produksjon av og spreiling av luselarvar til omgjevnadene. Det er redusert tal område og totalt areal avsett til akvakultur i planframlegget.</p>

Rømming frå produksjonen	Samla vurdering: Skadeførebyggande tiltak som finst i dag er regionalt beredskap og statleg tilsyn. NS 9415 og NYTEK forskrifta, sett krav til at internkontrollarbeidet skal omfatte kartlegging av farar, vurdere risiko, velje tiltak og utarbeide beredskapsplanar. Akvakulturdriftsforskrifta sett krav knytt til § 37 – plikt til å førebygge og begrense rømming. Generelt er sannsyn for rømming er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg.
---------------------------------	---

